

Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Aurland

Møtedato: 12.02.2010

Tid: 10:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 00 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden:

- 1000 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av møteprotokoll for 4. desember 2009
Ordførar Olav Ellingsen ønskjer velkomen til Aurland
- 1015 Handsaming av saker i regionrådet
- 1130 Orientering frå NHO Sogn og Fjordane
Global prosjektet – tilrettelegge for å auke sysellsettinga mellom fleirkulturelle personar med høgare utdanning
- 1215 Lunch
- 1300 framhald handsaming av saker

Sakliste

- | Saksnr. | Arkivsaksnr. |
|---------|--|
| | Tittel |
| 1/10 | 08/2635-3
Val av leiar for Sogn regionråd 2010 |
| 2/10 | 09/842-5
Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2010 og val av medlemmer til desse |
| 3/10 | 09/1179-5
Omstillingsmidlar til Njøs næringsutvikling AS |
| 4/10 | 09/2495-5
Sogn jord- og hagebruksskule - uttale til fylkeskommunen |

- 5/10** 09/921-4
Sats på skulen - snu Sogn - vidareføring med barnehageleiing 2010 - 2012
- 6/10** 10/230-2
Visit Sognefjord - Søknad om tilskot for 2010
- 7/10** 10/239-1
Orienteringssaker 12.02.2010

Sogndal 28.01.10

Jarle Aarvoll

Arthur Langeland
-dagleg leiar-

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 08/2635

Arkiv: 033 &85

Saksnr.:	Utval	Møtedato
27/08	Sogn regionråd	05.12.2008
1/10	Sogn regionråd	12.02.2010

Sak **1/10**

Val av leiar for Sogn regionråd 2010

Tilråding:

For 2010 vert

- - - - vald som leiar i rådet
- - - - vald som nestleiar i rådet.

Etter vedtektene § 3 skal leiar og nestleiar velgjast velgjast for kvart år.

Oversyn over leiarverva dei seinare åra:

Jarle Aarvoll, leiar for 2009, med Torodd Urnes som nestleiar.

Marta Finden Halset, Vik kommune har vore leiar i 2008

Torodd Urnes, Luster kommune har vore nestleiar i 2008

Olav Lunden, Leikanger kommune var leiar i 2006 og 2007.

Knut O. Aarehun, Lærdal kommune var leiar i 2004 og 2005.

Olav Wendelbo, Lærdal kommune var leiar i 2002 og 2003.

Oddbjørn Einan, Årdal kommune var leiar i 2001.

Jarle Skaartun, Sogndal kommune var leiar i 2000.

Ivar Bjarne Underdal, Aurland kommune var leiar i 1998 og 1999.

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 09/842

Arkiv: 036 &85

Saksnr.:	Utval	Møtedato
7/09	Sogn regionråd	24.04.2009
10/09	Sogn regionråd	12.06.2009
2/10	Sogn regionråd	12.02.2010

Sak 2/10

Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2010 og val av medlemmer til desse

Tilråding:

For 2010 skal Sogn regionråd ha desse arbeidsgruppene:

-
-
-

Representantar i gruppene er:

-
-

Vedlegg:


Retningslinjer for arbeidsgrupper
Saksframlegg val arbeidsgrupper 2009
Vedtak val arbeidsgrupper 2009

Saksutgreiing:

Det er i retningslinjene for arbeidsgruppene ikkje fastsett funksjonstid for gruppene. I 2009 vart endringar i gruppene diskutert jf kommentar i saksframlegget. Det vart ikkje gjort endringar. Det er frå arbeidsgruppene ikkje kome direkte meldingar med ønskje om endring i gruppene/oppgåvene til gruppene. Den vurdering rådet gjer av strategiplanen med dei aktuelle tiltaka for 2010 kan vere eit underlag for å drøfta kva grupper ein bør ha dette året.

Årdal har gått ut av rådet frå 2010. Det må difor uansett gjerast nyval i samferdselsgruppa og i RUP gruppa.

Det har vore vanleg at rådet og velgjer leiar i gruppene, sjølv om dette etter vedtektene § 1 kan gjerast av gruppa sjølv.



Framsida
Landskonferansen
Regionrådet
Vedtekter
Retningslinjer for arbeidsgrupper
Møte
Årsmeldingar
Rådmannsgruppa
Prosjekt
Sats på skulen - snu Sogn
Sekretariat
Pressemeldingar
Interkommunalt samarbeid

Postboks 153
6851 SOGNDAL
Tlf: 57 62 96 00
Faks: 57 62 96 01

E-post:
Dagleg leiar



Sognekart.no

Retningslinjer for arbeidsgrupper

Sogn regionråd vedtok i møtet 28.3.2008 retningslinjer for arbeidsgrupper.

1 Val og samansetnad

Sogn regionråd vel arbeidsgrupper blant medlemmane i rådet. Leiar av arbeidsgruppa kan bli vald av regionrådet eller av arbeidsgruppa.

2 Mynde

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innanfor sine saksområde. Arbeidsgruppene har ikkje vedtaksmynde. Arbeidsgruppene orienterer regionrådet om status for arbeidet og planane vidare.

3 Mandat

Arbeidsgruppene skal innanfor sine saksområde

- ta initiativ til tiltak og prosjekt som støyr opp om og utviklar tenesta i regionen
- førebu saker og gje tilråding til regionrådet
- påverka avgjerdstakarar i retning av avgjerder for å betra tilbodet i regionen
- gje fråsegn

Alle saker skal vera forankra og vedtekne i regionrådet før iverksetjing.

Hastesaker skal avklarast på epost til ordførarane med kopi til rådmennene. Medlemmane må få tilstrekkeleg frist til å svara. Dersom ein eller fleire av ordførarane har merknader til saka, har arbeidsgruppa ikkje høve til å iverksetja saka. Arbeidsgruppa har høve til å leggja saka fram i neste regionrådsmøte.

4 Økonomi

Arbeidsgrupper som har behov for eigne midlar for å utføra oppgåvene, kan få tilført midlar frå regionrådet for ei avgrensa periode og til definerte føremål.

5 Sekretariat

Dagleg leiar deltek i møta og er sekretær for arbeidsgruppene. Det skal førast referat frå møta. Dersom medlemmane i arbeidsgruppa har ulike standpunkt i møtet skal dette gå fram av referatet.

Sist endra av Karina Nerland, 24.04.2008

Utskriftsvennleg versjon - Abonner - Last ned Adobe reader

Aurland kommune
Balestrand kommune
Leikanger kommune
Luster kommune
Lærdal kommune
Sogndal kommune
Vik kommune
Årdal kommune

Saksframlegg

Sakshandsamar: Karina Nerland
Arkivsaksnr.: 09/842-1

Arkiv: 036 &85

Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2009

* Tiltråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksutgreiing:

Sogn regionråd har p.t. desse arbeidsgruppene:

- Flyplassgruppe
- Helsegruppe
- Reiselivsgruppe
- RUP-gruppe (regional utviklingsplan)

Representantane i arbeidsgruppene er:

Flyplassgruppe

Jarle Aarvoll, Sogndal kommune (leiar)
Olav Lunden, Leikanger kommune
Arild Ingar Lægreid, Årdal kommune

Helsegruppe

Arne Sanden, Lærdal kommune (leiar)
Torodd Urnes, Luster kommune
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune

Reiselivsgruppe

Einar Målsnes, Balestrand kommune (leiar)
Olav Ellingsen, Aurland kommune
Marta Finden Halset, Vik kommune

RUP-gruppe

Olav Ellingsen, Aurland kommune (leiar)
Arild Ingar Lægreid, Årdal kommune
Marta Finden Halset, Vik kommune
Jostein Aanestad frå rådmannsgruppa.

Arbeidsgruppene har valt leiar for si gruppe.

I framlegg til regionalplan om arbeidsformer, jf sak 5, heiter det at ordninga med arbeidsgrupper bidreg til å vitalisera det politiske arbeidet i regionrådet og bør vidareførast. Regionrådet bør vurderer jannleg, t.d. årleg, å oppretta og nedlegga arbeidsgruppar.

I framlegget til regionalplan er det også føreslått å utvida arbeidsområdet til flyplassgruppa til å bli ei samferdslegruppe.

Handsaming:

Jarle Aarvoll ba om å få gå ut av ei arbeidsgruppe. Arne Sanden kom med framlegg om at Olav Lunden vert med i helsegruppa.

Vedtak:

Representantar i helsegruppa er:

Olav Lunden, Leikanger kommune

Arne Sanden, Lærdal kommune

Torodd Urnes, Luster kommune

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 09/1179

Arkiv: 223 &33

Saksnr.:	Utval	Møtedato
11/09	Sogn regionråd	12.06.2009
3/10	Sogn regionråd	12.02.2010
Sak	3/10	

Omstillingsmidlar til Njøs næringsutvikling AS

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 200 000 av regionale omstillingsmidlar til Njøs næringsutvikling AS.

Vedlegg:

Søknad frå Njøs næringsutvikling AS dagsett 20.01.10
Saksutgreiing til sak 11/09

Saksutgreiing:

Det vert vist til sak 11/09 som gjev bakgrunnen for regionrådet sin støtte til Njøs. Vedtaket frå 2007 er formulert slik: ” –Sogn regionråd (er) **innstilt** på å delta i resten av omstillingsperioden.” Uthevinga er gjort her. Vedtak om støtte må då gjerast kvart år.

I budsjettet for 2010 er det sett av kr 200 000 til støtte til Njøs.



Njøs næringsutvikling
Nyskaping i frukt og bær

*sl. 2009 / belønning
journal
betykkelt 2010*

Sogn regionråd
Postboks 153

6851 Sogndal

Dykkar ref:

Vår ref.: 3/2010 SHH

Sted/Dato Leikanger 20.01.2010

Omstillingstilskot

Njøs næringsutvikling har hatt ei positiv utvikling sidan oppstarten i 2007, og dette er mykje takka vera den støtta som er gitt frå regionen. Sogn regionråd si støtte, som vart stadfesta i brev av 12.12.07 (dykkar referanse 06/1610-4), har hatt svært stor betydning under oppstarten av selskapet. I 2009 er det gjennomført investeringar i ulike typar utstyr, og det vert teke sikte på å få på plass fleire tilsette og meir utstyr i 2010. Pr. 31.12.09 var det 4 personar fast tilsette i selskapet.

Me ber om å få utbetalt kr. 200.000 i tilskot for 2010 i samsvar med dykkar vedtak om støtte. Tilskotet kan betalast inn på vår bank-konto 3705.11.96784.

Dersom Sogn regionråd ynskjer informasjon om utviklinga i selskapet i møte, eller å koma på vitjing på Njøs for å bli orientert om aktiviteten, er de velkomne til det!

Med helsing

Stein Harald Hjeltnes
(dagleg leiar)

Sak 4/09

Sogn regionråd den 12.6.2009

Vedtak:

Sogn regionråd løyver kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar til omstilling av Njøs Næringsutvikling AS i 2009.

Saksframlegg

Sakshandsamar: Karina Nerland
Arkivsaksnr.: 09/1179-2

Arkiv: 223 &33

Njøs næringsutvikling AS

* Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar til omstilling av Njøs Næringsutvikling AS i 2009.

Vedlegg:

Søknad frå Njøs Næringsutvikling av 2.4.2009

Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok i møtet 8. desember 2006 å bidra med kr 200 000 til Njøs Næringsutvikling AS i 2007:

"Sogn regionråd er positive til å vere med å bidra til omstilling ved forskingsstasjonen på Njøs. Sogn regionråd øymerker inntil kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar til dette tiltaket i 2007. Dersom finansiering elles går i orden er Sogn regionråd innstilt på å delta i resten av omstillingsperioden."

Bioforsk la ned forskingsstasjonen på Njøs og flytta aktiviteten til Ullensvang i 2007, medan Graminor heldt fram med sin aktivitet på Njøs. For å halda på aktiviteten og kompetansen på Njøs vart alternative løysingar vurderte. Det vart stifta eit nytt aksjeselskap den 29.8.2007. Selskapet sitt føremål er å driva med rådgjeving, produkt/marknadsutvikling og å leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt.

Saman med fleire andre bidreg Sogn regionråd med tilskot til selskapet i ein omstillingsfase. Føresetnaden er at nedtrappinga i dei offentlege bidraga vert kompensert med auka sal av tenester. Fylkeskommunen har vedteke å bidra med midlar i 5 år frå 2007. Njøs Næringsutvikling AS ber om å få utbetalt tilskot på kr 200 000 for å få dekka utgifter til diverse innkjøp av kontor/laboratorieutstyr, naudsynte administrasjonsoppgåver og til å skrive søknader for å få inn prosjektmidlar, jf vedlagde skriv.

I budsjettet for 2009 er det sett av kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar til Njøs Næringsutvikling. Administrasjonen si tilråding er å løyve kr 200 000 til Njøs Næringsutvikling i samsvar med føringane i vedtaket den 8.12.2006.

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 09/2495

Arkiv: A40

Saksnr.: Utval
4/10 Sogn regionråd

Møtedato
12.02.2010

Sak 4/10

Sogn jord- og hagebruksskule - uttale til fylkeskommunen

Tilråding:

Sogn regionråd legger stor vekt på den funksjon Sogn- jord og hagebruksskule har som regional utviklingsaktør i høve til dei utfordringar og perspektiv som er trekt opp i Sogn og Fjordane fylkeskommune sin utgreiing.

Sogn jord- og hagebruksskule har gode kvalitetar og god kompetanse som er viktig i eit samla regionalt utviklingsarbeid i dette fylket. Vidareutvikling av utdanningsretningar ved skulen kan og komplettera den vidaregåande opplæringa både i fylket og i landet.

Til dei konkrete spørsmåla stilt i fylkesrådmannen sitt notat vil rådet gje desse kommentarane:

- Oppretting av eit Vg1 kurs i Naturbruk vil styrkja Sogn- jord og hagebruksskule si rolle som regional utviklingsaktør.
- Eit tilbod om eittårig fagskuleutdanning i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane ved Sogn- jord og hagebruksskule er viktig for påbygging og etterutdanningsstudium særleg for dei som er i næringa.
- Sogn- jord og hagebruksskule må få tilført nok ressursar for å kunne driva eit aktiv og målretta prosjekt- og utviklingsarbeid i tida frametter.
- Sogn regionråd stør opp om fylkesrådmannen sine vurderingar om at det må utarbeidast ein heilskapsplan for å få fram både kva som er aktuelle tiltak for å få fram eit grunnlag for oppgradering av bygningsmassen på SJH med tanke på dei oppgåvene skulen er tenkt å oppfylle som. undervisning og kurs/konferansar.

Vedlegg:

Høyringsbrev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune motteke 15.12.09
Saksutgreiing til formannskapet og kommunestyret i Aurland februar 2009
VF notat nr. 13 2005
SFFK prosjektrapport oktober 2009

Saksutgreiing:

Sogn og fjordane fylkeskommune har sendt ut høyringsbrev om Sogn jord- og hagebruksskule (SJH) som regional utviklingsaktør. Fylkesrådmannen ønskjer innspel på dei fire aktuelle tiltaka for vidare utvikling av skulen.

Det var føresetnaden i orientering i rådet sitt møte 4. desember 2009 at sekretariatet sytte for at kommunane i rådet sine saksutgreiingar i denne saka vart lagt fram som underlag for rådet sin uttale til høyringa i februar 2010. Pr. dato for utsending til rådet er det Aurland kommune som har førebudd saka. Eg legg difor denne saksutgreiinga til grunn for utgreiinga her.

Saksutgreiinga frå rådmannen i Aurland kommenterer først dei fire punkta fylkesrådmannen ber om tilbakemelding på. Det er ikkje tilleggsmerknader til den utfyllande saksutgreiinga der det er tilvisingar til VF notat nr. 13 – 2005 som ligg ved og til Økoløftprosjektet som regionrådet tidlegare har slutta seg til.

Kommunane i rådet har alle eit monaleg stort innslag av landbruksverksemd og er kjend med dei utfordringar denne næringa har med å tilpasse seg utviklinga med til dels store omstillingar i produksjon og utvikling av andre/nye aktivitetar for å kunne driva vidare med dei ressursar gardane har. SJH har ei landslinestaus som økologisk landbruk og er særleg viktig å oppretthalda og utvikla i eit slikt perspektiv. Tiltrådinga i fire punkt byggjer godt opp om ei utvikling ved SJH som kan stø opp om arbeidet med desse utfordringane.

Tiltrådinga frå rådmannen i Aurland tek avslutningsvis opp i eit punkt 5 ei generell vurdering av spørsmål som ikkje kjem fram i høyringsfråsegna. Det kjem her fram svært interessante kommentarar og tankar frå det seminaret som vart halde ved skulen i august 2009.


SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Ar/saks.nr. 09/2495	Dok.nr. 4	Saksh. JHA
L.nr. 14410/09		
15 DES 2009		
Ark.kode P A40		
Ark.kode S		
Kassasjonsår:	Gradering: §	

Sakshandsamar:
Siri Merete Nedland
E-post: siri.nedland@sfj.no
Tlf: 57 65 62 11

Vår ref.
Sak nr.: 09/4355-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
28115/09

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 27.11.2009

Adresseliste

Høyring –

Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør

Innleiing

Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer med dette til høyring på ei utgreiing som gjeld den vidare utviklinga av Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør.

Bakgrunnen for høyringa er at fylkestinget i april 2010 skal handsame rapporten frå eit prosjekt, "Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør", som fylkestinget vedtok rammene for i 2005. Rapporten følgjer vedlagt.

Fylkesrådmannen ønskjer gjennom høyringa innspel på dei fire tiltaka som i konklusjonen i prosjektrapporten vert vurderte som naudsynte for å utvikle skulen vidare.

Det er i det følgjande gjort greie for bakgrunnen for saka og framlegga fylkesrådmannen ønskjer innspel på.

Fylkesrådmannen ber om at fråsegner vert merkte med saksnummer 09/4355 og sende til

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Opplæringsavdelinga

Askedalen 2

6863 Leikanger


eller på e-post til postmottak@sfj.no

seinast 19. februar 2010.

Historikk

Fylkesrådmannen la i desemberinget 2005 fram ei sak om status, framtidsutsikter og moglege vegval for Sogn jord- og hagebruksskule. På bakgrunn av denne gjorde fylkestinget gjorde i sak 46/05 følgjande vedtak i 7 punkt:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal på vegne av Sogn Jord- og hagebruksskule utarbeide søknad til Utdanningsdepartementet om godkjenning av forsøk som landskule på Vg2- og



Vg3-nivået i Naturbruk frå 2007. Søknaden skal leggje vekt på eit tilbod i økologisk landbruk, og synleggjere ambisjonen om å vere i front nasjonalt innanfor økologi og miljø.

2. Det skal våren 2006 utarbeidast eit funksjonsprogram for Sogn Jord- og hagebruksskule med føremål å synleggjere konkrete behov skulen har for bygningsmessige tilpassingar (funksjonar/ areal) for å gi eit fullverdig tilbod som landslina med vekt på økologisk landbruk.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjer opp intensjons-/ opsjonsavtalen om å kjøpe Norske Fjordkjøkken As i Aurland. Dette er innarbeidd i framlegget til Budsjett 2006/Økonomiplan 2006-09.

4. Fylkeskommunen og skulen må tidleg i 2006 ta initiativet til ein tett dialog med sentrale styringsmakter (utdanningsdepartementet og andre statlege organ) for å få dei til å medverke i finansieringa av utbetringstiltak, bygningsmessig tilpassing og nybygg ved Sogn Jord- og hagebruksskule. Det må også arbeidast for å betra driftsrammene til landslina.

5. Det omsøkte Vg1-tilbodet i Naturbruk, med nemninga Natur- og kulturbasert verdiskaping, vert ikkje lyst ut for skuleåret 2006-07.

6. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 0.25 mill. kr. årlig i perioden 2006-08 til å opprette 50% stilling som prosjektleiar for å marknadsføre og konkretisere skulen si rolle som lokal- og regional utviklingsaktør. Dette er innarbeidd i framlegget til Budsjett 2006/Økonomiplan 2006-09.

7. Det skal gjennomførast ei evaluering av Sogn Jord- og hagebruksskule med særleg vekt på utviklarrolla ved utgangen av inneverande fylkesplanperiode.

Tidlegare utgreiing om skulen

Vestlandsforskning leverte 10.11.05 (VF-notat 13/2005)¹ etter oppdrag ein rapport om utviklingsmogelegheitene til skulen.

Vestlandsforskning konkluderte mellom anna slik i sitt notat til fylkestingssaka i 2005:

Vestlandsforskning syner i rapporten til ei rekke utviklingsmogelegheiter for skulen. I tillegg er det peikt på tre sentrale føresetnader for at skulen skal kunne spile rolla som regional utviklingsaktør: den strategiske rolla, kompetansobygging og fysisk tilrettelegging

For å utvikle den strategiske rolla må fylkeskommunen etter Vestlandsforskning si vurdering meiske ut ein visjon for kva ein vil utrette med fagmiljøet på skulen. Kompetansobygging på skulen vil krevje nokre større faglege ressurser enn det SJH rår over i dag. Den fysiske tilrettelegginga omfattar bygningsmessig og underveisutrustingsarbeid.

Fylkesplanen er det sentrale instrumentet for realisering av rolla som utviklingsaktør. Planen sine satsingsområde innanfor småskala næringar, lokalsamfunnsutvikling og bruk/vern har mange tematiske tangeringspunkt med den faglege profilen og kompetansen til SJH.

Gjennom dei siste tiåra har skulen bygd opp kompetanse og utvikla opplæringsstilbod på økologisk landbruk, småskala foredling/omsetning og grønt entreprenørskap. Skulen har vist evne til fornying og har fått tildelt nasjonale funksjonar på sine fagområde. Det har resultert i landslina for økologisk landbruk og Kompetansenavet for småskala matproduksjon.

....

I tråd med utvidinga av det økologiske perspektivet har skulen utvikla ein visjon om eit nasjonalt kompetansesenter for økologisk verdiskaping. Denne tanken har også blitt støtta frå fylkeskommunen. Som del av denne visjonen ser skulen trong for å utvikle eit vidaregåande opplæringsstilbod i natur- og kulturbasert verdiskaping. Med eit slikt grep vil skulen utvikle og løfte kompetansen sin vidare inn i reiselivssektoren.

¹ <http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=12&articleid=1120>

Dersom skulen får rammevilkår for å realisere ei slik nyskaping vil det kunne gi bidrag til utviklingsrolla innanfor fylkesplanen sine satsingar på tenesteyting og nye næringar (reiseliv). Ein føresetnad er at skulen styrkar relasjonane til ein del lokale og regionale aktørar.

Fylkeskommunen si utviklingsrolle og skulen sin fagprofil har ein felles utviklingsretning. Skulen spelar i dag ei rolle for fylkeskommunen som utviklingsaktør, trass i at samhandlinga mellom skulen og fylkesplanarbeidet ikkje er godt utvikla. Ved betre samhandling mellom skulen og utviklingsrolla i sentraladministrasjonen kan ein realisere det unytta potensialet skulen har for fylkeskommunen. Eit større fokus på tverrsektoriell koordinering mellom opplærings-, regional- og kulturavdelinga i fylkesplanarbeidet kan også bidra her.

.....
Det er eit gap mellom dei nasjonale ambisjonane om nasjonalt kompetansesenter for økologisk verdiskaping og den lokale/regionale rekrutteringa som eit grunnkurs i naturbruk vil ha. Oppretting av eit grunnkurs bør derfor vere eit første steg i den gradvise kompetanseoppbygginga som må finne stad ved SJH dersom den overordna visjonen skal la seg realisere. Samsvar vert det først ved å utvikle eit hellskapleg vidaregåande opplæringstilbod som inkluderer Vg2 og Vg3. For å realisere dette bør det stillast til rådvelde midlar for å utvikle kompetansen ved skulen og det faglege innhaldet i eit slikt fullverdig opplæringstilbod. Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune vil prioritere å vere i den nasjonale fronten når det gjeld kunnskapsutvikling og -formidling innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping retta mot reiselivet, er det grunn til å utvikle og realisere eit slikt tilbod ved SJH.

Prosjektrapport oktober 2009

I projektrapporten trekkjer prosjektleiar følgjande konklusjonar:

1. SJH er ein viktig lokal- og regional utviklingsaktør i dag. SJH har pr. i dag over 20 ulike partnerar innanfor landbruk, forskning, undervisning, matforedling, forvaltning og reiseliv.
2. SJH er viktig for regionalt næringsliv, som utviklar og kunnskapsformidlar. SJH er også viktig før busetjinga i regionen, gjennom at den trekkjer til seg folk som vert buande; både som arbeidsplass og ved at ein del tilreisande elevar vert att i regionen etterpå. Aktiviteten til skulen genererer også nasjonal og internasjonal interesse og samarbeidspartnarar.
3. Det største utviklingspotensialet ligg i å vere ein utviklingsaktør også for ungdom frå eigen region. Det kan ein ikkje seie skulen er i dag, då skulen rekrutterar så godt som ingen elevar frå grunnskulen i eigen region. Tilbakemeldingar frå elevar i grunnskulen, rådgjevarar og kommunane peikar klart på manglande tilbod på Vg1 som årsaka til det.
4. Prosjekt- og utviklingsarbeidet er omfattande og etterspurt, men til dels lite systematisert. Prosjekt må også avvisast fordi ein ikkje har kapasitet til å jobbe fram søknader til finansiering.
5. Grunna den uvisse framtida til skulen og den økonomiske stoda har investeringane vore minimale over lengre tid, både når det gjeld bygningsmasse og utstyr. Dette gjer at SJH på fleire områder slit med å få gjennomført ei tidsmessig undervisning, og sjølv drifta vert dyr med store reparasjons- og vedlikehaldskostnader.

Prosjektleiar oppsummerer følgjande 4 punkt som naudsynte tiltak for å utvikle skulen vidare:

1. Det vert oppretta eit kurs i Vg1 naturbruk, *Natur- og kulturbasert verdiskaping*. Dette er det viktigaste tiltaket som kan gjerast for at ungdom skal få eit reelt tilbod innanfor naturbruksutdanning i eigen region, og med det potensialet det medfører for næringsutvikling og busetjing knytta til landbruksseigedomar i regionen.
2. Det vert jobba fram eit eittårig fagskuletilbod i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Dette er eit tilbod etterspurt av Noregs Bondelag, og er tenkt å vere eit spesialisert tilbod til dei som har vidaregåande utdanning frå før.
3. SJH får tilført ressursar for å drive meir målretta prosjekt- og utviklingsarbeid mot næringslivet. Det er ei rivande utvikling innanfor natur- og kulturbasert næringsliv i regionen, og kompetansen frå SJH er ettertrakta her. Når no prosjektet vert avslutta foreslår ein å forlengje deler av dette arbeidet med å opprette ein stilling som utviklingskoordinator i 100% i ein 3-års periode. 50 % av denne stillinga bør kunne

finansierast ved at skulen får tilført ressursar for arbeidslivskontakt til liks med dei andre vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

4. Det er utarbeidd ein funksjonsplan for bygningsmassen på skulen. Deler av denne planen bør førerast raskast mogeleg for å gje skulen bygningsmasse som gjer det mogleg å gjennomføre undervising og kurs på ein forsvarleg måte. Vidare bør det gjerast ein full gjennomgang av utstyrsparcken og få oppgradert denne og fjerna færlig utstyr.

Fylkesrådmannen sine merknader til framlegga:

1. Oppretting av Vg1 Naturbruk ved Sogn- jord og hagebruksskule

Skulen har i dag landslinje i økologisk landbruk, Vg2 og Vg3. I samband med utplassering frå grunnskulane i regionen i faget Utdanningsval er det kome signal om at regionen treng eit slik tilbod til ungdommen. Oppmodingane i frå kommunane i regionen er knytt til at dette vert sett som starten på ein utdanningsveg som kan gje grunnlag for sysselsetjing i naturbaserte næringar.

Mo og Jølster- og Måløy vidaregåande skule tilbyr i dag Vg1 Naturbruk. Sogn Jord- og Hagebruksskule ynskjer å tilby Vg1 Naturbruk med vekt på Natur- og kulturbasert verdiskaping. Det er fylkesdirektøren si vurdering at eit slikt tilbod kunne føre til at fleire tek utdanning i naturbruk. Dei vidaregåande skulane som tilbyr naturbruksutdanning må kunne arbeide i lag for å utvikle eit best mogleg felles tilbod og utfylle kvarandre. Når det gjeld vegen vidare etter Vg1 Naturbruk kan elevane gå vidare til Vg2 og Vg3 på den same skulen. Det vil truleg også vere med på å auke rekrutteringa til landslinjetilbodet ved skulen.

Eit eventuelt nytt opplæringsstilbod i Vg1 Naturbruk på Sogn jord- og hagebruksskule må lysast ut før ein veit kor mange som reelt ønskjer det. Dersom eit nytt tilbod skal gjevast innanfor eksisterande rammer må vurderingane om igangsetjing følgje vanleg saksgang i samband med vedtak om opplæringsstilbodet i fylket.

Ut frå eit ideelt prinsipp bør elevane sine ønskje avgjere kva utdanningsprogram som vert starta opp. Det er likevel ikkje mogeleg å gje elevane tilbod innan alle utdanningsprogram ved alle skulane innanfor den vedtekne skulestrukturen. Elevtalsutviklinga i Sogn og Fjordane går i negativ retning, og det vert 300 færre elevar frå grunnskulen i 2018 samanlikna med 2010. Dette får konsekvensar for opplæringsstilbodet i fylket samla sett.

2. Etablering av eittårig fagskuleutdanning i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane

Utgreiinga av eit slikt tilbod er alt sett i gang. Når konklusjonane ligg føre vil ein forankre og formalisere det vidare arbeidet gjennom fagskulen i Sogn og Fjordane mot formell godkjenning i *Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen, NOKUT*.

3. Tilføring av ressursar for å drive eit meir målretta prosjekt- og utviklingsarbeid

Ei vurdering av å tilføre skulen ressursar til dette må sjåast i samanheng med Forvaltningsreforma og oppgåver knytte til Verdiskapingsprogrammet for landbruket (Matprogrammet og Kompetanseutviklingsprogrammet).

Det er i prosjektrapporten gjort greie for på kva område og i kva omfang skulen i dag tilbyr kurs og kompetanseutvikling til ulike samarbeidspartar og brukargrupper. Fylkesrådmannen ber høyringsinstansane vurdere eigne behov i høve både eksisterande tilbod/kompetanse ved skulen og utvikling av nye, individuelt tilpassa tilbod.

Fylkesrådmannen ønsker på dette punktet i tillegg å utfordre lokale og regionale samarbeidspartar i høve finansiering av prosjekt- og utviklingsarbeid som kan vidareutvikle skulen som regional utviklingsaktør.

4. Rehabilitering av bygningsmassen

Fylkesutvalet vedtok i sak 0096/09 Revidert investeringsplan for 2010.2013 . Der heiter det m.a.:

” Sogn jord- og hagebruksskule - funksjonsprogram

Skulen har utarbeidd funksjonsprogram etter initiativ frå bygge- og eigedomssjefen. Skulen har i dag dårlege undervisningstilhøve i bygningar som ikkje er godt nok tilpassa føremålet.

Hovudutval for opplæring har i samband med handsaming av funksjonsprogram for skulen vedteke at det skal utarbeidast ein heilskapleg plan for utvikling av bygningsmassen og infrastrukturen på eigedomen. I funksjonsprogrammet er det skissert netto nytt areal mellom 1575-1600 m2. Normalt bruttoareal vil utgjere om lag 1900 m2 til ein kostnad på om lag 45-48 mill. kr..

Fylkesrådmannen sine kommentarar:

Heilskapsplanen må utarbeidast for å få fram kostnadene for utvikling av skuleområdet. Gjennomføring av utbyggingsplanen må vurderast ved hovudrevisjon i 2011.

.....

Sogn jord- og hagebruksskule - Fjøsbygning


Noverande fjøs vart teke i bruk i 1994. Etter den tid er føresegnene knytt til dyrehald endra, slik at det no er påbod om lausdrift for storfe. Dette inneber at geitene må ut av fjøset. Skulen har samarbeid med Norsk Geitesenter som ønskjer å etablere seg på skulen sin eigedom. Geitene skal då flyttast over i ny driftsbygning som geitesenteret skal bygge.

Fylkesrådmannen sine kommentarar:

Det ligg ikkje føre kostnadsvurderingar av ei slik ombygging. Arbeidet med dette må utgreiast før 2011.”

Med helsing


Bekka Skaasheim
fylkesdirektør


Siri Merete Nedland
fagkoordinator

Vedlegg:

Prosjektrapporten

Rapport frå Vestlandsforsking

Høyringsinstansar:

Dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane
Kommunane i Sogn og Fjordane
Fagskulen i Sogn og Fjordane
Innovasjon Norge
Fylkesmannen, landbruksavdelinga
Distriktssenteret, avd Sogndal
Norges Bondelag
Sogn og Fjordane Bondelag
Norsk Bonde- og småbrukarlag
Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag
OIKOS (fellesorganisasjon for økologisk produksjon og forbruk)
Norsk Landbruksrådgiving
Økoringen Vest
Arbeidstakarorganisasjonane
Aurland natur og kulturarv (ANKA)
Aurland Naturverkstad
Bioforsk økologisk, 6630 Tingvoll
Nærøyfjorden verdsarvpark
Njøs næringsutvikling AS/Graminor Njøs
Universitetet for Miljø- og Biovitenskap, seksjon for lærarutdanning



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/10	Formannskapet	03.02.2010
004/10	Omsorg - oppvekst og kultur	04.02.2010
	Kommunestyret	18.02.2010

Saksansvarleg: Haakon Skjerdal

Arkivsaknr.:
09/1402-3

Arkiv
K2-A40, K3-&13

Sakshandsamar
Haakon Skjerdal, 57 63 29 71

Dato
22.01.2010

Høyring - Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør

Kort samandrag

I brev datert 27.11.2009, inviterer Sogn og Fjordane fylkeskommune til høyring på ei utgreiing som gjeld den vidare utviklinga av Sogn jord- og hagebruksskule (SJH) som regional utviklingsaktør.

I april 2010 skal fylkestinget handsama rapporten frå eit prosjekt; "Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør", som fylkestinget bestilte i 2005. Prosjektrapporten vart levert i oktober 2009, og det er særleg dei fire punkta som er konklusjonen i denne fylkeskommunen v/ rådmannen ber om tilbakemelding på.

Rådmannen kjem med framlegg til høyringsfråsegn i eit vedlegg til denne saka.

Rådmannen si tilråding:

Framlegget til høyringsfråsegn som ligg ved denne saka, vert å senda Sogn og Fjordane fylkeskommune som Aurland kommune si fråsegn i høve høyringsbrevet *Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør*.

Vedlegg:

Vedlegg:

J.dato	Tittel
19.01.2010	Høyring - Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

VF-notat nr.13/2005

Prosjektrapport Oktober 2009

Saksutgreiing

Jf. vedlagt framlegg til høyringsfråsegn

Økonomiske konsekvensar

Ingen.

Vurdering

Jf. vedlagt framlegg til høyringsfråsegn.

Vedlegg til saka:

Til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ Opplæringsavdelinga
Askedalen 2
6863 Leikanger

NOTAT

Arkivsaknr.:
09/1402-2

Arkiv
K2-A40, K3-&13

Sakshandsamar
Haakon Skjerdal, 57 63 29 71

Dato
19.01.2010

Høyring - Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør

Kort om bakgrunnen for høyringa

I brev datert 27.11.2009, inviterer Sogn og Fjordane fylkeskommune til høyring på ei utgreiing som gjeld den vidare utviklinga av Sogn jord- og hagebruksskule (SJH) som regional utviklingsaktør.

I april 2010 skal fylkestinget handsama rapporten frå eit prosjekt; ”Sogn jord- og hagebruksskule som regional utviklingsaktør”, som fylkestinget bestilte i 2005. Prosjektrapporten vart levert i oktober 2009, og det er særleg dei fire punkta som er konklusjonen i denne fylkeskommunen v/ rådmannen ber om tilbakemelding på.

4 punkt for vidare utvikling av SJH

1. Det vert oppretta eit kurs i Vg1 naturbruk, *Natur- og kulturbasert verdiskaping*. Dette er det viktigaste tiltaket som kan gjerast for at ungdom skal få eit reelt tilbod innanfor naturbruksutdanning i eigen region, og med det potensialet det medfører for næringsutvikling og busetjing knytta til landbrukseigedomar i regionen.
2. Det vert jobba fram eit eittårig fagskuletilbod i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Dette er eit tilbod etterspurt av Noregs Bondelag, og er tenkt å vere eit spesialisert tilbod til dei som har vidaregåande utdanning frå før.
3. SJH får tilført ressursar for å drive meir målretta prosjekt- og utviklingsarbeid mot næringslivet. Det er ei rivande utvikling innanfor natur- og kulturbasert næringsliv i regionen, og kompetansen frå SJH er ettertrakta her. Når no prosjektet vert avslutta foreslår ein å forlenge deler av dette arbeidet med å opprette ein stilling som utviklingskoordinator i 100% i ein 3-års periode. 50 % av denne stillinga bør kunne finansierast ved at skulen får tilført ressursar for arbeidslivskontakt til liks med dei andre vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

4. Det er utarbeidd ein funksjonsplan for bygningsmassen på skulen. Deler av denne planen bør forserast raskast mogeleg for å gje skulen bygningsmasse som gjer det mogleg å gjennomføre undervising og kurs på ein forsvarleg måte. Vidare bør det gjerast ein full gjennomgang av utstyrsparken og få oppgradert denne og fjerna farleg utstyr.

Aurland kommune sine merknader til dei 4 punkta

1. Oppretting av Vg1 Naturbruk ved Sogn- jord og hagebruksskule

I prosjektrapporten vert dette vurdert til å vera *det viktigaste tiltaket som kan gjerast for at ungdom skal få eit reelt tilbod innanfor naturbruksutdanning i eigen region, og med det potensialet det medfører for næringsutvikling og busetjing knytta til landbrukseigedomar i regionen.*

Aurland kommune meiner:

I høyringsbrevet frå fylkesrådmannen vert det m.a. referert til ei vurdering som Vestlandsforskning la fram for fylkesrådmannen i 2005. Oppdraget gjekk på å vurdere korleis skulen kan fungere som reiskap for Sogn og Fjordane fylkeskommune i deira rolle som utviklingsaktør (VF-notat nr.13/2005). Aurland kommune stiller seg bak dei vurderingane som kjem fram i rapporten.

Vestlandsforskning ser i si utgreiing på skulen som reiskap for å fremje næringsutvikling og verdiskaping i fylket, og vurderer skulen si verksemd ikkje berre opp imot utdanningsstrategi, men også mot den overordna strategien, Fylkesplanen for Sogn og Fjordane. Ut frå dette perspektivet finn Vestlandsforskning at verksemda og kompetansen som skulen har, i stor grad fell saman med satsingsområde i fylkesplanen.

Vestlandsforskning vurderer også i kva grad eit vidaregåande tilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping passar inn i fylkeskommunen sine mål og strategiar for opplæring. Her konkluderer utgreiinga med at eit slikt opplæringstilbod har potensial til å bidra positivt til å oppfylle fleire av hovudstrategiane i utdanningsprogrammet til fylkeskommunen. Samtundes blir det også peikt på viktige føresetnader for at skulen i større grad skal kunne både ta og fylla rolla som utviklingsaktør. Slik Vestlandsforskning vurderer det, må skulen *innlemmast i fylkeskommunen sine strategiar på området, med planar for styrking av både fagkompetanse og fysisk tilrettelegging.* Vurderinga inneber ei sterkare satsing på jord- og hagebruksskulen, men også med tydelege krav (Trude Risnes, Kompetansenteret for distriktsutvikling, 2009).

Sidan VF-notat 13/2005 vart lagt fram, har behovet for ei naturbruksutdanning i eigen region vorte endå tydelegare. Ein viktig del av dette er knytt opp mot ei god forvaltning av verdsarveområdet, men like mykje er det snakk om å få på plass eit utdanningstilbod som tek småskala bygdenæringar på alvor, og som såleis legg til rette for næringsutvikling og busetjing knytta til landbrukseigedomar i regionen.

I høyringsbrevet vert det slege fast at elevtalsutviklinga i Sogn og Fjordane er negativ, og det er dessverre sant. Etter prognosane vert det 300 færre elevar frå grunnskulen i 2018 samanlikna med 2010. Spørsmålet blir då i kor stor grad dette skal påverke den vidaregåande skulestrukturen i fylket. Sjølv sagt vil det verta ei utfordring å gje elevane tilbod innan alle utdanningsprogram ved alle skulane innanfor den vedtekne skulestrukturen, men dette må for all del ikkje basere seg på reint budsjettmessige vurderingar, der me fryktar at svaret gjev seg sjølv; ei sentralisering av skuletilbodet. Då bør ein heller vurdere meir og målretta samarbeid om fagtilbodet mellom dei ulike skulane, og sterkare spesialisering basert på eigenart og kompetansemessige fortrinn.

Konklusjon 1:

Aurland kommune rår sterkt til at det vert oppretta eit Vg1 Naturbruk ved Sogn- jord og hagebruksskule.

2. Etablering av eittårig fagskuleutdanning i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane

Aurland kommune meiner:

Kommunen/ regionen si vurdering av dette: Eit spesialisert tilbod til dei som har vidaregåande utdanning frå før tykkjest vera ein framtidretta og aktuell tanke. Dette kan vera eit tilbod både for dei som har halde på ei stund, og som treng tilbod om etterutdanning for naudsynt og ønskjeleg fornying av eigne driftsopplegg, og for dei som ønskjer å prøva ut nye yrkesval.

Ressurssenteret ved SJH har både kompetanse og eit nettverk som maktar å skreddarsy utdanningsopplegg, gjerne på bestilling frå brukarane.

Konklusjon 2:

Aurland kommune er positiv til at det vert etablert eit tilbod om eittårig fagskuleutdanning i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane ved Sogn- jord og hagebruksskule.

3. Tilføring av ressursar for å drive eit meir målretta prosjekt- og utviklingsarbeid

Aurland kommune meiner:

I det 2-årige prosjektet "Økoløft i kommuner", i regi av Landbruks- og matdepartementet (gjennom SLF) og Kommunal- og regionaldepartementet, er Aurland kommune ein av 52 økoløftkommunar i landet (Balestrand er den andre i fylket som deltek). Prosjektet vårt har tittelen "Økoløft Indre Sogn", der Sogn regionråd har sagt at dette skal vera lokomotivet i "økoløftinga av Indre Sogn.

Aurland kommune har knytt seg opp mot ressurssenteret på SJH for både prosjektkoordinering av prosjektet, og som tilretteleggjar med tanke på kompetanseutvikling. I denne samanhengen registrerer ein at skulen spelar ei stadig viktigare rolle både som kompetansemiljø for lokale verksemder knytt til reiseliv og verdsarvforvaltning, og som ein viktig føresetnad for etablering av andre relaterte kunnskapsmiljø, som Aurland Naturverkstad og Kompetansenav Vest.

Me registrerer såleis at Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) alt har ei viktig rolle som regional utviklingsaktør, som inspirator og samarbeidspartnar for dei som driv innan landbruk og tilgrensande bygdenæringar. Det må leggjast til rette for at SJH kan halda fram med å vera ei sterk og førande drivkraft for utvikling og gjennomføring av økologisk landbruk!

Konklusjon 3:

Aurland kommune tilrår sterk at Sogn- jord og hagebruksskule vert tilført ressursar frå fylkeskommunen for å kunne drive eit endå meir målretta prosjekt- og utviklingsarbeid enn det dei gjer i dag.

4. Rehabilitering av bygningsmassen

Aurland kommune meiner:

Ei ganske omfattande rehabilitering av bygningsmassen er ein viktig føresetnad for ei vidare drift ved skulen. Dette gjeld sjølvsaft driftsbygningar, som må tilpassast gjeldande reglar og føresegner på området, men òg i høg grad opphaldsrom av ymse slag. Det er t.d. ei utfordring å gjennomføre undervisning, kurs og konferansar i gamle rom utan skikkeleg ventilasjon.

Konklusjon 4: Aurland kommune registrerer at ein stor del av bygningsmassen på SJH er lite tenleg med tanke på dei oppgåvene skulen er tenkt å oppfylle, m.a. undervisning og

kurs/konferansar. Kommunen stor fylkesrådmannen i at det må utarbeidast ein heilskapsplan for å få fram både kva som er aktuelle tiltak (i den grad ei slik oversikt ikkje alt finst), og kostnader knytt til dette.

Når det gjeld framdriftsplan, må ei vurdering av heilskapsplanen i samband med hovudrevisjon 2011 ha som målsetjing at tiltaka vert starta opp i budsjettåret 2012.

5. Generell vurdering som ikkje kjem fram i høyringsfråsegna

Aurland kommune meiner:

Fredag 28. august inviterte SJH til seminar på rådhuset i Aurland, der overskrifta var *Sogn Jord- og Hagebruksskule – ein regional utviklingsaktør*. Gjennom innlegg og debatt drøfta lokale og regionale samarbeidspartar spørsmålet *Kva kan skulen tilby ungdom av kunnskap om bygd og landbruk, og korleis vere ein best mogeleg partner og utviklingsaktør for kommunane i regionen?* Bakgrunnen for seminaret var det utgreiingsarbeidet som skulen gjer i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, og som denne høyringa i stor grad byggjer på.

I ein blogg på heimesida til Kompetansesenteret for distriktsutvikling ([kdu](#)), refererer Trude Risnes det som etter hennar og Aurland kommune si mening var den viktigaste budskapen på seminaret:

I debatten og innlegga ...kunne ein ane også frustrasjon, eller undring, over at skulen si rolle og framtid framleis er til diskusjon. Og det sier gjerne også noko om utfordringa som Sogn jord- og hagebruksskule har: Denne "annleis-skulen" inst i Sogn, med landslinestatus innanfor økologisk landbruk, som rekrutterer nær alle sine elevar utanfrå fylkes- og landegrensene, og som utan tvil er ein stor ressurs lokalt. - Klarer skulen å sjå seg sjølv, også i eit fylkesperspektiv? Vil skulen klare å "selje seg inn" hjå resten av Sogn og fylket elles? Er skulen villig til å gå i takt med, ev. under, eit fylkeskommunalt regime?

Satse på "det annleise"?

Og motsett: Når fylkeskommunen, ut frå satsingsområde og næringslivsbehov, skal bestemme seg for kva som er riktig innretning og nivå på opplæringstilbodet i fylket; klarer politikarar og administrasjon å sjå kva Sogn jord- og hagebruksskule sitt bidrag kan vere i ein regional samanheng, også utover utdanningsområdet? Vil fylkeskommunen vurdere betydninga skulen har lokalt, som ein regional verdi? Torer fylkespolitikarar og byråkratar å satse på det som skulen representerer av verdifull "annleisheit"?

Nyskaping og "lokale galningar"

Litt tilbake til seminaret: Hovudinnleiar og forskar Dag Jørund Lønning, snakka der om forskning på innovasjonskultur og bygdeutvikling. Lønning løfta fram betydninga av "annleisheit" for nyskaping og innovasjon og diskuterte skulen si rolle som utviklingsaktør ut frå desse perspektiva. Innovasjonsforskninga peiker på den kreative krafta som heilt sentral i all nyskaping, og Lønning var oppteken av at bygder og småstader må evne å opne opp for "det annleise". "Vi må ta vare på dei lokale galningane – dei som ikkje tek etablerte sanningar for gitt – som tek i bruk "allmenne ressursar" og skaper noko nytt", sa Lønning. Samstundes peikte han på at denne dynamikken må fangast opp i strukturar eller regionale system som har evna til å vidareforedle den kreative krafta.

Sogn jord- og hagebruksskule - ein regional struktur?

Om hagebruksskulen som utviklingsaktør meinte Lønning at skulen framleis bør halde fram som ein spesiell skule, men balansere det opp mot forståinga av det å bu i og vere del av eit

bygdesamfunn. Regionar som dyrkar stadens og regionens kulturelle identitet lukkast betre, sa Lønning, og viste til nasjonal og internasjonal innovasjonsforskning.


Spørsmål: Kan jord- hagebruksskulen vere ein slik regional struktur for "lokal galskap" og innovasjonskraft, innanfor fylkeskommunale rammer og satsingsområde?

Ser fylkeskommunen skulen som eit verktøy også i nyskapingssamanheng?

I dette nyutnemnde føregansfylket for økologisk frukt- og bær dyrking, forvaltar av unike kultur- og naturlandskap, med reisemål innan grensene sine som fleire gonger er kåra til verdas beste, og med reiseliv- og opplevingsnæring som viktig del av næringsstrategien med dei utfordringane, men også mulegheitene som Sogn og Fjordane har – kva rolle spelar kompetansmiljøet ved Sogn jord- og hagebruksskule?

Konklusjon 5: Aurland kommune meiner at fylkeskommunen i større grad må satse på det særneige ved SJH, og utnytte det positive her til å få fram nye tankar og idear om korleis regionalt utviklingsarbeid kan drivast både med tanke på å snu den negative folketalsutviklinga i fylket, og for å førebyggje fråfall i den vidaregåande opplæringa generelt.

Haakon Skjerdal
seniorrådgjevar



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF-notat nr. 13/2005

Utgreiing om Sogn jord- og hagebruksskule

Kyrre Groven og Eivind Brendehaug

VF Notat

Tittel Utgreiing om Sogn jord- og hagebruksskule	Notat nr. 13/2005
	Dato 10.11.05
	Gradering Open
Prosjekttittel Utgreiing om Sogn jord- og hagebruksskule	Tal sider 36
	Prosjektnr 6013
Forskarar Kyrre Groven og Eivind Brendehaug	Prosjektansvarleg Kyrre Groven
Oppdragsgjevar Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Fylkesrådmannen	Emneord Vidaregåande opplæring, reiseliv, landbruk
Samandrag Utgreiinga er ei vurdering av korleis Sogn jord- og hagebruksskule (SJH) kan fungere som reiskap for Sogn og Fjordane fylkeskommune i deira rolle som regional utviklingsaktør. Med utgangspunkt i søknad frå SJH til fylkeskommunen om oppretting av nytt Vg1 Naturbruk natur- og kulturbasert verdiskaping vert det også vurdert om det er trong for eit slikt vidaregåande opplæringstilbod, om det skisserte tilbodet møter eit eventuelt behov og i kva grad eit slikt vidaregåande opplæringstilbod står opp om fylkeskommunen sine mål og strategiar for opplæring.	
Andre publikasjonar frå prosjektet	
ISSN: 0804-8835	Pris 100,-

Forord

Denne utgreiinga er utført på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Bakgrunnen for oppdraget er at Fylkestinget skal handsame den framtidige organiseringa for drifta ved Sogn jord- og hagebruksskule og ta stilling til kva rolle skulen skal spele i høve til fylkeskommunen som lokal og regional utviklingsaktør.

I tråd med mandatet, som slår fast at ”utgreiinga bør leggje vekt på å ta føre seg potensialet som ligg i å utvikle spisskompetanse innanfor t.d. såkalla småskalaproduksjon (...)”, vil vi peike på at dette arbeidet er lagt opp som ein *mulighetsstudie* for SJH.

Fylkesrådmannen har sett ned ei referansegruppe som vi har hatt to møte med i løpet av prosjektperioden. Deltakarane i referansegruppa har vore Ole Inge Gjerald (Opplæringsavdelinga), Trond Sundby (Regionalavdelinga), Trond Ueland (Kulturavdelinga), Olav Arnar Bø (Sogn jord- og hagebruksskule) og Ivar-Bjarne Undredal (Kompetansenavet). På eitt av møta var også Christian Rekkedal (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) med. I tillegg har vi intervjuet ei rekkje personar – takk til alle som på denne måten har bidratt!

Sogndal, 10.11.05

Kyrre Groven
prosjektleder

Innhald

Forord	3
Innhald.....	4
1. Innleiing	5
2. Problemstillingar	6
3. Regional utviklingsaktør	7
Utviklingsaktørrolla	7
Formidling og kunnskapsutvikling ved SJH.....	7
Internasjonale kontaktar og prosjekt	10
SJH og samarbeidspartane lokalt	11
Forventningane til SJH som utviklingsaktør frå fylkeskommunen si side.....	12
4. Gjennomgang av søknad om nytt Vg1 Naturbruk Natur- og kulturbasert verdiskaping .	18
Om søknaden.....	18
Samarbeid om vidaregåande opplæring i Årdal, Lærdal og Aurland	21
5. Drøfting / konklusjon	22
Problemstilling 1: Korleis kan SJH fungere som reiskap for fylkeskommunen i deira rolle som regional utviklingsaktør?	22
Problemstilling 2: Er det trong for etablering av eit vidaregåande opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping?.....	27
Problemstilling 3: I kva grad møter det skisserte grunnkurstilbodet dei behova som eventuelt finst på dette feltet?.....	29
Problemstilling 4: Kan eit vidaregåande opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping passast inn i fylkeskommunen sine mål og strategiar for opplæring?.....	30
Konklusjon	34
Referansar.....	36

1. Innleiing

Bakgrunn

Fylkesrådmannen har gitt Vestlandsforskning i oppdrag å vere bidragsytar til ei utgreiing om Sogn jord- og hagebruksskule (SJH) i samband med at han skal leggje fram ei sak om status og framtidsutsikter for SJH for Fylkestinget i desember 2005. Bakgrunnen for at saka kjem opp er særleg den usikre situasjonen rundt skulen sin status som landsline for økologisk landbruk, ei uvisse som har prega skulen gjennom mange år. I tillegg har SJH hatt store driftsproblem fordi dei statlege overføringane til landslinene ikkje har blitt indeksregulerte på fleire år. Sogn jord- og hagebruksskule og Sogn og Fjordane fylkeskommune som skuleeigar har hatt grunn til å tru at landslineordninga kunne bli lagt ned i samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2006. I 2004 sette Fylkestinget såleis av ein buffer på i første omgang 5 mill. kr for å kunne gi eit forsvarleg tilbod til elevane som starta ved SJH hausten 2004 og for å sikre ei forsvarleg avvikling av skulen. I eit notat av 23.09.05 som fastset mandatet for utgreiinga står det:

Fylkesrådmannen meiner drift av landslinetilboda står ved eit vegskilje. Dette omfattar både framtidig statleg finansiering og plass i nye læreplanar gjennom reforma Kunnskapsløftet. I framlegget til nye læreplanar som følgje av reforma er økologisk landbruk førebels teke ut som eige programfag på Vg2 (no VKI) samt på Vg3 (no VKII). Grunnlaget for verksemda ved Sogn jord- og hagebruksskule er såleis truga på nytt, og no på ein meir grunnleggande måte.

Sogn jord- og hagebruksskule har søkt om å få opprette nytt fylkeskommunalt finansiert Vg1 Naturbruk – Natur- og kulturbasert verdiskaping (brev av 05.09.05 til Sogn og Fjordane fylkeskommune, opplæringsavdelinga). Dette dannar også ein del av bakgrunnen for utgreiinga. Søknaden skal handsamast av Fylkestinget i desember 2005 som ein del av saka om status og framtidsutsikter for Sogn jord- og hagebruksskule.

Mandatet

Mandatet for utgreiinga er fastsett i notat frå fylkesdirektøren for opplæring til fylkesrådmannen, dagsett 23.09.05. Det opprinnelege mandatet inneheld seks punkt. I brev av 07.10.05 frå Vestlandsforskning til fylkesrådmannen har vi avgrensa vårt tilbod til å gjelde to av desse punkta (nr. 3 første avsnitt og nr. 5) ut frå ei vurdering av kva delar av utgreiinga fylkeskommunen og skulen sjølv hadde best føresetnader for å utføre, og på kva punkt Vestlandsforskning kunne bidra konstruktivt.

Vi siterer frå mandatet for utgreiinga, og tar med dei to punkta som gjeld mandatet til Vestlandsforskning:

Den overordna målsetjinga med utgreiinga er å gi fylkestinget eit tilstrekkeleg grunnlag til å vedta ei framtidig organisering for drifta ved skulen.

Fylkestinget skal vidare, med bakgrunn i utgreiinga, ta stilling til kva for rolle skulen skal spele i høve fylkeskommunen si rolle som lokal og regional utviklingsaktør.

Fylkesrådmannen gir følgjande mandat for utgreiinga: (...)

1. Sogn jord- og hagebruksskule har søkt om å få opprette eit ordinært fylkeskommunalt tilbod (ikkje landslinjetilbod) innanfor Vg1 Naturbruk frå hausten 2006. Kurset har ei eiga definert innretning, og går under nemninga Natur- og kulturbasert verdiskaping. Søknaden om eit Vg1-

tilbod skal vurderast i fylkestingssaka, og såleis i utgreiinga, og ikkje i hovudutvalet si sak om det ordinære opplæringsstilbodet for skuleåret 2006-07. (...)

5. Utgreiinga skal synleggjere korleis skulen kan vere ein reiskap for fylkeskommunen i høve å fylle rolla som lokal- og regional utviklingsaktør. Utgreiinga bør leggje vekt på å ta føre seg potensialet som ligg i å utvikle spisskompetanse innanfor t.d. såkalla småskalaproduksjon, der kombinasjonen tradisjonsmat, landskapsopplevingar samt bygde- og næringsutvikling kan vere sentrale element. Her vil det vere viktig å ta utgangspunkt i natur- og kulturgrunlaget i regionen, og å sjå skulen si rolle i eit heilskapleg lokalsamfunnsutviklingsperspektiv.

På dette punktet er det særskilt viktig å vurdere nærare Sogn jord- og hagebruksskule si rolle som regional utviklingsaktør m.a. i samarbeid med Kompetansenav Vest. (...)

Andre føresetnader for arbeidet

Etter at mandatet for utgreiinga vart utforma har det kome nye og positive signal frå statleg hald når det gjeld vidareføring av landslineordninga. 07.10.05 la Bondevik II-regjeringa fram sitt framlegg til statsbudsjett for 2006, der midlar til drift av landslinene *ikkje* var foreslått stroke (i motsetning til tidlegare år). Vidare la Ap, SV og Sp fram si regjeringserklæring (Soria Moria-erklæringa) 13.10.05, der dei slo fast at "Regjeringen vil sikre landslinjene stabil og langsiktig statlig finansiering".

Sjølv om landslineordninga såleis ser ut til å vere sikra – i det minste nokre år framover – er det framleis uklart om økologisk landbruk vil ha ein plass innanfor den nye programstrukturen som Kunnskapsløftet vil føre med seg. Fleire aktørar har engasjert seg vis a vis Læreplannemnda, Faglig råd for naturbruk og Utdanningsdirektoratet med sikte på å sikre økologisk landbruk eit solid fotfeste i den nye strukturen. Utfallet i denne saka vil neppe vere klart før på nyåret 2006.

I tråd med mandatet, som slår fast at "utgreiinga bør leggje vekt på å ta føre seg potensialet som ligg i å utvikle spisskompetanse innanfor t.d. såkalla småskalaproduksjon (...)", vil vi peike på at dette arbeidet er lagt opp som ein *mulighetsstudie* for SJH.

2. Problemstillingar

Med bakgrunn i mandatet har vi formulert desse problemstillingane for utgreiingsarbeidet:

1. Korleis kan SJH fungere som reiskap for fylkeskommunen i deira rolle som regional utviklingsaktør?
2. Er det trong for etablering av eit vidaregåande opplæringsstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping?
3. I kva grad møter det skisserte grunnkurstilbodet dei behova som eventuelt finst på dette feltet?
4. Kan eit vidaregåande opplæringsstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping passast inn i fylkeskommunen sine mål og strategiar for opplæring?

3. Regional utviklingsaktør

Utviklingsaktørrolla

Fylkeskommunane si rolle som regionale utviklingsaktørar er mellom anna forankra i St.meld. nr. 19 (2001-2002) "Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå". Dei statlege forventningane om at fylkeskommunen skal styrke sin legitimitet som drivkraft i det regionale utviklingsarbeidet vert gjenspegla i mål og strategiar nedfelt i fylkesplanen ("Vegen vidare for Sogn og Fjordane"), som Fylkestinget vedtok i juni 2004.

Medan fylkeskommunen, forstått som sentraladministrasjonen og det politiske miljøet, møter forventningar frå staten om å opptre som ein regional utviklingsaktør, stiller fylkeskommunen på si side tilsvarande krav til det *vidaregåande skuleverket*.¹ Mandatet for denne utgreiinga er mellom anna å "synleggjere korleis skulen kan vere ein reiskap for fylkeskommunen i høve å fylle rolla som lokal og regional utviklingsaktør". Ettersom vi her står overfor to partar – fylkeskommunen og SJH – som begge skal innfri eksterne forventningar på utviklingsarenaen, er det grunn til å presisere korleis vi tolkar mandatet på dette punktet. Ser ein på SJH som representant for skuleeigaren (og ser bort frå at drifta for ein stor del vil vere statleg finansiert så lenge skulen har landsline), kan ein hevde at all utviklingsrelatert aktivitet ved skulen kan skrivast på fylkeskommunen sin konto, og såleis er eit bidrag til å fylle Utviklingsaktørrolla til fylkeskommunen. Ei slik forståing meiner vi i for liten grad stiller krav til fylkeskommunen som aktiv part. Ei anna tilnærming til korleis skulen kan vere ein reiskap for fylkeskommunen i denne samanhengen, er at fylkeskommunen innlemmar SJH i sine planar for regionalt utviklingsarbeid og legg ein strategi for korleis fagmiljøet ved skulen kan nyttast og vidareutviklast med tanke på å fremje næringsutvikling og verdiskaping i fylket. Med dette vil dei faglege prioriteringane som vert gjort ved SJH og den kompetansen som SJH kan tilby, bli ein av fleire faktorar som påverkar innhaldet i den regionale utviklingspolitikken til fylkeskommunen. Det er denne siste tilnærminga vi har lagt til grunn.

Formidling og kunnskapsutvikling ved SJH

Nedanfor tar vi for oss dei utviklingsorienterte aktivitetane som kjem i tillegg til primæraktiviteten vidaregåande opplæring. Vi vil først omtale den organisatoriske strukturen som ligg til grunn for mykje av formidlings- og kunnskapsutviklingsarbeidet ved SJH. Det gjeld Ressurssenteret og Kompetansenavet, to utviklingsorienterte organ som begge er lokalisert til SJH. Vidare ser vi på den faglege profilen på dette arbeidet, representert ved nokre av dei aktivitetane skulen er involvert i innanfor kunnskapsutvikling og formidling.

Organisering

Ressurssenteret ved SJH vart oppretta i 1995 etter at tre departement i 1994 utlyste midlar med det mål at kunnskapen ved vidaregåande skular skulle kome næringslivet til gode gjennom ekstern kursverksemd. Oppdragsundervisninga ved ressurssenteret skal balansere økonomisk. Ressurssenteret er ein integrert del av SJH og er samlokalisert med Kompetansenavet. Til saman har dei to einingane seks tilsette og i underkant av fire årsverk. Ressurssenteret arrangerer kurs, seminar og studieturar og driv omvisingar på skulen/skulegardsbruket. Kvart år er det 5-700 besøkande og kursdeltakarar på SJH.

¹ Jamfør omtale av fylkesplanen og handlingsprogram for vidaregåande utdanning på side 12.

SJH er vertsskap for *Kompetansenavet*, eitt av fem regionale nav i Kompetansenettverket for småskala matproduksjon, som vert finansierte av Innovasjon Norge. Oppgåva til Kompetansenavet er å skaffe hjelp og rettleiing til småskala matprodusentar i Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg har navet eit landsdekkande ansvar når det gjeld tradisjonell foredling av mjølk med utgangspunkt i økologisk/upasteurisert produksjon. På dette feltet vert det, i tillegg til rådgeving, drive forskings- og utviklingsarbeid.

Innovasjon Norge er i ferd med å avslutte ei evaluering av kompetansenettverket. Det ser ut til at satsinga vert vidareført og kanskje til og med styrka. Ordninga vert truleg meir fleksibel i høve til regionale tilpassingar enn ho har vore så langt.

Fagleg innhald

I presentasjonen av formidlings- og kunnskapsutviklingsaktivitetar nedanfor er ein del tidsavgrensa prosjekt omtalt til slutt, medan aktivitetar som er faste innslag i prosjektporteføljene til SJH/Ressurssenteret/Kompetansenavet er presenterte først.

Etterutdanningskurs for bønder (EB-kurs)

Ein stor del av aktiviteten ved Ressurssenteret har vore knytt til etterutdanningskurs for bønder (delfinansierte gjennom Fondet for etterutdanning av bønder). Økologisk sauehald, stell av kulturlandskap med beitedyr, økoturisme, birøkt.

Samarbeidspartnarar: Organisasjonane i landbruket, FMLA.

Kurs i småskala matproduksjon

Ei rekkje ulike kurs i mjølkeforedling som utfyller kvarandre. Arrangerte på oppdrag frå Kompetansenavet:

- Innføringskurs (4 dagar)
- Modulkurs (150 timar) med vekt på ysting av upasteurisert mjølk. Gir grunnlag for oppstarting av eige ysteri. 50-60 bønder har så langt deltatt på modulkurset
- Andre kurs i framstilling av rømme, smør, magerost, fastost, gamalost
- Ystekurs for vidarekommande
- Hospiteringskurs på SJH der deltakarane er med i produksjonen på skulen sitt ysteri v/ Ragnhild Norby (nytt tilbod)

Fleire av deltakarane på kursa i småskala matproduksjon har starta vellykka ysteribedrifter andre stader i landet. Samarbeidspartnarar: Innovasjon Norge v/ Kompetansenavet, Norsk Bygdeturisme og Gardsmat, Norsk Gardsost.

Studieturar

Ressurssenteret arrangerer ei rekkje studieturar på oppdrag frå Kompetansenavet, finansierte av Innovasjon Norge:

- Årlege studieturar til Frankrike med tema ysting av upasteurisert mjølk. Det er vanleg at deltakarar på kurs i småskala matproduksjon (modulkurs) er med, men turen er også tilbod til andre produsentar. Samarbeidspartnar: Norsk Gardsost v/ Pascale Baudonnel
- Studieturar til Austerrike/Sveits med tema småskala kjøtforedling. Samarbeidspartnar: Økoringen Vest v/ Christian Zurbuchen
- Studieturar med tema foredling av frukt og bær i Norge. Samarbeidspartnar: Pilotprosjektet i Frukt og Bær v/ Marianne Bøthun.

Nettverk for lærarar i økologisk landbruk

Kurs og netteverk for lærarar på andre landbruksskular om undervisning i økologisk landbruk.

Kurs for lærarstudentar

Ressurscenteret tilbyr kvart år tredagars kurs for 2. års lærarstudentar frå Sogndal og Bergen.

Tema: Skulehage, garden som lærestad, uteskule, lokal mat og kulturlandskap.

Samarbeidspartnar: Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning og Høgskolen i Bergen.

Forum for natur-/kulturbasert næringsliv i fjord- og fjellbygder

Samarbeidspartnarar: Norsk Bygdeturisme og Gardsmat, Økoringen Vest, OIKOS

Under følgjer omtale av *tidsavgrensa prosjekt* som kan vere med på å supplere bildet av formidlings- og kunnskapsutviklingsarbeidet ved SJH.

Levande skule

”Levande skule” var eit større prosjekt i perioden 1996-2000 under leiing av NLH (no UMB).

Prosjektet hadde tre element:

- 10-vektkurs for lærarar som besto av i alt fire modular med skulehage og utearealet som læringsarena som tema. Etterkvart kom ein femte modul på 4 vt som tillegg, med tema ”garden som pedagogisk ressurs”
- Aurland barne- og ungdomsskule var pilotskule for å utvikle uteområdet
- Skulegardsbruket ved SJH vart peikt ut som ein av åtte eksempelgardar i prosjektet.

Prosjektet har blitt vidareført i form av samarbeid mellom ABU og RS/SJH, og er ein viktig del av ABU sin profil. Prosjektet fekk innverknad på læreplanmålet for grunnskulen (L97).

Samarbeidspartnarar: UMB, Hageselskapet, Aurland kommune v/ ABU.

Landbruket som lærestad

”Landbruket som lærestad” var tema for eit seminar arrangert av SJH (01.09.04). Dette fungerte som møtestad for skular, pedagogar og bønder. Resulterte i eit nettverk for landbruksskulane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Har arbeidd med ”kortreist mat og kulturlandskap”.

Birøktarskulen – kurs i yrkesretta birøkt

Utvikling og gjennomføring av kurs i yrkesretta birøkt. Vil bli sett opp igjen når ein har nok deltakarar. Samarbeidspartnar: Norges Birøkterlag, Kompetanseutviklingsmidlar i landbruket (KIL).

Trygg mat frå småskala landbruksproduksjon

Prosjekt i regi av Veterinærinstituttet i Bergen. Dreier seg om mikrobiologisk forskning og rådgjeving knytt til småskala og økologisk produksjon. Prosjektet er meint å gi kunnskap og dokumentasjon til bruk både blant småskalaprodusentane og hos Mattilsynet.

Samarbeidspartnarar: Veterinærinstituttet i Bergen, Veterinærinstituttet i Oslo, Norsk Gardsost.

Bransjerettleiar småskala mjølkeproduksjon

Kom opp i samband med nytt hygieneregelverk. Krav frå Mattilsynet om eigen rettleiar som tar for seg grenseverdiar etc.

Samarbeidspartnarar: Norsk Gardsost, Innovasjon Norge, Mattilsynet.

Lærebokproduksjon

Tilsette ved SJH har skrive lærebøker i økologisk landbruk:

- Bø og Fritsvold (2000): *Økologisk plantekultur (1-2)*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bjune, Ellingsen, Fritsvold, Gjerdåker og Solheim (1999): *Økonomi for økologisk landbruk*. Bergen: Fagbokforlaget.

Internasjonale kontaktar og prosjekt

Under følger ein oversikt over ein del av dei internasjonale kontaktane til SJH og Kompetansenavet. Kanskje med unntak av regional naturpark-samarbeidet med Frankrike, ser det for oss ut til at desse kontaktane så langt *ikkje* har resultert i eit varig og tett fagleg samarbeid med utanlandske kompetansemiljø. Lista syner likevel ein vilje til å orientere seg internasjonalt og at SJH vekkjer interesse utom landegrensene.

Kontakt med landbruksskule i Austerrike

SJH har kontakt med die Voralberger Absolventen Landwirtschaftlicher Fachschulen, ein landbruksskule i Hohenems i Austerrike. Skulen har fleire yrkesfaglege studieretningar, mellom anna fagretning landbruk/landskapspleie og landbruksretta husstellfag, med fokus på småskala foredling og gardsturisme. I 2004 var mange av dei tilsette ved SJH på besøk/kurs på skulen. SJH har hatt returbesøk av ein lærar frå skulen.

Interreg: Småskala mat og organisering av kompetanseformidling

Kompetansenavet er representert i arbeidsgruppa "Matprodukt frå fjellområda", som eit delprosjekt i interregprogrammet Euromountains. Samarbeidspartnarar: Sogn og Fjordane fylkeskommune mfl. (Euromountains har 14 partnarar fordelt på regionar i 6 land).

Regional naturpark – Utvikling av samarbeidsmodellar mellom lokalsamfunn og verneinteressene

Arbeid som tar sikte på oppretting av ein regional naturpark i Aurland etter modell frå franske naturparker. SJH sto sentralt i dette arbeidet på eit tidlegare stadium, og Ressurssenteret tar stadig del i prosessen, der Aurland Naturverkstad er ei drivande kraft. Aurland Naturverkstad har nyleg utarbeidd rapporten *Aurland natur- og kulturpark* på oppdrag frå Aurland kommune med finansiering frå Riksantikvaren. Samarbeidspartnarar: Aurland kommune, ANKA – samanslutning av småskala produsentar i Aurland, Aurland Naturverkstad, ALTARK samarbeidsorgan mellom regionalparker og verna område i Alpe-regionen.

Leonardoprosjekt: Økologisk produksjon og omsetning

SJH er partner i Leonardo da Vinci mobility project: "The promotion of producing, reprocessing and marketing of organical products". *Utena regional vocational training centre* i Litauen er leiande partnar i dette prosjektet. I mai 2006 får SJH besøk av ei gruppe lærarar og rådgjevarar for økologisk landbruk frå Litauen.

Økologisk landbrukssamarbeid med Arkhangelsk

SJH var saman med mange aktørar i det økologiske landbruksmiljøet i Norge invitert av stiftinga Økopomorka våren 2004 til å delta på ei kartleggingsreise til Arkhangelskregionen, Russland. Målsetjinga var å vurdere eventuell medverknad for å auke lokal matproduksjon, foredling og sjølvforsyning til regionen. SJH fekk deretter førespurnad om å halde kurs i lokal foredling, oppbygging av lokal og nasjonal økologisk landbruksutdanning og utvikle eit utvekslingsprogram for studentar/elevlar. Ein russisk landbrukslærar har hospitert ved SJH.

Kontakt med The Farm School, Massachusetts

To pedagogar frå The Farm School i Massachusetts – ein landbruksskule for økologisk landbruk – hospiterte på SJH i 10 dagar i 2004. Lektor Nat Mead ved SJH har halde foredrag for skuleleinga i Boston og læreplanane ved SJH er nytta som utgangspunkt for vaksenopplæring på denne skulen.

SJH og samarbeidspartane lokalt

Under vil vi gi nokre eksempel på kva lokale samarbeidspartar til SJH seier om kva skulen betyr for dei og kva forventningar dei har til SJH. Dei stemmene vi skal låne øyre til her, representerer SJH sin næraste allierte Kompetansenavet, vertskommunen Aurland og ei viktig reiselivsbedrift lokalt, Fretheim Hotel. Først om kva SJH betyr for desse aktørane.

Ivar-Bjarne Undredal, dagleg leiar ved Kompetansenavet Vest, seier at fagmiljøet ved SJH var eit vilkår for at navet vart lokalisert til Sogn og Fjordane:

Heile grunnen til at det finst eit nav ved SJH i det heile er ikkje fordi det har blitt kjørt fram av krefter i fylket, men fordi SJH har vore nytenkjande og oppretta kurs. Derfor var det veldig naturleg å lokalisere senteret hit.

Trass i at Aurlandsmiljøet på denne måten ”sto fadder” for Kompetansenavet Vest, har ikkje den faglege dialogen mellom SJH og navet vore så sterk som ein kunne ønskt. Undredal seier at potensialet for kunnskapsutveksling dei to partane imellom ikkje har blitt utnytta fordi skulen har vore opptatt med å overleve frå år til år. Han svarer dette på spørsmål om kva fagmiljøet ved SJH har betydd for arbeidet til Kompetansenavet:

Alt for lite. Mest fordi skulen i desse åra ikkje har hatt ressursar til å tenkje på utvikling av kompetansen dei har. Dei har heile tida blitt distraherert til å tenkje på alle andre ting.

Claus Røynesdal, kommununalsjef i Aurland kommune, peikar på at SJH gjennom sine kompetansearbeidsplassar har betydd mykje for Aurland kommune i form av nye impulsar. Skulen har såleis tilført lokalsamfunnet ein ny dynamikk. Dette meiner han var særleg viktig før Lærdalstunnelen kom. Røynesdal er opptatt av at fagmiljøet ved SJH har vore ein føresetnad for etablering av andre kompetansmiljø, som Kompetansenavet og Aurland naturverkstad. Miljøet ved SJH og tenkinga der har etter Røynesdal si oppfatning vore avgjerande for at prosessen med verdsarvsøknaden kom i gang i 1994. Her sto Aurland naturverkstad sentralt.

SJH og Aurland kommune samarbeider på ei rekkje felt, som ”Levande skule”-prosjektet der det er tilrettelagt eit pedagogisk tilbod ved SJH for elevane på Aurland barne- og ungdomsskule (ABU), gardsbesøk for barnehagane i Aurland, felles opptak ved Sprien barnehage (privat barnehage på SJH), undervisningstilbod til ein spesialelev ved SJH, samarbeid om tilrettelegging av undervisningsfasilitetar (Infohagen ved ABU og Lokalhistorisk senter/”Verdsarvhuset” mm). Aurland kommune har opp gjennom åra bidratt økonomisk både i form av lån og tilskot til bygningsmessige investeringar og utbetringar. Det største bidraget på om lag 2 mill. kroner kom i samband med bygging av ny driftsbygning på 1990-talet. Kommunen har òg bidratt økonomisk til ulike utviklingsprosjekt (Thyri, 2005).

Birgittha Sandström, som sidan 2002 har vore administrerande direktør ved Fretheim Hotel i Flåm, har gjort bruk av lokal mat og økologiske råvarer til ein viktig del av profileringa av hotellet. 2005-sesongen var første gongen Fretheim Hotel presenterte ein hovudmeny med

økologiske råvarer. I tillegg til ein à la carte-meny basert på lokale råvarer (ikkje nødvendigvis økologiske) har hotellet dermed ein økologisk à la carte-meny som så langt råd er hentar råvarene frå lokalmiljøet. Sandström fortel at leveransar frå SJH har vore avgjerande for å få dette konseptet på plass:

Hadde vi ikkje visst at vi kunne bruke SJH som lokal leverandør, kunne vi ikkje ha foretatt den omlegginga. Alt som vi kan få levert frå dei, det tar vi imot. I fjor var det snakk om at SJH ikkje kunne halde det gåande lenger. Det ville ha påverka oss – såpass mykje at vi tok det opp i RBL lokalt, som igjen tok opp saka på sentralt hald. Knut Almquist tok det direkte opp med departemenetet. Så viktig er SJH for oss.

Så langt om kva SJH har å seie for dei lokale samarbeidspartane. Kva forventningar har dei same aktørane til SJH? Eller sagt med andre ord: kva rolle meiner dei SJH bør spele i framtida?

Claus Røynesdal i Aurland kommune ønskjer ei enda sterkare samhandling mellom det pedagogiske miljøet ved SJH og ABU i framtida. Vidare er kommunalsjefen opptatt av å få på plass eit vidaregåande opplæringstilbod på Vg1-nivå ved SJH fordi dette kan opne for samarbeid om tilbod til spesialelevar som ikkje kan sendast ut av kommunen. Han meiner SJH her kan byggje på ein modell som i dag vert nytta ved Voss jordbruksskule, der ein mindre del av elevane får tilrettelagt undervisning. Landslina i økologisk landbruk vil ikkje fungere på denne måten fordi aldersskilnaden mellom landslineelevane og dei 16-åringane som treng eit tilrettelagt tilbod vert for stor. Røynesdal ser for seg at for nokre av desse vil SJH kunne fungere bra og føre dei gjennom ei turbulent ungdomstid. Samstundes kan det planlagte grunnkurset vere springbrett inn i arbeidsplassar i det lokale reiselivet for enkelte av desse elevane, t.d. som naturguidar.

Birgittha Sandström ved Fretheim Hotel er opptatt av å auke tilgangen på lokal arbeidskraft innanfor reiselivsnæringa. I høgsesongen er det over 60 tilsette ved hotellet og ein stor del av desse vert henta frå utlandet. Sandström arbeider med å profilere hotellet gjennom lokal identitet, jamfør satsinga på lokal mat, og i den samanhengen ønskjer ho tilsette som kjenner den lokale kulturen og naturen, og som kan formidle dette til gjestane. Derfor ønskjer ho planane om eit nytt undervisningstilbod ved SJH velkommen. På spørsmål om ho ser behovet for eit tilbod innanfor "natur- og kulturbasert verdiskaping" ved SJH, svarer Sandström:

Ungdommar som alt veit at dei skal overta ein gard, viss dei får ei grunnleggande gründerutdanning, så har det mykje å seie. Ungdommen bør få inn mentaliteten "kva vil eg skape?" i staden for "kva skal eg bli, kor skal eg skaffe meg arbeid?". Det trengs å tenkast nytt innanfor utdanning – det er viktig å ta inn reiseliv i den fasen her. Dette kan bli ei utdanning ikkje berre for dei som skal starte i landbruket – vi har eit behov i reiselivsnæringa for arbeidskraft og vi vil gjerne at det skal vere lokal arbeidskraft. Viss vi kan ha ei utdanning som går på reiseliv, så kan det styrke tilgangen på lokal arbeidskraft.

Forventningane til SJH som utviklingsaktør frå fylkeskommunen si side

Utviklingsaktør

Fylkeskommunen definerer rolla som utviklingsaktør kort omtalt slik:

Utviklingsaktøren tek initiativ med sikte på å møte utfordringar og behov, og set nye problemstillingar på dagsorden når det gjeld busetnad, næringsliv og arbeidsplassar for å skape attraktive og livskraftige

lokalsamfunn. Fylkesplanen er arenaen for dette, og den har ein solid posisjon som politisk arena og styringsdokument.²

I utforming og gjennomføring av fylkesplanen står den regionale partnerskapen sentralt. Her samarbeider organisasjonane i næringslivet, kommunar, fylkeskommunen, regional statsforvaltning, ulike kompetansemiljø og frivillige organisasjonar med fylkeskommunen i førarsetet.

I vår samanheng er det grunn til å framheve at i omtalen av rolla som utviklingsaktør utgjør dei vidaregåande skulane ein personalressurs i sine regionar, og fylkeskommunen "*fungerer som ein nødvendig kompetansebase for - og utviklar av - relevant kunnskap for samfunnsutvikling i fylket*".

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje formulert særskilte ønske eller krav til SJH som utviklingsaktør ut over det som gjeld for alle dei 15 vidaregåande skulane i fylket. Forventningane fylkeskommunen har til dei vidaregåande skulane som lokale og regionale utviklingsaktørar har blitt manifestert gjennom ulike dokument og skriv, med *fylkesplanen* som det overordna dokumentet. Der står det på side10:

Den vidaregåande opplæringa skal gi den enkelte elev, lærling og vaksne eit godt og heilskapleg læringsutbytte. Opplæring i skule og opplæring i bedrift skal til saman utgjere heilskapen vidaregåande opplæring og *den vidaregåande opplæringa skal vere ei drivkraft i lokal og regional samfunnsutvikling*. Eit nært samarbeid med næringslivet for å sikre læreplassar for ungdom som vel yrkesfag vert viktig. Den vidaregåande opplæringa skal vere open mot omverda for å styrke samhandlinga med lokalsamfunnet og for å fremje arbeidslivet og samfunnet sine behov for utdanning. Vidare må ein *bidra til nyskaping og nyetablering gjennom å styrke entreprenørskapshaldninga og kreativiteten hjå unge og vaksne*. (Våre uthevingar)

Utviklingsrolla sett frå opplæringssektoren

Hovudutval for opplæring nedsette i november 2001 eit strategiutval som skulle utarbeide framlegg til framtidige strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. I desember 2002 la strategiutvalet fram instillinga si, der dei foreslåtte måla og strategiane var organisert under to hovudtema: *innhald og kvalitet* i opplæringa og den vidaregåande opplæringa si *samfunnsrolle*. Vidare vart det meisla ut fire punkt som den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane skal fokusere særleg på. Eitt av desse punkta er å "*synleggjere vidaregåande opplæring som eit viktig regionalpolitisk verkemiddel i høve kompetanseheving, næringsutvikling og eit godt liv*" (vår utheving).

Fylkestinget slutta seg til mål- og strategiformuleringane frå strategiutvalet i juni 2003. Samstundes vart det gjort vedtak om å utarbeide eit handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2004-2007 med sikte på å konkretisere måla og strategiane gjennom tiltak og prosessar. Handlingsprogrammet, som vart handsama i Fylkestinget i mars 2004 og justert i Hovudutval for opplæring eitt år seinare, inneheld tidfesting, prioritering og kostnadsrekning av dei ulike tiltaka og prosessane. Desse er samla under åtte hovudstrategiar:

1. Trivsel og tryggleik – det heile mennesket
2. Elev- og lærlingmedverknad
3. Individuelt tilpassa opplæring
4. Vidaregåande opplæring som ressurs-/studiesenter
5. Eit desentralisert opplæringstilbod
6. Internasjonalisering
7. Kompetanseutvikling

² For meir utførleg omtale sjå, <http://www.sf-f.kommune.no/sff>

8. Utviklings- og fornyingsarbeid

Sjølv om ein kan hevde at alle strategiane til ein viss grad kan knytast til den vidaregåande opplæringa si samfunnsrolle (kanskje særleg hovudstrategiane 4-8), vil vi her nøye oss med å sjå nærare på hovudstrategi 4, som gjennom si utforming i handlingsprogrammet har særleg relevans i så måte.³

Under hovudstrategi 4 *Vidaregåande opplæring som ressurs-/studiesenter* er det framheva at ein skal gjere lokalt arbeidsliv og lokalsamfunnet til ein naturleg del av læringsmiljøet i vidaregåande opplæring. Handlingsprogrammet peikar på at den einskilde eleven gjennom entreprenørskap som verkemiddel kan bli ein aktiv deltakar i nærmiljøet, lokalsamfunnet og samfunnet. Entreprenørskapskonseptet inneber m.a. opplæring i evna til å "sjå ressursar og moglegheiter lokalt og til nyskaping både i arbeids- og samfunnsliv". Vidare vert det vist til bruken av partnerskapsavtalar på ulike nivå som reiskap m.a. for å sikre at eit samla opplæringstilbod skal vere tilpassa den einskilde eleven sine behov og interesser og næringslivet sin trong for kompetanse. I handlingsprogrammet står dette om den ønskete situasjonen i 2007 når det gjeld vidaregåande opplæring som ressurs-/studiesenter:

- Vidaregåande opplæring er ei drivkraft i samhandling med lokalsamfunnet og arbeidslivet i området
- Opplæring i skule og opplæring i bedrift utgjer heilskapen i vidaregåande opplæring og det lokale arbeidslivet og lokalsamfunnet er ein naturleg del av læringsmiljøet
- Det er naturleg og ønskjeleg å arbeide gjennom nettverk og partnerskap, lokalt og regionalt
- Entreprenørskapskompetansen hjå elevar, lærlingar og vaksne blir utvikla og er høgt prioritert gjennom opplæringa der det lokale arbeidslivet er ein naturleg del av læringsmiljøet.

Det ser ut til at det vidaregåande skuleverket sitt engasjement i fylkeskommunal planlegging dei seinare åra langt på veg har vore avgrensa til utforminga av handlingsprogrammet for vidaregåande opplæring, medan skuleverket i liten grad har blitt reflektert gjennom fylkesplanarbeidet.

Opplæringsavdelinga opplyser at det er semje om at den vidaregåande skulen skal vere ein aktør som ein ikkje kjem utom i utviklingssamanheng. Skulen skal tilby lokalt næringsliv og hjørnesteinsbedrifter kurs, etterutdanning mv. I tråd med dette har Opplæringsavdelinga arbeidd med å styrke dei vidaregåande skulane i rolla som regionale utviklingsaktørar, og opplever at rektorane på dei vidaregåande skulane i fylket i større grad enn før er aktivt på søk etter måtar å fylle ei slik rolle.

Frå Opplæringsavdelinga vert det understreka at dei vidaregåande skulane ikkje berre er tiltenkt ei rolle som regional utviklingsaktør knytt til sekundæraktivitetar som bibliotektenester, etter- og vidareutdanning mv., men at denne rolla også femner om kjerneaktiviteten. Her vert det vist til arbeidet som vert gjort for styrking av læremiljø og trivsel, m.a. med tilsetning av miljøkoordinator ved 13 av dei vidaregåande skulane⁴, og at skulane prøver å sjå lokalmiljøet i eit mulighetsperspektiv. Sogn og Fjordane kan vise til større satsing på ungdomsbedrifter og lokalt entreprenørskap enn Hordaland (målt i absolutte tal). Ordninga med arbeidslivskontakt i omstillingskommunane Flora, Høyanger og Årdal vert no evaluert etter eitt år, og vert truleg trappa opp.

³ I kap. 5 har vi ein gjennomgang av alle dei åtte hovudstrategiane under drøftinga av problemstilling 4.

⁴ I mars 2005 var det tilsett miljøkoordinator i minst 30 prosent stilling ved 13 av dei vidaregåande skulane i fylket (ikkje ved Sogn jord- og hagebruksskule og Førde tekniske fagskule).

Rektor Olav Arnar Bø ved SJH legg vekt på at skulen tar oppgåva som regional utviklingsaktør svært alvorleg og at dei heile tida har prøvd å ta inn over seg fylkeskommunale planar for å fungere som ein reiskap for fylkeskommunen. Bø held fram:

Ein del av det som står i fylkesplanen er som klypt ut av det som vi har drive med: "Småskala, innovasjon, lokal foredling, entreprenørskap i bygdene..." Vi har vore ein regional utviklingsaktør på desse felta lenge før det vart eit moteord i fylkeskommunen. I 1995 oppretta vi Ressurssenteret for å ta oss av dette og i 2002 fekk vi Kompetansenavet på grunn av denne innsatsen.

Per Jørgen Loen, rektor ved Luster vidaregåande skule og talsmann for rektorkollegiet i indre Sogn, seier om dei vidaregåande skulane si rolle som regional utviklingsaktør at det er eit hovudproblem at skulane ikkje vert tilført tidsressursar i samsvar med forventningane og nye oppgåver. Dette meiner han slår ekstra hardt ut for dei mindre skulane.

Frå Opplæringsavdelinga si side vert det også peikt på at dei vidaregåande skulane får for små ressursar til å drive utviklingsarbeid. Når ein ikkje har klart å sette av meir enn 0,5 mill. kr til dette formålet for heile fylket under eitt, heng det m.a. saman med dei fordelingsnøkklane som styrer fordeling av driftsmidlane til dei vidaregåande skulane.

Kompetansen ved SJH i høve til fylkesplanen

Satsingsområda i fylkesplanen er "verdiskaping", og då i industri, småskala næringar og lokalsamfunn, sjøretta aktivitet og tenesteyting. Her kan SJH vere relevant i høve til verdiskaping i småskala næringar og lokalsamfunn og tenesteyting (reiseliv). Vidare satsar fylkesplanen på temaet "bu og leve" gjennom arbeid med folkehelse, ungdom og folkestyre og medverknad. SJH – som dei andre vidaregåande skulene – høyrer naturleg inn under satsinga på ungdom.

I sluttrapporten frå ei arbeidsgruppe for "Småskala næringar, lokalsamfunn og bruk/vern" nedsett i samband med rulleringa av fylkesplanen vart det mellom anna gitt eit samla oversyn over gjeldande fylkeskommunale utviklingsmål med relevans for det temaet arbeidsgruppa arbeidde med⁵.

Det overordna målet med den nye fylkesplanen er å oppretthalde folketal og busetnadsmønster. Ein legg vekt på verdiskaping gjennom å ta heile fylket i bruk ved å nytte kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte, og å betre bu- og levevilkåra ved å skape eit rikt og meiningsfylt liv der god helse, kultur og tilgjenge for alle i trygge og opne miljø er avgjerande verdiar. Fylkesplanen har ført opp sju satsingsområde⁶. I kvart satsingsområde er det lista opp mange "vi vil" punkt, nærmast som ei uprioritert ynskjeliste, og innanfor satsingsområdet "småskala næringar og lokalsamfunn" er det ti slike punkt:

1. Fremje entreprenørskap hjå enkeltpersonar, bedrifter, utviklingslag og lokalsamfunn
2. Utvikle bygdenæringane, særleg innan tenesteproduksjonar
3. Støtte prosjekt som bygger på lokal kunnskap, natur, kultur og identitet
4. Arbeide for at regelverk og andre rammevilkår vert lagt til rette for småskala verdiskaping
5. Støtte frivilljuge lag og organisasjonar som arbeider for bygda og tettstaden som ein god plass å bu
6. Utvikle lokalt tilpassa offentlege tenester

⁵ Sjå rapport [http://www.sf-f.kommune.no/sff/resources.nsf/0/fbce462f8b0b00cc125703e00396691/\\$file/rapport_smaaskalagruppe.doc](http://www.sf-f.kommune.no/sff/resources.nsf/0/fbce462f8b0b00cc125703e00396691/$file/rapport_smaaskalagruppe.doc)

⁶ (1) Folkehelse og livsutfalding, (2) Folkestyre og medverknad. Offentleg verksemd; (3) Havbruk og fiske; (4) Industri; (5) Nye næringar / tenester; (6) Småskala næringar og lokalsamfunn. Bruk og vern; og (7) Ungdom.

7. Stimulere til samarbeid om småskala produksjon, merkevarebygging, sal og distribusjon for å utnytte marknadspotensialet
8. Satsse på regionsentra
9. Bygge livskraftig landbruk i levande bygder.
10. Vidareutvikle eit livskraftig landbruk og utvikle ein fjellregionpolitikk.

Den samla kompetansen som finst ved SJH er relevant i høve til fleire av desse punkta, og særleg punkt 1, 3, 4, 7, 9 og 10.

I fylkesplanen er det også gitt ein brei omtale av temaet bruk og vern der overskrifta er balansert utvikling mellom bruk og vern, og med ei utmeisling av fem kjernepunkt i ein slik strategi:

1. Å prøve ut kontraktvern, der lokalsamfunn som vert sterkt berørte av vernevedtak, får tilgang til særskilde stimuleringstiltak, men òg har høve til å avslutte vernekontrakta etter ei viss tid
2. Å stimulere lokalt mobiliseringsarbeid der målet er å utvikle ny næringsaktivitet basert på dei naturkvalitetane som ligg til grunn for vernet
3. Å bidra aktivt med ressursar og fagleg rettleiing for å få fram dei beste døma på naturbruk
4. Å utvikle gode internasjonale nettverk til verneområde og lokalsamfunn som har relevante erfaringar for vårt fylke
5. Å arbeide for at staten set av meir ressursar til forvaltning og formidling av naturkvalitetane i nasjonalparkar og verneområde.

Også her framstår kompetansen ved SJH som relevant. Eit konkret døme på at fagmiljøet på og rundt SJH allereie har tatt på seg ei utviklingsrolle i høve til bruk og vern-spørsmålet er initiativet for å få oppretta ein *natur- og kulturpark* i Aurland⁷. Ideen er henta frå Frankrike der det er eit etablert statleg system med regionale naturparkar, og tanken bak er å lage eit system for næringsutvikling knytt til eksisterande verneområde – men der næringsutviklinga vert forsøkt lagt *rundt* verneområda for på den måten å redusere konfliktane mellom bruk og vern. Det er vidare føresett at det her er tale om småskala næringsutvikling basert på lokale tradisjonar innanfor handverk og landbruk.

Arbeidsgruppa for småskala næringar, lokalsamfunn og bruk/vern viser til at det er gjort framlegg om nokre *felles satsingar* mellom alle dei sju satsingsområda. Tre av desse satsingane er relevante i høve til spørsmålet om SJH si rolle som regional utviklingsaktør, nærare bestemt internasjonalt arbeid, kompetanse og entreprenørskap.⁸ SJH har internasjonale kontaktar, m.a. gjennom Leonardoprojektet og arbeidet med regional naturpark. Vidare er SJH ein viktig kompetanseinstitusjon gjennom sin nasjonale kompetanse innanfor økologisk landbruk og småskala landbruksbasert næringsutvikling. SJH har også lagt stor vekt på å utvikle entreprenørskap hos elevane.

Arbeidsgruppa lanserer ei rad konkrete tiltak gruppert innanfor tre overskrifter: (1) Småskala næringar, (2) utvikling av lokalsamfunn og (3) bruk og vern. Under har vi gjort eit utval av desse ut frå ei vurdering av tiltak der SJH kan ha ei viktig rolle å spele. Vår vurdering er at SJH er ein relevant samarbeidspartnar for 10 av i alt 19 foreslåtte tiltak.

⁷ Sjå utgreiing om Aurland natur- og kulturpark: <http://www.fjordarv.no/anka/filer/621.pdf>

⁸ Den fjerde satsinga er informasjonsteknologi.

Tabell 1 Tiltak som er foreslått av arbeidsgruppa for småskala næringer, lokalsamfunn og bruk/vern under fylkesplanen, der SJH kan vere ein relevant samarbeidspartnar

Hovudtema	Undertema	Tiltak
Bruk og vern	Skaffe kunnskap om lokale ressursar	Ulike former for mobilisering og opplæring
	Lage lokal naturbruksprofil	Stadanalysar og lokal planlegging
	Utvikle naturbruksbedrifter	Etablering og utvikling av bedrifter
	Kunnskap og internasjonal kontakt	Rullerande naturbruksprosjekt
	Nye verneformer (regionale naturparker, kontraktsvern) som supplement til eksisterande verneformer	Pilotprosjekt, påverke sentrale styresmakter
Utvikling av lokalsamfunn	Generell bygdemobilisering	Vidare rullering av BU-programmet
	Internasjonal kontakt	Utvexlingsprogram, venskapskommune, venskapsbygd
Småskala næringer	Forpliktande forretningssamarbeid	Kunnskap, informasjon om ulike modellar, erfaringsutveksling
	Nettverk	Støtte oppbygging av nettverk og forum som fremjar utvikling
	Regelverk for lokal foredling og produksjon	Påverknad av sentrale styresmakter + regionale tilsyn

Arbeidsgruppa for *tenesteyting og nye næringer* i fylkesplanen har sett fokus på reiseliv som byggjer på naturen og kulturarven i fylket. Gruppa vil:

- Legge til rette for ei vidareutvikling av reiselivsnæringa i fylket basert på natur- og kulturgrunnlaget vårt
- Følgje opp det gode omdømmet som fjordane har som attraktivt reisemål på ein offensiv måte
- Nytte våre unike naturverdiar til å skape aktivitet og arbeidsplassar
- Satse aktivt på kombinasjonar innan matproduksjon, kultur, natur, oppleving og reiseliv
- Utvikle kunnskap som støttar målet om naturbasert reiseliv i og omkring verneområda våre
- Utvikle kystkultur / kystnatur som reiselivsprodukt

Dette vil ein oppnå m.a. gjennom destinasjons-, kompetanse- og aktivitetsutvikling.

Vi ser her at det er fleire tangeringspunkt mellom arbeidsgruppe for småskala næringer og gruppe for tenesteyting og nye næringer, der SJH spelar og kan spele ei utviklingsrolle i tida som kjem. Slik sett er det samsvar mellom innhaldet i fylkesplanen og skulen sin faglege fokus trass i at den organisatoriske koordineringa verkar svak.

Som ei oppsummering vil vi peike på desse punkta:

- Fylkeskommunen set høge mål for den utviklingsaktørrolla ein ønskjer dei vidaregåande skulane skal spele. Målsettingane som er nedfelt i handlingsprogram for vidaregåande opplæring rommar visjonar om eit vidaregåande skuleverk som i langt større grad enn tidlegare spelar ei aktiv og viktig samfunnsrolle.
- I forkant – og såleis uavhengig – av det fylkeskommunale fokuset på dei vidaregåande skulane som lokale og regionale utviklingsaktørar, har Sogn jord- og hagebruksskule vist evne til å handle som utviklingsaktør gjennom systematisk formidlings- og kunnskapsutviklingsarbeid.

- Det er dårlege økonomiske rammevilkår for nyskaping og utstrekt samfunnskontakt ved dei vidaregåande skulane.
- Det vidaregåande skuleverket har i liten grad blitt reflektert gjennom fylkesplanarbeidet. Likevel er det samsvar mellom SJH sin faglege profil og satsingsområda "Småskala næringar og lokalsamfunnsutvikling. Bruk og vern" og "Tenesteyting og nye næringar". På desse områda spelar SJH ei utviklingsrolle som kan styrkast i tida som kjem.

4. Gjennomgang av søknad om nytt Vg1 Naturbruk Natur- og kulturbasert verdiskaping

Om søknaden

Søknaden om å opprette nytt Vg1 Naturbruk Natur- og kulturbasert verdiskaping (NKV) er frå SJH si side sett inn i ein samanheng der ein ser at det eksisterer eit kunnskapsbehov for at regionen skal kunne utnytte næringspotensialet som ligg i kombinasjonen fjordlandskap, småskala landbruk og reiseliv. Dette potensialet ser i dag ut til å vere større enn nokon gong i og med at Nærøyfjorden og Geiranger i juli 2005 fekk status som objekt på UNESCO si verdsarvliste. Under avsnittet "Målsetjing" relaterer SJH søknaden direkte til fylkesplanen:

Målsetjinga med etablering av dette tilbudet er å byggje naudsynt kompetanse for å skape nye verksemdar og styrke eksisterande verksemdar direkte eller indirekte knytt til satsingsområde verdiskaping i fylkesplanen.


Søknaden er forankra i utviklingsplanen til Sogn jord- og hagebruksskule, som vart vedtatt 30.01.04. Her står det under kap.6 *Konkrete mål for skulen si framtid* ført opp som det andre av seks punkt om kurstilbodet: "Nytt grunnkurs med spesiell vektlegging (reiseliv, naturbruk)".

SJH ønskjer å starte opp Vg1 Naturbruk NKV hausten 2006. På noko lenger sikt ser ein for seg å byggje ut tilbudet til å gjelde eit treårig opplæringstilbod. Dette er nedfelt både i utviklingsplanen og i søknaden. I tillegg til målet i utviklingsplanen om nytt grunnkurs har skulen sett seg som mål å etablere "nytt utdanningstilbod VK1 og VK2 innan studieretning naturbruk – med vekt på økoturisme, lokal foredling, grøn omsorg". I søknaden er dette uttrykt slik i avsnittet om målsetjing:

Dersom responsen vert god er det særskilt aktuelt å utvikle Vg2/Vg3 med tilsvarande vektlegging. Sjå elles *Vedlegg 2* med skisse av ulike utdanningsløp.

Vedlegget (figur 1) som det her vert vist til skisserer to alternative opplæringsløp for elevar som har fullført Vg1 ved SJH, som begge fører fram til Vg3 Natuforvaltning påbygging studiekompetanse og evt. reiselivsstudium ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det eine løpet går via Vg2 Programområde Naturbruk – alle program (dvs. ein annan landbruksskule enn SJH), det andre via eit framtidig Vg2 Naturbruk – Natur- og kulturbasert verdiskaping på SJH. Begge løpa kan òg tenkast avslutta med eit Vg3 som ikkje gir studiekompetanse, anten

Moglege utdanningsløp for dei som går på det omsøkte
Vg1 Naturbruk - Natur- og kulturbasert verdiskaping på
SJH



Figur 1: Vedlegg 2 til søknaden frå SJH om nytt Vg1 Naturbruk NKV.

på SJH eller ein annan landbruksskule.⁹ Skissa i figur 1 inneber at ein kan sjå på søknaden om grunnkurs naturbruk som del av ein visjon om eit framtidig utdanningsløp som startar med Vg1 og kan først fram til høgskuleutdanning (bachelor- eller evt. mastergrad i reiseliv). Vi kjem seinare tilbake til føresetnadene for ei eventuell samordning med høgskuleutdanning ved HSF.

Søknaden peikar på dei særeigne føresetnadene SJH har for å etablere det omtalte opplæringstilbodet. Desse føresetnadene er knytt til:

- To nasjonale spydspissfunksjonar: Landsline i økologisk landbruk og Kompetansenavet for småskala matproduksjon
- Omfattande prosjektaktivitet og kursverksemd innanfor småskala foredling bygd på økologiske prinsipp, stell av kulturlandskap, økoturisme og bruk av garden som lærestad for skule-, helse- og sosialetat
- Eit svært allsidig skulegardsbruk

Vidare vert det vist til at Aurland representerer ein unik undervisningsarena gjennom:

- Stor forekomst av økologiske gardsbruk
- Levande stølsdrift
- Bønder som driv småskala matforedling, organisert gjennom Aurland Natur- og Kulturarv (ANKA)
- Ei sterkt utvikla reiselivsnæring (1/6 av alle utanlandske turistar i Norge vitjar Flåm /Aurland)
- Eit mangfaldig kultur- og naturlandskap.

Søkjaren kjenner ikkje til at det finst eit liknande kurstilbod på vidaregåande nivå, og hevdar at opprettinga av Vg1 Naturbruk NKV er eit tiltak av *nasjonal* interesse.

Dei nye læreplanane som den vidaregåande skulen skal ta i bruk frå hausten 2006 gir større fridom til utforming av undervisningstilbodet enn tidlegare. Læreplanframlegg for yrkesfaglege utdanningsprogram legg stor vekt på lokal/regional relevans. Den auka fridomen til lokal tilpassing gjeld både "felles programfag" (50% av Vg1) og i enda større grad "prosjekt til fordjuping" (20%).

Gjennom deltaking på ulike turar og aktivitetar skal elevane få ekte natur- og kulturopplevingar. På den måten er det meininga at dei skal få regionen sine natur- og kulturverdiar "under huda", og samstundes få oppleve korleis ei historie eller ein aktivitet kan bli formidla på profesjonelt vis. Målet er at elevane sjølve skal bli i stand til å presentere eit produkt / ein aktivitet for ei aktuell gruppe.

Det vert lagt opp til om lag like mengder praksis- og teoriundervisning på Vg1 Naturbruk NKV. Praksisundervisninga er tenkt lagt til skulegardsbruket, øvingsrom på skulen og til lokalitetar i nærmiljøet. I tillegg vert det periodevis utplassering av elevar i næringslivsverksemd i regionen. Desse vil ein plukke ut i samarbeid med organisasjonane Reiselivsbedriftenes landsforbund, Norsk Gardsost og Norsk Gardsmat og Bygdeturisme. Søknaden inneheld ei tentativ liste på 11 aktuelle praksisverksemdar.

Alt med dagens aktivitetsnivå er bygningsmassen ved SJH for liten. For å kunne huse ein Vg1-klasse i tillegg til dei to landslineklassane er skulen derfor avhengig av å låne

⁹ Det er uklart om alle treårige vidaregåande løp, også yrkesfaglege utdanningsprogram, i framtida skal gi studiekompetanse. I regjeringserklæringa til Ap, SV og Sp står det (s.47) at "Regjeringen vil at alle elevar som har gjennomført 13 års skolegang skal oppnå generell studiekompetanse".

undervisningslokale i påvente av ei utbygging på SJH. Slike lokale vil Aurland kommune stille til disposisjon ved Lokalhistorisk senter (som kommunen har planar om å gjere om til "Verdsarvhus") og Infohagen i Kunnskapstunet ved Aurland barne- og ungdomsskule. Det er ikkje føresett kostnader ut over normtal for yrkesfaglege kurs.

Den siste delen av søknaden tar utgangspunkt i eit initiativ for samarbeid mellom kommunane Årdal, Lærdal og Aurland om vidaregåande opplæring. Dette gjer vi greie for i neste avsnitt.

Samarbeid om vidaregåande opplæring i Årdal, Lærdal og Aurland

Søknaden om oppretting av Vg1 naturbruk ved SJH har tatt opp i seg element frå utgreiinga "Ny vidaregåande skule for Årdal, Lærdal og Aurland" (Hustad 2005). Dette er ei utgreiing som er laga på oppdrag frå Årdal Utvikling, opphavleg med utgangspunkt i trongen for å tilpasse det vidaregåande skuletilbodet i Årdal i samband med det omstillingsarbeidet kommunen er inne i. Perspektivet vart seinare utvida til å femne om tre av kommunane i ÅLAV-samarbeidet. Hustad skisserer ein modell for samordning av det vidaregåande skuletilbodet i Årdal, Lærdal og Aurland der ein tar utgangspunkt i viktige kjenneteikn ved næringsstrukturen i dei tre kommunane. I ei skissert arbeidsdeling mellom dei tre kommunane er Aurland tiltenkt eit hovudansvar for vidaregåande opplæring innanfor "miljøretta jord- og hagebruk" og "entreprenørskap innan reiselivet".

Både i tittelen og i rapporten elles talar Hustad om ein "ny vidaregåande skule" i dei tre kommunane. På direkte spørsmål avkreftar han at det foreligg planar om å opprette ein ny skule / slå saman eksisterande skular, men understrekar at ein må vere villig til å tenkje alternativt i organisering av undervisning. Initiativet går ut på å utnytte faglege ressursar på tvers av skulane. Eit hovudpoeng her har vore å legge til rette for samordning av det vidaregåande opplæringstilbodet i nabokommunane med sikte på at elevane på sørsida av Sognefjorden i større grad enn i dag skal få bu heime medan dei går på vidaregåande skule. Modellen byggjer på utstrekt bruk av digitale verkty, særleg i samband med dei 30 prosent av Vg1 som er felles for alle yrkesfaglege utdanningsprogram. Vidare kan ein sjå for seg felles presentasjon av opplæringstilbodet på utdanningsmesser og elles.

Kommunestyra i Årdal, Lærdal og Aurland har stilt seg bak prosessen. Frå Opplæringsavdelinga har det blitt peikt på at dei vidaregåande skulane i heile indre Sogn er pålagt å samarbeide, slik at ei samordning også må femne om skulane i Luster og Sogndal. Også kommunestyrevedtaket i Lærdal reflekterer eit slikt syn. Hustad peikar på at det er lagt opp til å trekkje resten av sogneregionen med i samarbeidet i andre fase av prosjektet.

5. Drøfting / konklusjon

Problemstilling 1: Korleis kan SJH fungere som reiskap for fylkeskommunen i deira rolle som regional utviklingsaktør?

Spørsmålet som vert reist her er tosidig: Det dreier seg både om kva SJH kan bidra med overfor fylkeskommunen som utviklingsaktør og om kva grep fylkeskommunen kan ta for at SJH skal fungere som denne reiskapen. Før vi drøftar desse to dimensjonane vil vi seie noko om utgangspunktet begge partane har for denne gjensidige relasjonen.

Utgangspunkt

Sogn og Fjordane er eit fylke under press og utviklinga kan gi grunn til bekymring på fleire område:

- Negativ folketalsutvikling og fråflytting frå utkantane
- Landbruksnæringa er på vikande front, ei utvikling som kan kome til å aksellerere med ein reforhandla WTO-avtale
- Hjørnesteinsbedrifter vert lagt ned i einsidige industrikommunar.

I denne situasjonen møter fylkeskommunen krav om å oppfylle si rolle som regional utviklingsaktør. I St.meld. nr. 19 (2001-2002) "Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå" vart det slått fast om det fylkeskommunale nivået generelt at "fylkeskommunens legitimitet som regional utviklingsaktør har vært sviktende de siste årene". For å bøte på dette fekk fylkeskommunen større fridom til å foreta eigne strategiske vurderingar og til å tilpasse verkemiddelbruken i tråd med eigne prioriteringar. Vidare er framtida til fylkeskommunen under debatt og i løpet av relativt få år kan det regionale forvaltningsnivået hamne i støypeskeia. Desse prosessane gjer at Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit legitimeringsbehov og må søke alliansar for å kome på offensiven som regional utviklingsaktør. Det er i dette perspektivet vi må vurdere fylkeskommunen si rolle i høve kunnskaps- og entreprenørmiljøet på og rundt Sogn jord- og hagebruksskule.

I 25 år har Sogn jord- og hagebruksskule (SJH) kjempa med ryggen mot vegg for å overleve, noko mange vil hevde at dei har klart mot alle odds. Fylkesrådmannen reiste framlegg om å leggje ned SJH første gongen i 1981 utan å få gjennomslag for dette i Fylkestinget (Groven 1992). Det same skjedde i 1983 og 1987. Ei gradvis omlegging av drifta ved SJH frå konvensjonelt til økologisk landbruk frå tidleg på 1980-talet viste seg å bli redninga for skulen, og i 1994 fekk skulen status som økologisk landsline med statleg finansiering, seks år etter at fylkeskommunen først søkte Landbruksdepartementet om ei slik ordning.¹⁰ Det som i 1994 kunne sjå ut som ei varig trygging av skulen sin eksistens, skulle vise seg å bli nye ti års kamp for å overleve på grunn av landslineordninga sin usikre posisjon.

Ein diskusjon om rolla som utviklingsaktør er naturleg nok nært kopla til ein diskusjon om utviklingsretning. Aktørrolla vert påverka av kva lei ein ønskjer at utviklinga skal gå i, som i neste omgang også gir føringar for val av partnerar i utviklingsarbeidet. Ein diskusjon om kva rolle SJH kan ha i høve til Sogn og Fjordane fylkeskommune si rolle som utviklingsaktør er derfor nært kopla til spørsmålet om kva type kompetanse SJH kan bidra med – som altså igjen

¹⁰ Frå 1. januar 1990 vart dei tidlegare landbruksfagskulane lagt inn under lov om vidaregåande opplæring med KUF som ansvarleg departement.

er kopla til kva type utviklingsretning fylkeskommunen ønskjer å arbeide etter. Fylkesplanen omtaler m.a. verdiskaping i småskala næringar og tenester og nye næringar. I høve til den utviklingsretningen som er omtalt på desse satsingsområda har SJH ei rolle å spele framover.

Vestlandsforskning har i eit notat til Sogn og Fjordane fylkeskommune med tittelen "Distriktpolitikk og utvikling i Sogn og Fjordane" drøfta viktige element som gjeld innhaldet i den regionale utviklingspolitikken.¹¹ Notatet gir ein omtale av dei særskilde samfunnsformene i Sogn og Fjordane, og trekkjer fram fire forhold: Mangesyslerisamfunna og det dei har å seie for utviklinga i fylket, småkommunane og kva dei betyr for mangesyslerisamfunna, dei mellomstore samfunnsbedriftene og kva dei har å seie for småsamfunna, og dei todelte ungdomsmiljøa (dei "teoretisk flinke" og dei "praktisk flinke") og vilkåra for mangesysleri og varig busetnad. Dette er element som forskingsleiar Karl Georg Høyser ved Vestlandsforskning meiner karakteriserer viktige sider ved Sogn og Fjordane. Det er også element som karakteriserer den samfunnsforståinga som ligg til grunn for den typen undervisningstilbod vi finn ved SJH.

Rolla SJH spelar – nettverk, ressursar

Frå dei første elevforsøka med økologisk hagebruk starta på SJH midt på 1970-talet og fram til i dag, har skulen vore prega av evne til nyorientering. Det var nyskapande å legge om drifta av skulegardsbruket og pedagogikken til økologiske prinsipp på 1980-talet, på ei tid da berre nokre promille av det norske landbruket vart drive økologisk. I løpet av det tiåret som har gått sidan den økologiske landslina vart oppretta har det skjedd ei vesentleg utviding av det økologiske perspektivet ved SJH. Tidlegare var fokuset agronomisk, retta mot plante- og husdyrproduksjon. I dag femner undervisninga og formidlinga om heile prosessen frå jord til bord. Landbruksproduksjonen har i tillegg blitt sett inn i ein større samanheng der vekta har blitt dreid over mot småskalaproduksjon og mangesysleri basert på økologiske prinsipp. Etablering av ressursenteret i 1995 og Kompetansenavet i 2002 har vore viktige milepælar i denne utviklinga. Parallelt med desse milepælane har skulen utvikla eit nettverk nasjonalt og internasjonalt.

Når SJH no søker om å få opprette eit nytt opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping, er det naturleg å sjå det som eit ledd i ei utvikling som har strekt seg over fleire tiår. Det er også grunn til å sjå ønsket om eit nytt Vg1 Naturbruk NKV i samanheng med ambisjonane om å byggje opp eit nasjonalt kompetansesenter for økologisk verdiskaping.


Med landslina og Kompetansenavet har Sogn og Fjordane fått to nasjonale funksjonar som samla representerer ein verdifull og langt på veg unyttta ressurs med tanke på skuleeigaren si rolle som regional utviklingsaktør.

I tråd med utvidinga av det økologiske perspektivet har skulen utvikla ein visjon om eit nasjonalt kompetansesenter for økologisk verdiskaping. Denne tanken har også blitt støtta frå fylkeskommunen si side, og i februar 2005 søkte fylkesrådmannen departementet om oppretting av "Norsk senter for økologisk verdiskaping", utan at det initiativet førte fram.

SJH har vore ein historisk føresetnad for utvikling av eit kreativt, økologisk basert entreprenørmiljø i Aurland. Dette miljøet har så utvikla seg parallelt med, og til ein viss grad uavhengig av SJH. Relasjonane mellom fleire av desse aktørane er relativt svakt utvikla.

¹¹ Sjå ein kortversjon av notatet: <http://www.vestforsk.no/dok/publikasjonar/Distr-pol-kortversjon.pdf>

Dersom fylkeskommunen nyttar si rolle som skuleeigar til å gi rammevilkår til at det samla kunnskaps- og entreprenørskapsmiljøet i Aurland kan utvikle seg, kan det bli eit kraftfullt instrument for fylkeskommunen som regional utviklingsaktør.



Figur 2: Døme på aktørar og nettverk som SJH har kontakt med.

Figuren ovafor fokuserer først og fremst på potensialet som ligg i ei ytterlegare styrking av dei nettverka som SJH er ein del av. Figuren har med ein del eksempel på aktørar, men er på ingen måte uttømmende.

Den geografiske plasseringa til Aurland kan gjere det lettare å drive regionalt utviklingsarbeid også ut over fylkesgrensene. Frå ei heller bortgjømt plassering inst i Sognefjorden har Aurland gjennom utbygging av stamvegnettet fått ei plassering langs hovudferdsleåra mellom Oslo og Bergen, nær grensa til både Buskerud og Hordaland. Kommunikasjonane mot Hallingdal og Voss/Hardanger har tradisjonelt vore viktige for aurlendingane, og vi ser gjennom kontaktnettet til SJH at plasseringa har hatt mykje å seie for samarbeid ut av Sogn og Fjordane både austover og sørover.

Samhandlinga mellom skulen og sentraladministrasjonen

Vi har tidlegare peikt på at det vidaregåande skulesystemet i liten grad har sett sitt preg på fylkesplanen. Fylkesplandokumentet har under avsnittet "Kompetanse og opplæring" ein kort omtale av rolla til den vidaregåande opplæringa (sjå sitat på side 12), i tillegg til at ein refererer dei åtte hovudstrategiane i strategisk handlingsprogram og listar opp seks punkt ein meiner det er viktig å arbeide vidare med i høve til høgskule, forskning og vidaregåande

opplæring. Elles vert det vist til at "handlingsprogrammet vil vere styrande for fylkeskommunen sin politikk på dette området [vidaregåande opplæring] i planperioden".

Når vidaregåande opplæring har fått relativt liten plass i fylkesplanen kan det henge saman med at handlingsprogrammet for vidaregåande opplæring vart utforma delvis i forkant av fylkesplanen. Dermed vart det i fylkesplanen mest naturleg å vise til handlingsprogrammet som opplæringssystemet nyleg hadde ferdigstilt. Utan at det har vore vår oppgåve å analysere forholdet mellom dei to planprosessane ved Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga får vi eit inntrykk av at det er trong for ein større grad av koordinering.

På direkte spørsmål stadfestar rektor Olav A. Bø ved SJH at skulen ikkje har blitt invitert til å delta i fylkesplanprosessen og heller ikkje har gjort forsøk på å påverke prosessen på eige initiativ. Ivar-Bjarne Undredal ved Kompetansenavet har rett nok halde eit innlegg for arbeidsgruppa for satsingsområdet "Småskala næringer, lokalsamfunn og bruk/vern" i samband med prosessen "Frå plan til handling".

I tillegg til dei mekanismane som rår rundt den interne arbeidsdelinga og samhandlinga i fylkeskommunen, og som venteleg slår likt ut for alle dei vidaregåande skulane, er SJH i ei særstilling ved at fylkeskommunen ikkje har driftsansvar her. Gjennom landslinestatusen har SJH fått ein autonom posisjon, der skulen stort sett berre har hatt kontakt med fylkeskommunen som eigar av garden/bygningsmassen og gjennom arbeidsgjevaransvaret fylkeskommunen har for dei tilsette ved skulen.¹² Dette gjer at vi har grunn til å tru at SJH i mindre grad enn andre vidaregåande skular i fylket har kome i inngrep med strategiprosessen i opplæringssystemet og utarbeidinga av strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring.

Landslinestatusen, som gjer at SJH står litt på sida i høve til Opplæringsavdelinga, er neppe grunnen til at SJH ikkje har deltatt direkte i fylkesplanprosessen. Her må ein heller leite etter ei forklaring i relasjonane mellom SJH og Regionalavdelinga. Vi har sett at den faglege innrettinga til skulen er relevant i høve til fleire av satsingsområda i fylkesplanen og at miljøet på og rundt SJH er blant dei fremste kompetansemiljøa i fylket på nokre av desse områda. På eitt felt (småskala foredling av mjølk) har dei den fremste ekspertisen i landet. Dermed ser det ut til at ein i fylkesplansamanheng ikkje medvite nok har utnytta den ressursen SJH representerer.

På den andre sida kan ein hevde at skulen har forsømt seg ved ikkje å ha engasjert seg i fylkesplanprosessen. Trass i manglande samspel mellom skulen og fylkesplanprosessen er det likevel mange felles tangeringsområde. I avsnittet om forventningar til SJH som utviklingsaktør synte vi at SJH i dag bidreg innanfor fylkesplanen sitt satsingsområde *småskala næringer, lokalsamfunn og bruk/vern*. Skulen har gode føresetnader saman med organisasjonar og verksemder lokalt for å utvikle ei rolle også på fleire av satsingsområda innanfor *tenesteyting og nye næringer*. Dermed ligg det godt til rette for å utvikle betre samhandling i tida framover.

¹² Vi kan legge til at staten gjennom driftsansvaret for landslinene heller ikkje gir SJH den oppfølginga vanlege vidaregåande skular er gjenstand for.

Føresetnader

Skal SJH kunne fungere som den reiskapen for fylkeskommunen som vi har vore inne på er det nokre vilkår som må vere til stades. Nedanfor vil vi peike på nokre føresetnader som bør leggest til rette frå begge sider for at SJH skal kunne fylle ei slik rolle. Den mest grunnleggande føresetnaden som må liggje på plass er likevel i hendene på andre enn SJH og Sogn og Fjordane fylkeskommune: Sjølv eksistensen til skulen må vere sikra for at personalet her skal få arbeidsro til å bidra i det regionale utviklingsarbeidet. Slik det ser ut i dag er trygging av landslinestatusen sjølv nøkkelen til stabile og gode arbeidsvilkår ved SJH. Her er det avgjerande at landslineordninga får ei forankring i departementssystemet som hindrar at ordninga på nytt vert sett under press ved neste regjeringsskifte. Vidare må økologisk landbruk sikrast ein plass i den nye programstrukturen under Kunnskapsløftet. Skulen opplever at fylkeskommunen bidrar positivt i høve til begge desse prosessane.

Vi har sett at fylkesplanen og handlingsprogrammet for vidaregåande opplæring legg til grunn at dei vidaregåande skulane skal bidra tungt i det regionale utviklingsarbeidet. Dermed kviler det eit ansvar på fylkeskommunen når det gjeld å gi SJH rammevilkår som set skulen i stand til å fungere som reiskap for fylkeskommunen på dette området. Her vil vi særleg peike på tre forhold: Strategisk rolle, kompetansebygging og fysisk tilrettelegging.

Det viktigaste vilkåret for at SJH skal fungere som ein reiskap for fylkeskommunen som regional utviklingsaktør er at SJH vert innlemma i fylkeskommunen sin *strategi* på området. Det betyr at Fylkestinget meislar ut ein visjon for kva ein vil utrette med fagmiljøet på skulen. Den administrative førebuinga av eit slikt vedtak må skje gjennom eit tett samspel mellom Fylkesrådmannen, Regionalavdelinga og Opplæringsavdelinga. SJH bør trekkjast inn i dei etablerte fora fylkeskommunen har etablert eller på annan måte har innverknad over når det gjeld kompetanseoppbygging og innovasjon.

Eit viktig ledd i ein slik visjon må vere å leggje ein plan for *kompetanseoppbygging* ved SJH. Skulen har vist evne til å hevde seg nasjonalt innanfor sine fagfelt med utgangspunkt i små ressursar, ettersom driftsbudsjettet til landslina i praksis har blitt strammare over tid. Dersom SJH vert tiltenkt ei rolle som reiskap for fylkeskommunen i høve til regional utvikling, vil det krevje noko større faglege ressursar enn det eit hardt pressa kollegium ved SJH rår over i dag. Den *fysiske tilrettelegginga* gjeld bygningar og andre undervisningsfasilitetar.

Fylkeskommunen har heile tida anerkjent det ansvaret dei som skuleeigar har for bygningsmassen ved SJH. Skulen har såleis fått ny driftsbygning for ikkje så mange år sidan, og det ser ut til å ha blitt ei løysing for tilgang til produksjonskjøken. Det er no sterk trong for nye og oppgraderte lokale til undervisning, kursverksemd, fleire kontorplassar, større matsal mm.¹³ Når det gjeld klasserom er kapasiteten sprengt, og i den grad SJH skal utvide aktiviteten er det naudsynt med nye lokale. Oppretting av eit grunnkurs frå hausten 2006 vil ikkje vere mogleg utan mellombelse løysingar med lån av lokale.

Også frå SJH si side er det nokre føresetnader som bør på plass for at skulen skal stå fram som ein attraktiv alliansepartner for fylkeskommunen. I utgangspunktet er reiseliv og formidling av kulturverdiar ikkje fagområde som SJH har kompetanse innanfor. Kompetanseoppbygging innanfor nye felt er krevjande, og sjølv om ein skulle få på plass dei økonomiske vilkåra for å få dette til, vil ei fagleg nyorientering krevje mykje av både skuleleiinga og den enkelte tilsette.

¹³ Utviklingsplan for SJH kap.8 inneheld ein oversikt over naudsynte tiltak på bygnings- og utstyrssida.

Som vi tidlegare har peikt på representerer det samla miljøet i Aurland eit spennande bidrag innanfor nye typar næringsutvikling i grenselandet mellom småskala landbruk, lokal foredling av mat og reiseliv. For at ein skal kunne ta ut det potensialet som ligg i eit slikt fellesskap, vil det vere trong for at skulen styrkar relasjonane til ein del lokale og regionale aktørar.

Vi vil oppsummere drøftinga vår med å peike på desse vilkåra for at SJH i tida framover skal styrke sine bidrag til fylkeskommunen si utviklingsrolle:

- Landslineordninga må få ei forankring i opplæringsbyråkratiet sentralt, og økologisk landbruk må sikrast ein plass i den nye programstrukturen under Kunnskapsløftet.
- SJH bør innlemmast i fylkeskommunen sine *strategiar* ved at Fylkestinget meistar ut ein visjon for kva ein vil utrette med fagmiljøet på skulen. Det krev også ein plan for *kompetanseoppbygging* ved skulen, og det vil krevje noko større faglege ressursar enn det eit hardt pressa kollegium ved SJH rår over i dag. Den *fysiske tilrettelegginga* gjeld bygningar og andre undervisningsfasilitetar.
- Skuleleiinga og den enkelte tilsette ved SJH må utvikle og rekruttere kompetanse som gjer skulen i stand til å fylle rolla som utviklingsaktør innan natur- og kulturbasert verdiskaping. Det vil m.a. krevja at skulen styrkar samhandlinga til ein del lokale og regionale aktørar, og at skulen spelar ei meir aktiv rolle i forhold til fylkesplanprosessen.

Problemstilling 2: Er det trong for etablering av eit vidaregåande opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping?

Eit opplæringstilbod i natur- og kulturbasert verdiskaping slik SJH har skissert det i søknaden sin, vil bringe element av reiselivsfasag inn i naturbruksprogrammet. Vi snakkar her om ei utviding av det tradisjonelle reiselivsomgrepet med stor vekt på formidlarrolla. SJH plasserer seg innanfor ein reiselivstradisjon som er godt etablert i mange andre land, men som førebels har lita utbreiing i Norge. Internasjonalt vert det nytta mange omgrep om den forma for reiseliv det her er tale om: Økoturisme, natur- og kulturbasert reiseliv, berekraftig reiseliv, mjuk turisme, kvalitetsturisme og – som siste tilskot til familien – geoturisme. Omgrepa kan grovt sett delast i to hovudkategoriar: (1) *Miljøbasert* reiseliv: Fokus på natur og kultur som ressursgrunnlag; (2) *Miljøtilpassa* reiseliv: Fokus på dei avgrensingane omsynet til natur og kultur gir i høve til reiselivsutviklinga. Slik vi tolkar søknaden og informasjon frå SJH, vil eit opplæringstilbod i Naturbruk NKV *kombinere* desse to fokusa. I tilfelle vil tilbodet ved SJH vere eitt av svært få undervisningstilbod i landet. Ei kartlegging gjort av Vestlandsforskning av undervisningstilbodet på *høgskule- og universitetsnivå* konkluderar t.d. med at det ikkje finst fullgode undervisningsnivå i Norge med eit slikt kombinert fokus (Aall og Groven, 2004)¹⁴.

Nærøyfjorden og Geiranger vart i juli 2005 ført opp på UNESCO si verdsarvliste. Dette vil gi auka internasjonal merksemd om det vestnorske fjordlandskapet. Det er rimeleg å tru at verdsarvstatusen vil resultere i auka turisme i regionen generelt, og at effekten vil bli sterkast i dei to verdsarvområda. Denne situasjonen representerer truleg eit stort potensial for

¹⁴ Aall, C., Groven, K. (2004): Institutt for kvalitetsturisme. Identifisering av eit kunnskapsfelt. VF-rapport 3/2004. Sjå <http://www.vestforsk.no/dok/publikasjonar/notat3-04-kvalitetsturisme.pdf>

næringsutvikling, men også ei utfordring med tanke på korleis ein skal handtere ei auka tilstrøyming av turistar.

Med tanke på at SJH set grunnkurssøknaden i samanheng med ambisjonen om å byggje opp eit nasjonalt kompetansemiljø på dette området, er det av interesse å vurdere kva kunnskapsbehov eit slikt fagmiljø kan vere med å dekkje. Vestlandsforskning har tidlegare vist at Norge ligg etter internasjonalt i kunnskapsutviklinga på området reiseliv og miljø; både innanfor næringa, offentleg forvaltning og ikkje minst forskning og undervisning (Aall og Groven, 2004). Internasjonalt veletablerte kunnskapsområde som berekraftig reiseliv, økoturisme, nasjonalparkturisme, geoturisme og kvalitetsturisme er berre i svært avgrensa grad fanga opp i norsk samanheng. Slik vi ser det vil oppbygging av eit fagmiljø ved SJH kunne bidra til å dekkje fleire identifiserte kunnskapsbehov, mellom anna spørsmålet om korleis ein kan auke verdiskapinga innanfor det småskala reiselivet og korleis ein kan utnytte større verneområde som reiselivsressurs utan at dette kjem i konflikt med verneinteresser.

Reiselivsnæringa og tilgrensande næringar har i dag større fokus enn tidlegare på å utvikle opplevingstilbod som kan styrke attraksjonsverdien og lønsemda til reiselivsprodukta. Dette gjeld også for reiselivsmiljøet lokalt i Aurland. Skal ein klare å utnytte dei kvalitetane som har gitt vestlandsfjordane verdsarvstatus og møte behovet for utvikling av nye opplevingstilbod, må ein utvikle kunnskap på feltet.

Eit undervisningstilbod av den typen ein her har planar om å etablere finst ikkje andre stader i landet. Det næraste vi kjem ei slik tilnærming innanfor eksisterande naturbrukstilbod, er "Naturguidetilpasset GK Naturbruk med jakt og friluftsliv" ved Tana vidaregåande skole. I presentasjonen av dette tilbodet på nettsidene til skulen, kan vi lese:

Som naturguide skal du lære å ta med deg folk ut på naturopplevingar. Du vil lære å ta vare på deg selv og andre ute, fortelle historier, formidle kultur, hva du skal gjøre når det oppstår kritiske situasjoner, utvikle naturopplevingar for salg m.m.

Tana vidaregåande skole tilbyr også "Naturguidetilpasset VK1 Landbruk og Naturforvaltning". Tilbodet i Tana har klare likskapstrekk med ideen SJH har utvikla, men dei har valt å berre nytte utmark og naturopplevingar som utgangspunkt for næringsutvikling.

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) planlegg å starte eit nytt bachelorstudie innanfor reiseliv med tittelen natur- og kulturbasert reiseliv. Her vil ein leggje opp til den same type kombinerte fokus som ved SJH. Sogn og Fjordane kan dermed kome i den unike posisjonen nasjonalt å kunne tilby ei utdanning frå vidaregåande til høgare utdanning innanfor miljøbasert og miljøtilpassa reiseliv. Legg vi til den forskingskompetansen som er innanfor det same området ved HSF og Vestlandsforskning, og den nasjonale posisjonen Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har på det same området – mellom anna gjennom Naturbruksprosjektet – vil Indre Sogn gjennom etablering av eit nytt opplæringstilbod i natur- og kulturbasert verdiskaping ved SJH ytterlegare styrke stillinga som det leiande kunnskapsområdet i Norge innanfor miljøtilpassa og miljøbasert reiseliv.

Ut frå denne drøftinga er det etter vår vurdering trong for eit vidaregåande opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping. Det bør vere av allmenn interesse å etablere ei utdanning som har som mål å formidle ei medviten haldning til utnytting av næringspotensialet på ein måte som vernar om den naturgitte og kulturelle eigenarten ved regionen. Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å vere i den nasjonale fronten

når det gjeld kunnskapsutvikling og -formidling innan natur- og kulturbasert verdiskaping er det grunn til å utvikle og realisere eit slikt tilbod ved SJH.

Problemstilling 3: I kva grad møter det skisserte grunnkurstilbodet dei behova som eventuelt finst på dette feltet?

Søknaden om nytt Vg1 Naturbruk NKV gjer etter vårt syn godt greie for bakgrunnen for søknaden, med grunngeving av kvifor samfunnet (landbruket og reiselivet på Vestlandet) treng at det vert oppretta eit slikt opplæringstilbod. Søknaden prøver ikkje å godtgjere i kva grad det eksisterer eit behov for tilbodet forstått som etterspurnad blant 16-åringane, dei potensielle søkjarane.

Vi kunne ha ønskt at søknaden inneheldt ein meir utførleg omtale av *innhaldet* i grunnkurset. Det går fram at ein ønskjer å tilby "Vg1 Naturbruk med vekt på småskala landbruk, lokal foredling og tenesteyting til reiselivet og det offentlege". Vidare er det under avsnittet *Vektlegging av kompetansemål* gjort greie for formålet med den pedagogiske vinklinga ein har valt ved å leggje stor vekt på turar og aktivitetar som gir elevane natur- og kulturopplevingar. Vi siterer:

- Vi vil leggje vekt på at elevane på dette kurset skal delta på fleire målretta turar/aktivitetar:
- for å gje dei ekte natur-/kulturopplevingar som går "under huda"/"til hjartet"
 - for at dei skal få kjensler for og identitet knytt til vår felles natur- og kulturarv
 - for at dei samstundes skal oppleve korleis profesjonelle folk presenterer ei historie eller aktivitet
 - og for at dei etterkvart kan bli i stand til å presentere eit "produkt", ein aktivitet for ei aktuell gruppe.

Vidare er det under *Metode* omtalt at det vil bli lagt stor vekt på praksisundervisning gjennom periodevis utplassering i næringslivsverksemdar. Til saman gir dette for så vidt eit innblikk i den faglege profilen og pedagogiske vinklinga, men søknaden kunne vore meir utfyllande på dette punktet. I søknaden (oversendingsbrevet) peikar også rektor på dette forholdet, i det han understrekar at det framleis står mykje att når det gjeld innhaldet, og han signaliserer at ein vil kome tilbake med konkretisering. Slik konkretisering har i noko mon kome fram gjennom dei intervjuar vi har gjennomført i samband med denne utgreiinga.

SJH gir til kjenne at dei ønskjer å etablere eit *nasjonalt kompetansesenter* med same faglege innretting som Naturbruk NKV. Samstundes går det fram av søknaden og samtalar med representantar for skulen at grunnkurset primært rettar seg inn mot elevar frå Sogn. Vi opplever at det er eit gap mellom dei nasjonale ambisjonane og den lokale/regionale rekrutteringa til eit grunnkurs som dette. Skulen forklarar dette med at dei ser på oppretting av Vg1 Naturbruk NKV som eit første steg i den gradvise kompetanseoppbygginga som må finne stad ved SJH om ein skal nå visjonen om etablering av nok ein nasjonal spyspissfunksjon i Aurland.

Etter vår vurdering vert det betre samsvar mellom ambisjonane både som nasjonalt kompetansesenter og rolla som regional utviklingsaktør dersom det vert utvikla eit heilskapleg vidaregåande opplæringstilbod som inkluderer Vg2 og Vg3. For å realisere dette bør det stillast til rådvelde midlar for å utvikle kompetansen ved skulen og det faglege innhaldet i eit slikt fullverdig opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping.

Problemstilling 4: Kan eit vidaregåande opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping passast inn i fylkeskommunen sine mål og strategiar for opplæring?

Under vil vi gi ei vurdering av i kva grad oppretting av eit opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping vil bidra til ei oppfylling av dei åtte hovudstrategiane i Strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring.

1. Trivsel og tryggleik – det heile mennesket

Under hovudstrategi 1 er det sitert frå læreplanen, generell del:

I eit heile må opplæringa rettast også mot dei personlege eigenskapane ein ønskjer å utvikle, og ikkje berre mot faginnhald. Nøkkelen er å forme ut omgivnader som gir rikt høve for barn og unge til å utvikle medvite samfunnsansvar og handlingskompetanse for rolla som vaksen.

I tillegg til kveldsopne skular, miljøkoordinatorar og samarbeid med vertskommunen om fritidstilbod, er det ført opp som eit ønske for planperioden at opplæringa ”skal ta vare på det heile mennesket – den heilskaplege kompetansen”.

På eitt punkt kan ein hevde at SJH skil seg frå andre skular på dette punktet, og det gjeld vektlegginga av eit økologisk heilskapssyn, ei verdiforankring som pregar skulekvardagen. I utviklingsplanen for SJH er den første av hovudmålsetjingane formulert slik:

Sogn jord- og hagebruksskule skal vera ein lærestad der det skal leggjast til rette for kunnskapar og haldningar som fremjar eit økologisk heilskapssyn.

Dei økologiske prinsippa vil også liggje til grunn ved utforming av eit nytt tilbod. Fokuset på lokalsamfunnsutvikling er også i tråd med målsetjinga om at skulen skal utvikle medvite samfunnsansvar hos elevane.

2. Elev- og lærlingmedverknad

Hovudstrategi 2 fokuserer på ei meir aktiv elev/lærlingrolle, der han/ho får høve til å påverke eigen læringssituasjon. Det kan skje gjennom eit aktivt elevråd og deltaking i planlegging, gjennomføring, organisering og vurdering av opplæringa. Medansvar for andre elevar og skulefelleskapet er også nemnt som eit mål.

Vi har ikkje data som set oss i stand til å vurdere korleis det nye opplæringstilbodet vil slå ut i høve til spørsmålet om elev- og lærlingmedverknad, og såleis heller ikkje grunnlag for å hevde at det nye Vg1-tilbodet vil skilje seg ut i den eine eller andre retninga med omsyn til denne hovudstrategien.

3. Individuelt tilpassa opplæring

Spørsmålet om individuelt tilpassa opplæring vert i handlingsprogrammet særleg knytt til bruk av individuelle opplæringsplanar, med årsplan og periodeplanar som er felles for gruppa/klassen, og ein eigen arbeidsplan for kvar einskild elev. Grunnkurssøknaden seier dette under avsnittet *praktisk tilrettelegging*:

Konkret tilrettelegging må ta utgangspunkt i den einskilde eleven sine eigenskapar og behov. Individuelle læreplanar basert på ei grunnleggande forståing av differensiering vil ligge til grunn. Basis for denne tilrettelegginga er likevel utnytting av lokale ressursar, både naturlege og menneskeskapte.

SJH har truleg dei same førsetnader for å ta slike individuelle omsyn som andre skular. Det er likevel interessant at ein i samband med Vg1 Naturbruk NKV ønskjer å setje i gang eit regionalt tilbod med tilrettelagt undervising på Vg1-nivå for elevar med spesielle behov. I ei slik ramme vil individuell tilpassing av undervisinga vere heilt essensielt. Som det vert vist til i søknaden har naturbruksskulane eit fortrinn i så måte, fordi ein gjennom skulegardsbruket kan tilby eit mangfald av aktivitetar som enkelt kan tilpassast læreføresetnadene og evnene hos den enkelte eleven.

Hovudstrategi 3 understrekar også verdien av samarbeid mellom skular og skuleslag for å sikre gode opplæringsløp. Under "ønskt situasjon i 2007" står det mellom anna:

Gjennom samarbeid i grunnopplæringa, mellom grunnopplæring og høgskule samt mellom grunnopplæringa og næringsliv opplever elevar og lærlingar gode overgangar og samanheng i opplæringsløpet.

Søknaden opnar for eit samarbeid mellom SJH og HSF med tanke på at elevar på Naturbruk NKV ved SJH kan gå vidare på reiselivsutdanning i Sogndal (jf. figur 1). Ei slik tilnærming vil vere i tråd med målet om samordning mellom skuleslaga for å sikre gode utdanningsløp.

4. Vidaregåande opplæring som ressurs-/studiesenter

På side 14 har vi gjort greie for hovudstrategi 4. Vi vil her nøye oss med å repetere essensen i strategien gjennom eit sitat frå høyringsnotatet som også er nytta i handlingsprogrammet (s.16):

Vidaregåande opplæring er ein viktig medspelar for arbeidslivet med omsyn til behov for kompetanse, og kan på denne måten medverke til auka verdiskaping, næringsutvikling og innovasjon.

Samarbeid i nettverk og gjennom partnerskap er eit verkemiddel for m.a. å sikre at eit samla opplæringstilbod skal vere tilpassa den einskilde elev sine behov og interesser og næringslivet sitt behov for kompetanse.

Planane for eit vidaregåande opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping spring ut frå den kontakten SJH har med småskala matprodusentar og reiselivsnæringa lokalt i Aurland. Frå begge desse miljøa vert det uttrykt at det er trong for ein slik utdanningsveg: Dei som driv bygdeturisme og tilgrensande aktivitetar ser trongen for kompetanseheving i næringa, medan reiselivet etterlyser lokal og stabil arbeidskraft med innblikk i den lokale natur- og kulturarven. Stikkorda "verdiskaping, næringsutvikling og innovasjon" frå sitatet er dekkjande for intensjonen med det nye opplæringstilbodet. Oppretting av eit slikt tilbod samsvarer derfor i høg grad med strategien om vidaregåande opplæring som ressurs-/studiesenter.

5. Eit desentralisert opplæringstilbod

Frå handlingsprogrammet s.8:

Ein desentralisert tilbodsstruktur og samstundes ei opplæring av høg kvalitet vil medverke til at den vidaregåande opplæringa ivaretek rolla som regional utviklingsaktør i heile fylket. Dette vil også vere avgjerande for målsetjinga om å ivareta alle målgrupper sitt behov for opplæring, ved å vere ilgjengeleg for ungdom og vaksne i det området dei bur og arbeider.

Frå høyringsnotatet "Framtidige strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane":

For å kunne nå målsetting om fleksibilitet og dermed større breidde i opplæringstilbodet, er det behov for meir bruk av nettbaserte løysingar. IKT som verktøy vil kunne leggje betre til rette for ei

individualisering av læringsprosessen og ikkje minst bety at både unge og vaksne elevar/lærlingar kan vere i sitt nærmiljø under opplæringa.

Eitt av dei fire prioriterte tiltaka i handlingsprogrammet er å sikre at ”regionalt samarbeid mellom skulane i dei tre regionane vert styrkt og utvida, m.a. for å sikre ein desentralisert tilbodsstruktur”.

Det å kunne tilby Vg1 Naturbruk også i indre Sogn, vil vere i samsvar med målet om ein desentralisert tilbodsstruktur. Elevar frå denne regionen er underrepresenterte i dei tre grunnkursklassane ved Mo og Jølster vidaregåande skule – dei står for 13 prosent av elevmassen over siste tre skuleår. Dette står i kontrast til synspunkt vi har fått gjennom intervju i denne utgreiinga der det vert vist til at Mo og Jølster vidaregåande skule rekrutterer likt frå dei tre regionane i fylket, og at dei såleis vil få svekt rekrutteringsgrunnlaget sitt dersom det vert oppretta Vg1 på SJH. Låg søking frå Sogn til grunnkurs på Mo kan tyde på at somme vel bort Naturbruk fordi dei ikkje har tilbod om slik opplæring i eigen region. Det kan tale for at det er andre vidaregåande skular i Sogn som i størst grad vil merke eit eventuelt grunnkurs på SJH i form av redusert elevtal.

Planane om samordning av det vidaregåande opplæringstilbodet i kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har som eit viktig mål å sikre at elevane i området skal få bu heime så mykje som råd medan dei går på vidaregåande skule. Dette synest å vere i tråd med hovudstrategi 5 i Strategisk handlingsprogram.

6. Internasjonalisering

Handlingsprogrammet siterer Opplæringslova §1-2 om at ”opplæringa skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økonomisk forståing og internasjonalt medansvar”. Læreplanen peikar på god kunnskap om andre lands kultur og språk som vilkår for at Norge skal gjere seg gjeldande i internasjonale kunnskapsnettverk. Handlingsprogrammet set som mål for planperioden m.a. at lærar-/elev-/lærlingutveksling internasjonalt skal bli ei vanleg arbeidsform; at skular og verksemder har høg kompetanse i internasjonalisering (EU-program).

Søknaden om Vg1 Naturbruk NKV inneheld ikkje opplysningar om planar for internasjonalt samarbeid/utveksling. Dette ser vi på som ein mangel ved søknaden. SJH har ei rekkje internasjonale kontaktar, men desse har i liten grad hatt preg av systematisk kunnskapsutveksling over tid. Vi har tidlegare peikt på at Norge har kome kortare enn mange andre land på kunnskapsfeltet miljøbasert og miljøtilpassa reiseliv. Etter vårt skjønn inneber det at den kompetanseutviklinga som skulen må gjennom for å byggje opp eit opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping vil krevje at ein går ut over landegrensene for å hente kunnskap og impulsar. Derfor er det truleg at etablering av det nye tilbodet vil samsvare med fylkeskommunen sine strategiar for internasjonalisering i vidaregåande skule. Likevel, skal SJH lykkast med å la etableringa av eit vidaregåande opplæringstilbod bli utgangspunkt for eit nasjonalt kompetansesenter, må arbeidet med internasjonalisering verte meir målmedvite enn det har vore til no.

7. Kompetanseutvikling

Hovudstrategien om kompetanseutvikling vert forankra i St.meld. 19 (2001-02) kap.7, som peikar på kompetanse som ein grunnleggande føresetnad for utvikling av vekstkraftige regionar med eit allsidig næringsliv. Handlingsprogrammet s.9:

Stabile og robuste fagmiljø er ein føresetnad for ei opplæring av høg kvalitet. Eit verkemiddel er ei velfungerande etter- og vidareutdanning for skuleleiing, lærarar, instruktørar, prøvenemnder, rådgjevarar og miljøkoordinatorar.

Oppretting av Vg1 Naturbruk NKV ved SJH vil innebere ei fagleg nyorientering som krev at skulen hentar inn ny kompetanse gjennom tilsettingar, i tillegg til at ein utviklar kompetansen hos eksisterande personell. Ettersom det nye kurset vert sett på som ein av dei tidlege byggjesteinane i etablering av eit nasjonalt kompetansesenter for økologisk verdiskaping, må kompetanseutviklingselementet her stå særleg sentralt. Nettopp denne dimensjonen meiner vi talar for at oppretting av Vg1 Naturbruk NKV i høg grad samsvarer med kompetanseutviklingsstrategien i handlingsprogrammet.

8. Utviklings- og fornyingsarbeid

Handlingsprogrammet peikar på tre hovudutfordringar som dei vidaregåande skulane står overfor i høve til utviklings- og fornyingsarbeid: elevmedverknad, leiing og kompetanseutvikling. Innføring av eit system for kvalitetssikring og kvalitetsvurdering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane er det enkelttiltaket under hovudstrategi 8 som har fått breiast omtale i handlingsprogrammet. Eit viktig mål her er at leiinga ved skulane i større grad skal bli opptekne av strategisk planlegging, pedagogisk leiing, kvalitet og utvikling. Andre tiltak er årlege rulleringar av utviklingsplanar for skulane og utviklingsmidlar til særleg kostnadskrevjande tiltak tildelt etter søknad frå skular og verksemder.

Etablering av eit nytt vidaregåande opplæringstilbod og fagleg nyorientering ved SJH kan med rette kallast utviklings- og fornyingsarbeid. Hovudstrategien fokuserer på strategisk planlegging og kvalitetssikring. Den strategiske dimensjonen i planane til SJH er knytt til den faglege nyorienteringa med ei langsiktig målsetting om å etablere eit nasjonalt kompetansesenter innanfor økologisk verdiskaping. Når det gjeld systematisk arbeid med kvalitetssikring har vi ikkje data som talar for at den planlagte opprettinga av eit nytt opplæringstilbod ved SJH i høgare grad vil bidra til oppfyljing av hovudstrategi 8.

Gjennomgangen ovanfor gir grunnlag for ei grov kategorisering av dei åtte hovudstrategiane med omsyn til om dei ser ut til å bli støtta gjennom oppretting av eit vidaregåande opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping. Vi manglar data for å vurdere korleis etablering av dette tilbodet vil slå ut i høve til hovudstrategi 2. Elles finn vi at det nye opplæringstilbodet har potensial til å bidra positivt til oppfyljing av dei andre sju hovudstrategiane i handlingsprogrammet. Det gjeld truleg i størst grad for strategiane 4, 5, 7 og 8.

Konklusjon

SJH som reiskap for fylkeskommunen i rolla som regional utviklingsaktør

Fylkesplanen er det sentrale instrumentet for realisering av rolla som utviklingsaktør. Planen sine satsingsområde innanfor småskala næringer, lokalsamfunnsutvikling og bruk/vern har mange tematiske tangeringspunkt med den faglege profilen og kompetansen til SJH.

Gjennom dei siste tiåra har skulen bygd opp kompetanse og utvikla opplæringstilbod på økologisk landbruk, småskala foredling/omsetning og grønt entreprenørskap. Skulen har vist evne til fornying og har fått tildelt nasjonale funksjonar på sine fagområde. Det har resultert i landslina for økologisk landbruk og Kompetansenavet for småskala matproduksjon.

I tråd med utvidinga av det økologiske perspektivet har skulen utvikla ein visjon om eit nasjonalt kompetansesenter for økologisk verdiskaping. Denne tanken har også blitt støtta frå fylkeskommunen. Som del av denne visjonen ser skulen trong for å utvikle eit vidaregåande opplæringstilbod i natur- og kulturbasert verdiskaping. Med eit slikt grep vil skulen utvikle og løfte kompetansen sin vidare inn i reiselivssektoren. For å utvikle kompetanse og endringsimpulsar på dette området kan skulen spele på den klynga av verksemder, organisasjonar og einskildpersonar innanfor nyskaping i reiselivet som finst i Aurland kommune og regionen. Dersom skulen får rammevilkår for å realisere ei slik nyskaping vil det kunne gi bidrag til utviklingsrolla innanfor fylkesplanen sine satsingar på tenesteyting og nye næringer (reiseliv). Ein føresetnad er at skulen styrkar relasjonane til ein del lokale og regionale aktørar.

Fylkeskommunen si utviklingsrolle og skulen sin fagprofil har ein felles utviklingsretning. Skulen spelar i dag ei rolle for fylkeskommunen som utviklingsaktør, trass i at samhandlinga mellom skulen og fylkesplanarbeidet ikkje er godt utvikla. Ved betre samhandling mellom skulen og utviklingsrolla i sentraladministrasjonen kan ein realisere det unytta potensialet skulen har for fylkeskommunen. Eit større fokus på tverrsektoriell koordinering mellom opplærings-, regional- og kulturavdelinga i fylkesplanarbeidet kan også bidra her.

Trygging av landslinestatusen er i dag den mest grunnleggjande føresetnaden for skulen si utvikling. Det er avgjerande at landslineordninga får ei forankring i opplæringsbyråkratiet sentralt, og at økologisk landbruk vert sikra ein plass i den nye programstrukturen under Kunnskapsløftet. Fylkeskommunen bidrar positivt på begge desse frontane.

Tre føresetnader er sentrale for at skulen skal kunne spele ei viktig rolle for fylkeskommunen som utviklingsaktør: Strategisk rolle, kompetansebygging og fysisk tilrettelegging. SJH bør innlemmast i fylkeskommunen sine *strategiar* på området. Det betyr at fylkeskommunen bør meisle ut ein visjon for kva ein vil utrette med fagmiljøet på skulen. Det krev også ein plan for *kompetanseoppbygging* ved skulen, og det vil krevje noko større faglege ressursar enn det SJH rår over i dag. Den *fysiske tilrettelegginga* gjeld bygningar og andre undervisningsfasilitetar.

Også frå SJH si side er det nokre føresetnader som må på plass for at skulen skal stå fram som ein attraktiv alliansepartner for fylkeskommunen. I utgangspunktet er reiseliv og formidling av kulturverdiar ikkje fagområde som SJH har kompetanse på. Kompetanseoppbygging innanfor nye felt er krevjande. Sjølv om ein skulle få på plass dei økonomiske vilkåra for å få dette til, vil ei fagleg nyorientering krevje mykje av både skuleleiinga og den enkelte tilsette. Utvikling av nasjonal kompetanse på området natur- og kulturbasert verdiskaping vil krevje

meir systematisk kunnskapsutveksling med utanlandske fagmiljø enn SJH har hatt til no. Skulen bør også spele ei meir aktiv rolle i høve til fylkesplanprosessen.

Grunnkurs – berre eitt av fleire steg

Nærøyfjorden og Geiranger vart i juli 2005 ført opp på UNESCO si verdsarvliste. Dette vil gi auka internasjonal merksemd om det vestnorske fjordlandskapet. Det er rimeleg å tru at verdsarvstatusen vil resultere i auka turisme i regionen med eit potensial for næringsutvikling, og også ei utfordring med tanke på korleis ein skal handtere ei auka tilstrøyming av turistar.

Reiselivsnæringa og tilgrensande næringar har i dag større fokus enn tidlegare på å utvikle opplevingstilbod som kan styrke attraksjonsverdien og lønsemda til reiselivsprodukta. Dette gjeld også for reiselivsmiljøet lokalt i Aurland. Skal ein klare å utnytte dei kvalitetane som har gitt vestlandsfjordane verdsarvstatus og møte behovet for utvikling av nye opplevingstilbod, må ein utvikle kunnskap på feltet.

SJH sin søknad om å få opprette eit nytt opplæringstilbod innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping må tolkast i denne samanhengen. Vi oppfattar søknaden som ledd i ei utvikling som har strekt seg over fleire tiår, og som har samheng med ambisjonane om å byggje opp eit nasjonalt kompetansesenter innanfor økologisk verdiskaping, jfr. søknaden Sogn og Fjordane fylkeskommune sendte til departementet i 2005. Opplæringstilbodet skulen ønskjer å etablere vil bringe element av reiselivsfag inn i naturbruksprogrammet med stor vekt på formidlarrolla.

Internasjonalt vert det nytta mange omgrep om den forma for reiseliv det her er tale om: berekraftig reiseliv, økoturisme, kvalitetsturisme og – som siste tilskot til familien – geoturisme. Søknaden til SJH kombinerer to fokus som ligg i desse omgrepa: (1) *Miljøbasert reiseliv*: Vekt på natur og kultur som ressursgrunnlag; (2) *Miljøtilpassa reiseliv*: Vekt på dei avgrensingane omsynet til natur og kultur gir i høve til reiselivsutviklinga. Dette er eit vidaregåande opplæringstilbod som ikkje er tilgjengeleg andre stader i landet. Med vidare kopling til Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt plandlagde bachelorstudium i reiseliv med tittelen Natur- og kulturbasert reiseliv, vil ein kome i ein unik nasjonal posisjon med eit samhengane utdanningstilbod frå vidaregåande skule til høgskulestudium.

Eit opplæringstilbod i natur- og kulturbasert verdiskaping har potensial til å bidra positivt til oppfylling av så godt som alle hovudstrategiane i handlingsprogrammet. Dette gjeld særleg for strategiane vidaregåande opplæring som ressurs-/studiesenter (4), eit desentralisert opplæringstilbod (5), kompetanseutvikling (7) og strategien for utviklings- og fornyingsarbeid (8).

Det er eit gap mellom dei nasjonale ambisjonane om *nasjonalt kompetansesenter* for økologisk verdiskaping og den lokale/regionale rekrutteringa som eit grunnkurs i naturbruk vil ha. Oppretting av eit grunnkurs bør derfor vere eit første steg i den gradvise kompetanseoppbygginga som må finne stad ved SJH dersom den overordna visjonen skal la seg realisere. Samsvar vert det først ved å utvikle eit heilskapleg vidaregåande opplæringstilbod som inkluderer Vg2 og Vg3. For å realisere dette bør det stillast til rådvelde midlar for å utvikle kompetansen ved skulen og det faglege innhaldet i eit slikt fullverdig opplæringstilbod. Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune vil prioritere å vere i den nasjonale fronten når det gjeld kunnskapsutvikling og -formidling innanfor natur- og kulturbasert verdiskaping retta mot reiselivet, er det grunn til å utvikle og realisere eit slikt tilbod ved SJH.

Referansar

Groven, K., 1992: *Grøn framtid for Sogn jord- og hagebruksskule. Utgreiing om alternativ organisering og finansiering*. VF-rapport 4/92. Sogndal: Vestlandsforsking.

Plattform for regjeringssamarbeidet mellom Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet 2005-09.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2004: *Vegen vidare for Sogn og Fjordane (mål og strategiar)*. Vedteke av fylkestinget 9. juni 2004.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2005: *Strategisk handlingsprogram - Vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2004-07*. Justert i Hovudutval for opplæring 29.03.2005 (sak 004/05).

Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2005b: *Fylkesplanen 2005-2008. Frå plan til handling på satsingsområdet Småskala næringar, lokalsamfunn og bruk/vern*. Rapport frå ei arbeidsgruppe.

St.meld. nr. 19 (2001-2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*. Tilråding fra Kommunal- og regionaldepartementet av 12. april 2002, godkjent i statsråd samme dag. (Regjeringen Bondevik II)

Thyri, H. H., 2005: *Sogn Jord- og Hagebruksskule. Frå potetprest til økoskule*. Førde: Selja forlag.

***Sogn jord- og hagebruksskule
som lokal og regional
utviklingsaktør***

**Prosjektrapport
1.oktober 2009**

Sluttrapport: SJH som lokal- og regional utviklingsaktør

Innhald

1. Samandrag
2. Bakgrunn for prosjektet
3. Organisering og gjennomføring av arbeidet
4. Eigarforhold og finansiering av SJH
5. Konklusjonar og tiltak

Vedlegg:

1. Kartlegging og analyse
2. Rekruttering til naturbruksutdanning og landbruksrelaterte yrker i Sogn og Fjordane
3. Elevar som vel naturbruk, etter heimkommune og regioninndeling
4. Liste over samarbeidsaktørar med formalisert partnerskapsavtale
5. Visualisering av SJH nettverk
6. Sogn Jord- og Hagebruksskule – utgreiing om framtida for skulen, arkivsaksnr. 05/4253
7. Utgreiing om Sogn Jord- og Hagebruksskule, Vestlandsforskning – notat nr. 13/2005 (prenta vedlegg)
8. "Campus Aurland"
9. Evaluering av individuelt tilrettelagt vidaregåande opplæring på SJH

1. Samandrag

Konklusjonar

- 1) SJH er ein viktig lokal- og regional utviklingsaktør i dag. SJH har pr. i dag over 20 ulike partnerar innanfor landbruk, forskning, undervisning, matforedling, forvaltning og reiseliv.

SJH er viktig for regionalt næringsliv, som utviklar og kunnskapsformidlar. SJH er også viktig for busetjinga i regionen, gjennom at den trekkjer til seg folk som vert buande; både som arbeidsplass og ved at ein del tilreisande elevar vert att i regionen etterpå.

Aktiviteten til skulen genererer også nasjonal og internasjonal interesse og samarbeidspartnarar.

- 2) Det største utviklingspotensialet ligg i å vere ein utviklingsaktør også for ungdom frå eigen region. Det kan ein ikkje seie skulen er i dag, då skulen rekrutterar så godt som ingen elevar frå grunnskulen i eigen region. Tilbakemeldingar frå elevar i grunnskulen, rådgjevarar og kommunane peikar klårt på manglande tilbod på Vg1 som årsaka til det.
- 3) Prosjekt- og utviklingsarbeidet er omfattande og etterspurt, men til dels lite systematisert. Prosjekt må også avvisast fordi ein ikkje har kapasitet til å jobbe fram søknader til finansiering.
- 4) Grunna den uvisse framtida til skulen og den økonomiske stoda har investeringane vore minimale over lengre tid, både når det gjeld bygningsmasse og utstyr. Dette gjer at SJH på fleire områder slit med å få gjennomført ei tidsmessig undervisning, og sjølv drifta vert dyr med store reparasjons- og vedlikehaldskostnader.

Viktigaste tiltak

- 1) Det vert oppretta eit kurs i Vg1 naturbruk, *Natur- og kulturbasert verdiskaping*. Dette er det viktigaste tiltaket som kan gjerast for at ungdom skal få eit reelt tilbod innanfor naturbruksopplæring i eigen region, og med det potensialet det medfører for næringsutvikling og busetjing knytta til landbrukseigedomar i regionen.

- 2) Det vert jobba fram eit eittårig fagskuletilbod i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Dette er eit tilbod etterspurt av Noregs Bondelag, og er tenkt å vere eit spesialisert tilbod til dei som har vidaregåande opplæring frå før.

- 3) SJH får tilført ressursar for å drive meir målretta prosjekt- og utviklingsarbeid mot næringslivet. Det er ei rivande utvikling innanfor natur- og kulturbasert næringsliv i regionen, og kompetansen frå SJH er ettertrakta her. Når no prosjektet vert avslutta foreslår ein å forlengje deler av dette arbeidet med å opprette ein stilling som utviklingskoordinator i 100% i ein 3-års periode. 50 % av denne stillinga bør kunne finansierast ved at skulen får tilført ressursar for arbeidslivskontakt til liks med dei andre vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

- 4) Det er utarbeidd ein funksjonsplan for bygningsmassen på skulen. Deler av denne planen bør forserast raskast mogeleg for å gje skulen bygningsmasse som gjer det mogleg å gjennomføre undervising og kurs på ein forsvarleg måte. Vidare bør det gjerast ein full gjennomgang av utstyrsparken og få oppgradert denne og fjerna farleg utstyr.

2. Bakgrunn for prosjektet

Prosjektet er oppretta i samsvar med Fylkestingssak 46/05 for å drive fram, koordinere og systematisere arbeidet med å utvikle Sogn Jord- og hagebruksskule som lokal- og regional utviklingsaktør. Prosjektperioden er tre år, frå oktober 2006 til oktober 2009.

Vedtak:

"Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 0.25 mill. kr. årleg i perioden 2006-08 til å opprette 50% stilling som prosjektleiar for å marknadsføre og konkretisere skulen si rolle som lokal- og regional utviklingsaktør. Dette er innarbeidd i framlegget til Budsjett 2006/Økonomiplan 2006-09.

Det skal gjennomførast ei evaluering av Sogn Jord- og hagebruksskule med særleg vekt på utviklarrolla ved utgangen av inneverande fylkesplanperiode."

Bakgrunnen for vedtaket er å finne i utgreiinga "Sogn Jord- og Hagebruksskule – utgreiing om framtida for skulen" arkivsaksnr. 05/4253 og "Utgreiing om Sogn Jord- og Hagebruksskule, VF-notat nr. 12/2005 frå Vestlandsforskning.

Dei viktigaste grunnane til at saka vart lagt fram er desse:


Skulen hadde i lengre tid vore under sterkt press i høve til utsiktene til å halde fram med landslinetilbod innanfor økologisk landbruk, og særleg stor var usikkerheita knytta til innføringa av nye læreplanar i samband med Kunnskapsløftet.

Den økonomiske situasjonen til SJH har blitt stadig vanskelegare. Kostnadane har auka medan driftstilskotet frå staten har vore uendra, samstundes som det har vore ein føresetnad frå skuleeigar at drifta skal gjennomførast innan rammene for statlege tilskotsordningar. Fylkesrådmannen peikar på at differansane etter kvart er blitt for store til at dei kan motverkast gjennom standardreduksjonar i lærartimetal, vedlikehald og liknande, og at fylkeskommunen som skuleeigar og personalansvarleg må ta eit aktivt ansvar for at det vert gjeve eit tilbod som held nødvendig kvalitet for elevar og tilsette ved skulen.

SJH søkte i 2005 om å få opprette eit nytt Vg1-kurs i Naturbruk (Natur- og kulturbasert verdiskaping) med oppstart i 2006. Fylkesrådmannen ynskte å sjå denne søknaden i samanheng med opplæringstilbodet elles i fylket, og i noka grad som eit nytt tilbod ein har særskilte føresetnader for å tilby ved skulen og i Aurlandsregionen.

3. Organisering og gjennomføring av arbeidet

Følgjande modell for organisering av prosjektet vart vedteke 15.6.07 i møte mellom OA, skulen og prosjektleiar:



*) ikkje heile leiargruppa – då rektor er prosjektansvarleg

Modellen er i samsvar med saksutgreiinga til fylkestinget.

Prosjektansvarleg (rektor) er kontaktperson mot opplæringsavdelinga/fylkesdirektøren.

Prosjektet starta opp i oktober 2006 med Eline Orheim som prosjektleiar. Ho leia prosjektet i 2 år fram til oktober 2008. Desse to åra vart i det vesentlegaste brukt til ein grundig analyse og kartlegging av SJH; aktivitet, kompetanse, nettverk, økonomi, eigarforhold, rekruttering, utviklingstrekk, potensiale osv. Hausten 2008 gjekk Eline Orheim ut i permisjon, og Sjur H. Rørlien overtok som prosjektleiar. Dette siste året av prosjektet har vorte brukt til å :

- bidra til å systematisere utviklingsarbeidet
- formalisere samarbeidet med dei viktigaste partane i SJH sitt nettverk
- gjennomføre eit seminar med deltakarar frå politisk og administrativt nivå frå kommunane i indre Sogn, SFFK, næringsliv og forskning med tema; "Korleis kan SJH vera ein utviklingsaktør for kommunane i indre Sogn"
- ta initiativ til og skipe nettverket med arbeidstittel "Campus Aurland". Dette er eit nettverk sett saman av ulike bedrifter/institusjonar i Aurland som opererer med tangeringspunkt innanfor undervising, kurs, formidling, økologi, natur og miljø. Sjå meir om dette i vedlegg.

4. Eigarforhold og finansiering

Sogn og Fjordane Fylkeskommune er eigar og har følgjande ansvar for drifta av skulen:

- arbeidsgjevaransvar for dei tilsette,
- resultatansvar (må dekke eventuelt underskot),
- ansvar for å stille naudsynt lokale, utstyr, verkstader, øvingsareal og liknande til disposisjon.

Staten yter tilskot til drifta, kr 128.500 per elev. Av dette vert 85% utbetalt på grunnlag av godkjent kapasitet (totalt 52 elevar, 28 på Vg2 og 24 på Vg3), og dei resterande 15% vert utbetalt etter faktisk elevtal. I tillegg til driftstilskotet kjem ei ekstraløyving på 1,6 mill. Dei siste åra har tilskotet berre hatt små justeringar og har ikkje kompensert for faktisk kostnadsauke. Tilskotet i frå staten har i dei siste åra svara om lag til lønsutgiftene ved skulen.

5. Konklusjonar og tiltak

Dette avsnittet er basert på rapporten frå Vestlandsforskning, "Utgreiing om Sogn Jord- og Hagebruksskule", fylkesrådmannen si utgreiing "Sogn Jord- og Hagebruksskule – utgreiing om framtida for skulen", resultatata frå kartlegginga og analysen, intervju og samtalar med elevar, rådgjevarar og lærarar i grunnskulen i indre Sogn og resultatata frå seminaret om SJH som regional utviklingsaktør.

Ein gjer merksam på at dette avsnittet er å sjå på som eit samandrag av dei viktigaste funna i prosjektet, og at lesaren som eit minimum bør lese vedlegget "Kartlegging og analyse" i tillegg til sluttrapporten for å få full forståing for bakgrunnen for konklusjonane.

Landslina

Ein grunn til at prosjektet vart oppretta var usikkerheita om landslinetilbodet i økologisk landbruk ved SJH.

Det har tidlegare frå Sogn og Fjordane fylkeskommune si side vore slege fast at ein grunnleggjande føresetnad for skulen si utvikling er statusen som landslineskule. Gjennom statleg finansiering er det bygt opp ein solid fagkompetanse på skulen og eit svært allsidig skulegardsbruk, som er det beste grunnlag for ei god opplæring for elevane. Men i tillegg gjev dette også grunnlag for kursverksemd og utviklingsarbeid. Analysen syner tydeleg at utan landslina - ingen regional utviklingsaktør.

I brev frå Kunnskapsdepartementet dagsett 06.03.2007 (vedlagt) vert det slege fast at SJH også framover skal ha status som landsline og få den same finansieringa som tidlegare har vore gitt. Ein kan difor slå fast at denne usikkerheita er fjerna.

Uvissa om framtida til landslina har ført til at fylkeskommunen har vegra seg når det gjeld satsing på Sogn Jord- og Hagebruksskule. Dette har mellom anna ført til at tildeling av utstyrsmidlar har vore på eit nivå langt under det om har vore naudsynt for å fornye maskinparken på skulegardsbruket og anna undervisingsutstyr. Slik har situasjonen vore i mange år og har ført til at utstyret på skulen i dag langt i frå er tidsmessig slik det bør vera på ein skule. I tillegg kjem at drifta vert dyrare ved at vedlikehaldsutgiftene både i innkjøp av delar og arbeidskostnadar, og ikkje minst at gjentatte driftsstansar på grunn av maskinhavari går ut over det økonomiske driftsresultatet på skulegarden.

Lokal- og regional utviklingsaktør

I arbeidet med prosjektet og kva det betyr å vere ein lokal- og regional utviklingsaktør, har ein kome til at rolla til skulen grovt sett kan delast i tre:

- a) opplæring for unge, som vidaregåande skule
- b) opplæring for vaksne, som treng etterutdanning/spesialisert utdanning
- c) rådgjeving og utvikling for næringslivet

I sitat i frå "Sogn Jord- og Hagebruksskule – utgreiing om framtida for skulen" peikar Fylkesrådmannen i tillegg på at:

"skulen i større grad enn tidlegare skal inkluderas i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt strategiske arbeid, ikkje minst for å sikre at skulen sin kompetanse og opparbeidde nettverk vert nytta i utforming og oppfølging av fylkesplanen, og at skulen får ei tydelegare rolle å utøve som lokal- og regional utviklingsaktør på vegne av fylkeskommunen. Den sterke koplinga som tematiske er til stades mellom fylkesplanen sine visjonar, mål og strategiar syner at fylkeskommunen i større grad enn i dag bør stimulere til å vidareutvikle Sogn Jord- og hagebruksskule (VF-notat 13/2005:17-18). Sogn Jord- og hagebruksskule bør i langt større grad enn i dag inkluderas i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt strategiske arbeid. Skulen sin kompetanse og nettverk skal nyttast i utforming og oppfølging av fylkesplanen og Strategisk handlingsprogram 2004-07, og skulen vert representert i fylkesrådmannen sitt interne, tverrsektorielle fylkesplanteam."

a) Opplæring for unge, som vidaregåande skule

I Fylkesrådmannen sitt mandat for utgreiinga "Sogn Jord- og Hagebruksskule – utgreiing om framtida for skulen" heiter det:

I tråd med utvidinga av det økologiske perspektivet har skulen utvikla ein visjon om eit nasjonalt kompetansesenter for økologisk verdiskaping, noko fylkeskommunen har støtta opp om. Skulen ser, som ein del av denne visjonen, trong for å utvikle eit vidaregåande opplæringstilbod innan natur- og kulturbasert verdiskaping. Med eit slikt grep vil skulen kunne utvikle seg til å bli ein aktør også innanfor reiselivssektoren i fylket. Rapporten peikar på at skulen i dette utviklingsarbeidet kan nytte nettverket som er etablert mot verksemder, organisasjonar og einskildpersonar innanfor nyskaping i reiselivet lokalt. Fylkesrådmannen merkjer seg at rapporten konkluderer med at dersom skulen får rammevilkår for å realisere ei slik nyskaping, vil dette også gi bidrag til utviklingsrolla innafør fylkesplanen sine satsingar på tenesteyting og nye næringar.

Ein av hovudkonklusjonane i rapporten til Vestlandsforskning er at ein rår fylkeskommunen til å opprette eit nytt Vg1 tilbod innanfor utdanningsprogrammet Naturbruk. Arbeidet med prosjektet har styrkt denne tilrådinga.

Prosjektet har avdekket at det største utviklingspotensialet for skulen og fylket ligg i å vere ein utviklingsaktør også for ungdom frå eigen region. Det kan ein ikkje seie skulen er i dag, då skulen rekrutterar så godt som ingen elevar frå grunnskulen i eigen region. Tilbakemeldingar frå elevar i grunnskulen, rådgjevarar og kommunane peikar klart på manglande tilbod på Vg1 som årsaka til det.

Seminaret om SJH som regional utviklingsaktør og tidlegare møter og samtalar med grunnskulane i indre Sogn gjev klart uttrykk for at både ungdom og politisk nivå i kommunane ynskjer at SJH skal kunne gje eit tilbod om opplæring som er retta mot eigne innbuarar, og som kan bidra til næring, busetjing og utvikling i eigen region.

Ein ser klart potensialet og mogelegheitene som ligg der, men opplever at tilbodet ikkje er der. Mangelen på Vg1 fører til at SJH mistar den naturlege lenkja til kommunane og grunnskulane. Dermed når SJH ikkje så lett ut med informasjon og marknadsføring av landslinetilbodet. Når ein likevel når ut til nokon, fører mangelen på Vg1 til at eleven må søkje Vg1 ein annan stad (Mo og Jølster vgs eller Voss vgs). I praksis fører dette oftast til at eleven søkjer ei anna utdanning (sjå vedlegg "Rekruttering til naturbruksutdanning og landbruksrelaterte yrker i Sogn og Fjordane).

Dette er særst uheldig med tanke på dei personlege konsekvensane eit feilval får for eleven. Og ikkje minst er det negativt at ein person som i utgangspunktet var motivert for å ta ei utdanning som ville gjere at ho/han satsa på å busetje seg og utvikle landbruksrelatert næring i eigen region ikkje gjer det.

Vedlagt statistikk syner at eit Vg1 tilbod ved SJH ikkje vil konkurrere om dei same elevane som Mo & Jølster vgs. rekrutterar. Dette samsvarar også med Fylkesrådmannen sin konklusjon i sak nr 05/4253. Konkurransen om elevane vil fyrst og fremst vere med dei andre vgs. skulane i indre Sogn: Sogndal, Årdal og Luster vgs. Til det er det å sei at tankane og planane om eit Vg1 kurs på SJH er drøfta på møte mellom rektorane ved alle vgs. skular i indre Sogn, og at alle støttar planane om eit Vg1 kurs på SJH. Leiinga ved Sogn Jord- og Hagebruksskule ynskjer eit tettast mogleg samarbeid med Mo og Jølster vidaregåande skule om utvikling av eit eventuelt Vg1 Naturbruk. Målet for dette er å diskutere samarbeid om ressursar og om korleis ein kan utfylle kvarandre for samla sett å oppnå ei best mogleg opplæring av dei som skal drive gardane i Sogn og Fjordane i framtida.

Når det gjeld "konkurransen" om elevane ynskjer prosjektleiaren å påpeike at oppgåva til fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane fyrst og fremst må vere å gje eit tilbod innbuarane og kommunane er tent med, heller enn å til ei kvar tid å verne om eksisterande klassestruktur og tilbod.

Når det gjeld etableringa av eit Vg1 kurs har ein fyrst og fremst sett dette i regional samanheng, og som eit fylkeskommunalt tilbod. Ein vil likevel peike på mogelegheitene for at fylket kan gå i dialog med staten om å etablere eit Vg1-kurs som heilt eller delvis går inn under landslineordninga. Med Kunnskapsløftet er den faglege grunnen til IKKJE å ha eit

grunnkurs innanfor landslineordninga borte, medan det er gode faglege argument for å ha eit Vg1 kurs for å gje eit heilskapleg tilbod innanfor landslina.

Konklusjon:

For å kunne vere ein lokal og regional utviklingsaktør for eigen ungdom bør det opprettast eit Vg1-kurs Naturbruk *Natur- og kulturbasert verdiskaping* ved SJH.

I den nasjonale læreplanen for Vg1 Naturbruk finn ein dei viktigaste momenta beskrivne;

.....stell av planter, fisk og dyr, høsting og fangst av naturressurser og foredling, drift og tjenesteyting. Programfaget omfatter planlegging, gjennomføring og vurdering av eget arbeid.

..... omfatter ulike perspektiver ved naturbaserte aktiviteter slik disse utøves i lokalt natur- og kulturlandskap. I dette inngår å planlegge, gjennomføre og vurdere på et grunnleggende nivå aktiviteter knyttet til bruk av natur innen tradisjonelle og nye næringer som turisme, helse og omsorg, pedagogisk tilrettelegging og utvikling av nye produkter og tjenester. Aktivitetene omfatter det å kunne orientere seg i naturen, beskrive naturtype, gjenkjenne typiske arter, beskrive landskapsutforming og klima og forholde seg til dette i utøvelsen av yrkesrelevante aktiviteter. Programfaget skal dyktiggjøre eleven til seinere å kunne utvikle næringsvirksomhet og entreprenørskap.

Ein ser at læreplanen vektlegg næringsverksemd og entrepenørskap på brei basis, både innanfor tradisjonelle og nye næringar knytta til landbruk, natur- og kulturlandskap. I dette ligg det rike mogelegheiter til å tilpasse og konkretisere den lokale læreplanen til behova for elevar og innbuarar i eigen region.

Vidare bør SJH bruke mogelegheitene for lokal tilpassing som ligg i læreplanane etter Kunnskapsløftet til å gje elevane mogelegheita til å fortsetje inn i Vg2 og Vg3 ved skulen med same tema, altså *Natur- og kulturbasert verdiskaping* med økologisk landbruk som basis.

Med skulen sitt omfattande faglege nettverk og samarbeidspartnarar (sjå vedlegg) ligg det godt til rette for å tilby eit breitt samansett fagspekter med godt kvalifisert personell innanfor det ein kan kalle sekundær- og tertiærlandbruket, i tillegg til primærlandbruket.

b) Opplæring for vaksne, som treng etterutdanning/spesialisert utdanning

Frå fylkestingsak 05/4253 heiter det:

Skulen (SJH) har heilt frå starten vore kjenneteikna av evne til å vere i framkant av endringane i landbruksnæringa. Såleis har skulen også dei seinaste åra, i tillegg til landslinefunksjonen, utvikla kompetanse og kurstilbod som har ført til at ein har fått nye regionale og landsdekkande funksjonar. Ressurssenteret ved skulen og Kompetansenavet er funksjonar som er særst relevante for dei nye verdiskapingsstrategiane som no er ein viktig del av norsk landbruks- og bygdepolitikk (VF-notat 13/2005:7-8). Her har Sogn Jord- og hagebruksskule levd opp til målsetjinga om at dei vidaregåande skulane skal fylle ei rolle som regionale utviklingsaktørar. Desse nye sidene ved skulen si verksemd har ikkje utvikla seg isolert, men er ein konsekvens av at ein har hatt på plass den økologiske landslineordninga.

Dette samsvarar godt med tilbakemeldingane frå næringsliv og kommunar lokalt og regionalt. Innanfor dette emnet har SJH gjennom Ressurssenteret og Kompetansenavet hatt ein særst omfattande aktivitet, og evaluering av dei enkelte tilboda har synt at brukarane er særst nøgde med kvaliteten. Spesialiserte kurs av kortare og lengre varigheit er etterspurt særleg av personar som jobbar med småskala foredling, omsetning, reiseliv og anna landbruksforankra næring (meir om Ressurssenteret og Kompetansenavet i vedlegget "Kartlegging og analyse").

Utfordringa for SJH innanfor denne delen er fyrst og fremst av fysisk art: Det er altfor få klasserom/grupperom på skulen til å få gjennomført kurs utan at det går ut over elevane på landslina, og det fins heller ikkje auditorium som ein ofte har trong for. Elles har SJH bra kurslokaltetar med tanke på den praktiske gjennomføringa innafor foredling.

Vaksne elevar

Mange (2/3) av elevane på landslina har fullført vidaregåande skule frå før. Ein del av dei sluttar etter eitt år, og den vanlegaste forklaringa er at dei har permisjon i eitt år frå anna arbeid og/eller ikkje har råd til meir enn eitt år på skule.

Det er mykje som tyder på desse elevane hadde vore betre tent med eit fagskuletilbod over eitt år. SJH har på oppdrag frå Noregs Bondelag starta utgreiinga av eit slikt tilbod. Dersom eit slikt tilbod skal startast opp må det inn som ein del av Fagskulen i Sogn og Fjordane, og ein kan sjå det i samanheng med tilbod i Årdal og evt. Førde. Fagskuletilbodet gjev mogelegheiter til å tilpasse fagemna særskilt til det som er behova i regionen, og ein har også mogelegheit til å organisere tilbodet med helgesamlingar og eigenstudiar/nettstudiar slik at elevane kan vere i arbeid under skulegangen.

I denne samanhengen vil ein spesielt peike på kompetansen innanfor frukt og bær som ligg hjå SJH og deira samarbeidspartnarar, det faktum at Sogn og Fjordane og Hordaland er

plukka ut av staten som "foregangsfylke for økologisk frukt- og bærproduksjon" frå 2010 og dei moglegheitene som ligg for fylket og regionen i denne koplinga.

Konklusjon:

- a) Ein bør fullføre utgreiinga om fagskule i økologisk landbruk, og etablere dette som eit landsdekkande tilbod under Fagskulen i Sogn og Fjordane.
- b) Sogn Jord- og Hagebruksskule bør gripe moglegheita som ligg i at Sogn og Fjordane og Hordaland er peika ut som "foregangsfylke for økologisk frukt- og bærproduksjon" og utvikle og marknadsføre kurs og utdanning innanfor dette området enno meir innanfor regionen, og stimulere til auka verdiskaping saman med andre fylkeskommunale og kommunale etatar.

c) Rådgjeving og utvikling for næringslivet

Kompetansemiljøet ved SJH er også svært etterspurt innanfor direkte rådgjeving, konsulentoppdrag og som partner for ulike bedrifter og organisasjonar. Her er det mykje å hente på vidare utvikling. Denne type oppdrag har skulen eigentleg ikkje ressursar for å drive. Når skulen likevel deltek i mykje her er det mykje basert på frivilligheit, idealisme og egne interesser frå enkeltpersonar. Dette arbeidet kunne vore gjort meir omfattande og kvalitetsmessig betre dersom dette var eit definert arbeidsområde, og det var ressursar tilgjengeleg for å koordinere og systematiser dette arbeidet på ein betre måte.

Systematisering og koordinering av utviklingsarbeid ber av same grunn preg av å vere noko tilfeldig, alt etter kven som har tid og interesse til å gripe fat i nye prosjekt. I prosjektperioden har prosjektleiar brukt noko av tida på dette, særskilt innanfor systematisering og konkretisering av samarbeid med partnerar. Ein ser tydeleg at dette har vore positivt, og rår sterkt til at dette fortset i ei eller anna form.

Konklusjon:

- a) Det bør avsetjast ressursar til å styrke og legge til rette for at kompetansen som ligg hjå SJH vert meir tilgjengeleg for fleire brukarar og etatar innanfor regionen og fylket
- b) Det bør avsetjast ressursar for å systematisere og koordinere utviklingsarbeidet ved SJH

Til slutt....

...ynskjer prosjektleiar å sitere frå fylket si utgreiing, sak 05/4253:

”Fylkesrådmannen meiner difor det vil vere trong for å utvikle skulen i Aurland, og for å behalde kompetansen som er bygd opp som nasjonal spisskompetanse i økologi. Dette vil utgjere ei plattform for at skulen skal etablere seg som eit kompetansesenter for økologisk landbruk nasjonalt – og på lengre sikt. Innanfor fleire offentlege og private verksemder er det ei sentral målsetjing å etablere nasjonale funksjonar i Sogn og Fjordane. I eit slikt perspektiv kan det vere grunnlag for å hevde at det er ein ambisjon å halde på ein nasjonal funksjon ved nettopp å vidareutvikle skulen.”

Aurland, 7. oktober 2009

Sjur H. Rørlien
Prosjektleiar

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 09/921

Arkiv: 412

Saksnr.:	Utval	Møtedato
4/09	Sogn regionråd	24.04.2009
5/10	Sogn regionråd	12.02.2010

Sak 5/10

Sats på skulen - snu Sogn - vidareføring med barnehageleiing 2010 - 2012

Tilråding:

Sogn regionråd meiner det er rett satsing å auke ambisjonsnivået i prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn" til også å femne kvalitetsutvikling av barnehagane. Ein byggjer her på tilsvarende modell som i skuledelen med nettverk som alt fungerer for barnehagestyrarane, kompetanseauke for leiarar og andre tilsette knytt til HSF sitt leiarprogram, samt rettleiing og tiltak i regi av NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane. Delprosjekt om kvalitetsutvikling av barnehagane kan gjennomførast i den gjenstående perioden av prosjektet, frå seinhaustes 2010 og fram til og med 2012.

Regionrådet ber om at føresetnadane for å setje i gang det utvida prosjektet "Sats på skulen og barnehagen – snu Sogn" vert klargjorde til rådet sitt møte 30.april.

Vedlegg:

Notat frå HSF 06.01.10
Brev frå Nav dagsett 04.01.10
Førebels søknad omstillingsmidlar

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Sogn regionråd sitt skule- og samfunnsutviklingsprosjekt "Sats på skulen – snu Sogn", har vore eit framsynt utviklingsprosjekt. I staden for at kvar kommune skal "baksast" med dei internasjonale, nasjonale og lokal utfordringane, har vi samarbeidd for å løyse felles utfordringar. Våren 2010, vil 50 pedagogar frå skuleverket i Sogn ha gjennomført ei formell utdanning i skuleleiing. Vi er dermed å jour og ligg i forkant av gjeldande formalkrav om leiarutdanning for nytilsette rektorar. I tillegg til leiarutdanning, er utvikling av dei faglege nettverka det andre "beinet" i prosjektet. Den pedagogiske kvaliteten i klasserommet er avhengig av ei kontinuerleg utvikling av faglærarane. Det tredje og siste beinet er rolla

kommunane har som skuleeigar. Prosjektet har mellom anna ført til at alle kommunane har vedteke politiske mål for skulane sine.

Å jobbe i kommunal sektor er å gjennomføre politiske vedtak. Å realisere dei skulepolitiske målsetjingane er ei krevjande utfordring. Vi må styre skulen med ansvar og kontroll, med heilskapsrevisjon, resultatleiing og ansvarsstyring. Dette gjeld det dobbelte målet, skulefagleg kvalitet og sosial oppdraging. Fråfall i den vidaregåande skulen er eitt av våre største utdannings- og sosialpolitiske problem. Det kostar samfunnet 5 – 9 milliardar kroner for kvart av dei årskulla med fråfallselevar. Dette er kostnader som i stor grad blir ført på dei statlege trygdebudsjetta – og dei kommunale sosialbudsjetta. Fråfall i vidaregåande kan sjåast på som ei "sjølvmelding" på kva elevane fekk med seg etter 10 år i den kommunale skulen. Det syner at utdanning heng saman. Det handlar om kvalitet i skulen, og om overgang mellom trinn og skuleslag. Det handlar om oppvekstvilkåra i lokalsamfunna, og det handlar spesielt om byrjinga; barnehagane.

Barnehagane

Alt frå starten av "Sats på skulen – snu Sogn" arbeidde vi med eit fokus på at barnehage var eit framtidig satsingsområde. I dei siste åra har merksemda i stadig større grad vore retta mot barnehagane, og den rolla barnehagane har for sosialiseringa, og å framdyrke grunnlaget for livslang læring. Stortingsmelding nr. 41 2008/09 "Kvalitet i barnehagen" var den første meldinga på 10 år som var "øyremerka" innhaldet i barnehagen. Dette er eit samfunnsområde som er prega av dekningsgrad og betalingsattsar. Stortingsmeldinga fokuserar difor på innhald og kvalitet i barnehagane.

Gjennom "Sats på skulen – snu Sogn", har målsettinga vore å levere gode tenester til innbyggjarane, samt å drive lokalpolitisk utviklingsarbeid. Det kan vi halde fram med på barnehageområdet også. På KS sitt skuleting den 18. januar i år peika statsråd Kristin Halvorsen nettopp på denne utfordringa: *"Det viktigste samarbeidsprosjektet vi har no framover er barnehagen. Det er der det egentlig starter. Barnehagen er den første, frivillige, delen av et helhetlig utdanningsløp. Det må bli slutt på at man sier "Det så vi allereie i barnehagen". Da må man gjøre noe med det"*.

Regionrådet har i 2009 bedt om at ein held fram arbeidet i prosjektet med å utvikla det for barnehagane. Vi er truleg mellom dei lokalpolitiske aktørar i landet som per i dag har størst fart i tilløpet for at krava i St. meld. 41 og utfordringane frå statsråden kan nåast. Regionrådet er midt i eit utviklingslaup, med prosjektorganisasjon og styringsgruppe på plass. Vi har godt samarbeid med eksterne aktørar som kan vere med finansiare utvikling av ein framtidretta barnehagesatsinga. Vi har opsjon frå Høgskulen i Sogn og Fjordane til å vidareføra leiarutdanning for pedagogar og kan nytta denne i høve til å setje i gang ei satsing på barnehagen allereie frå (sein) hausten 2010. Vi kan då gjennomføre to kull med leiarutdanning fram til våren 2012, for totalt 60 – 70 barnehagepedagogar.

Stortingsmelding "Kvalitet i barnehagen" ber bod om eit statleg ønskje om å finansiare stipendiatstillingar knytt til forskning på leiing og utvikling i barnehagane. I tilknytning til vår satsing, vil det vere særers føremålstenlig om Høgskulen i Sogn og Fjordane kom i posisjon til å få tildelt fleire stipendiatstillingar. Høgskulen har gjennom eit notat, dagsett 06.01.2010, peikt på korleis regionrådet si eventuelle barnehagesatsing kan utvikle kvaliteten på barnehagetilbodet i regionen, samstundes som dette prosjektet vil kunne utvikle omfang og kvalitet på høgskulen sitt tilbod.

Ved sidan av fråfall i vidaregåande skule, og livslang uføretrygd, er sjukefråvær ei av dei største sosialpolitiske – og nasjonaløkonomiske – utfordringane vi har i landet. Vi har lågt fråvær og høg kvalitet der vi har gode leiarar. NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane vil vere med å jobbe bransjeretta saman med barnehagane i regionrådet. Dei vil delta med førelesingar om arbeidslivsrelaterte tema, i tillegg til å vere ute på arbeidsplassane med individuell coaching og rettleiing. Barnehagane skil seg vesentleg frå skulen i høve til personalfaktor og at leiarar i stor grad jobbar saman med assistentar. I barnehageprosjektet bør ein difor ta med ei vidare gruppe enn berre leiarar/pedagogiske leiarar. Vi kan med det gjere eit framifrå grep for å styrke den samla kvaliteten på tenestene. Medarbeidaren sitt ønskje om å vere tilstade på arbeidsplassen er nært knytt til opplevinga av meistring, fellesskap og utvikling. Lågt sjukefråvær hjelper til dømes ikkje berre den kommunale økonomien, det ber bod om kvalitetsutvikling og trivsel for brukarar og tilsette.

Vurdering

Tilhøva ligg til rette for å gje dei private og kommunale barnehagane i kommunane i regionen eit best mogleg grunnlag for å nå dei nasjonale målsetjingane om kvalitetsutvikling. Saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane og NAV Arbeidslivssenter kan regionrådet initiere eit viktig regionalt utviklingsarbeid, i tillegg til å vesentleg auke kvaliteten på dei kommunale tenestene. Prosjektet vil truleg ha overføringsverdi til andre kommunar og regionråd. Det er sendt førebels søknad til fylkesmannen om fornyingsmidlar. KS har gjennom sine OU-midlar delfinansiert leiarutdanninga i prosjektet, og KS er ein naturleg økonomisk samarbeidspartnar også på leiarutvikling i barnehagesektoren. Likeins er det naturleg å søkje om tilskot frå "Samfunnsmidlene" hjå Utdanningsforbundet, LO's utdanningsfond og "Farvemidler" hjå NAV. Vi kan også komme i posisjon til å få tilskot frå VOX.

Til liks med rektorar og skulefagleg rådgjevarar, vil styrarane si deltaking i mindre grad medføre auka vikarkostnader. Det første kullet vil først og fremst vere styrarar. Kostnadene til vikar vil i hovudsak vere knytt til pedagogar på avdelingane, og for assistentar og fagarbeidarar når dei skal ha særskilde kurstilbod. Kostnadene til vikar vil difor i hovudsak komme frå hausten 2011 og budsjettår 2012, altså for det siste kullet. Vi vil difor ha 'høveleg' med tid til å reise ekstern finansiering når hovudkostnadene kjem til kommunane. Til møtet i regionrådet den 30. april, vil vi ha eit meir detaljert oversyn over utfordringar knytt til kostnad og drift.

Administrasjonen i Sogn regionråd treng no ei prinsipiell tilslutning til å arbeide vidare for å realisere eit auka ambisjonsnivå i prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn" til "Sats på skulen og barnehagen – snu Sogn". Som føresett på orienteringa til rådet i desember er søknad sendt om fornyingsmidlar, prosjektet er invitert til programstyret den 8. februar for å orientera om vidareføringa knytt til barnehage og det er lagt opp til jf. notat frå HSF at dei utover våren arbeider vidare med eit 2 årig opplegg frå hausten 2010. Dette vil vi så presentera for KS og for departementet i februar – mars. Det ligg soleis til rette for ei brei vurdering av vidareføring i rådmannsgruppa i april og som sak til regionrådet 30. april.

Opplegget for "Sats på skulen og barnehagen – snu Sogn" for perioden 2010 – 2012 vil etter dette vera:

- Vår 2010, avslutning kull 2 skuleleiarutdanninga
- Haust (seint) oppstart kull 1 barnehageleiing som går haust 2010 til og med haust 211

- Haust 2011 oppstart kull 2 barnehageleing, her vil det vera samordning med kull 3 skuleleiarutdanning
- Haust 2012 avslutning og oppsummering av prosjektet, plan for korleis å ta vare på og vidareføre på meir fast basis kunnskap, organisering og generelle erfaringar frå prosjektet

Arthur Langeland

Claus Røynesdal

Notat: 6. januar 2010

”Sats på barnehagen - Snu Sogn”

HSF inngjekk i 2007 avtalen med Sogn regionråd om utvikling og levering av ”Skuleutvikling i Sogn – eit utviklingsprogram for skuleleiarar”. Dette er ein del av regionrådet sitt utviklingsprogram ”Sats på skulen – Snu Sogn”. Erfaringane frå leiarutdanninga og utviklingsprogrammet er frå høgskulen sin synsstad svært positive. Når Sogn regionråd ønskjer å vidareføra satsinga og utvida til barnehagane, er det ei utvikling høgskulen ser positivt på og ønskjer å bidra til.

Me vil ta utgangspunkt i både planane og evalueringane frå leiarutdanninga i ”Sats på skulen – Snu Sogn” når me skal utvikle leiarutdanninga for barnehagen. Arbeidet vert fagleg forankra i Avdeling for lærarutdanning og idrett (ALI) og vil skje i nært samarbeid med oppdragsgjevarane.

HSF har fagleg grunnlag for å utdanna for leiing i barnehagen

HSF har hatt førskulelærarutdanning sidan 1975 og i lang tid tilbydd ulike vidareutdanningar for barnehagesektoren. Av spesiell interesse for dette barnehageprosjektet kan nemnast:

- Masterutdanning i organisasjon og leiing
- Organisasjon og leiing for styrarar, pedagogiske leiarar/førskulelærarar, ei vidareutdanning på 30 studiepoeng
- Temaet leiing er vektlagt i grunnutdanninga, særleg i tredje studieår der pedagogikk og samfunnsfag vert kopla. Studentane har 4,5 veke praksis der dei ei av vekene ”tek over” ei barnehageavdeling.
- Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (PUB), ei vidareutdanning på 30 studiepoeng. HSF var saman med Høgskolen i Tromsø den første høgskulen som utvikla dette tilbodet. Vi har i løpet av ti år gitt dette utdanningstilbodet til alle regionane i Sogn og Fjordane, samt Hallingdal og Voss. Me har fått svært gode tilbakemeldingar på tilbodet både frå studentane og arbeidsgjevarane. I evalueringane kjem det fram at det har vore særleg lærerikt og viktig for arbeidsplassen at studentane har gjennomført eit eige utviklingsarbeid på arbeidsplassen.
- HSF har satsa på entreprenørskap som viktig element i leiarutdanningane. På barnehageområdet har det vore gjennomført fleire pilotprosjekt ute i barnehagane i nært samarbeid med tilsette ved HSF v. avdeling for lærarutdanning og idrett.
- Deltaking i departementet si satsing på *veiledning av nyutdanna lærarar og førskulelærarar* der rettleiing har vore hovudtema.

- IKT i pedagogisk arbeid i barnehagen, vidareutdanning med 15 + 15 studiepoeng. Utdanninga er utvikla i tett samarbeid med brukarane. Det er ca. 200 førskulelærarar i fylket som har teke dei første 15 studiepoenga og 60 førskulelærarar som har teke 30 studiepoeng.
- PIL-prosjektet, eit nasjonalt utviklingsprosjekt initiert av Kunnskapsdepartementet. Målet for prosjektet er å betre samanhengen mellom teori og praksis i lærarutdanningane, og HSF har det einaste av dei sju delprosjekta som tek utgangspunkt i førskulelærarutdanninga.
- Utviklingsprosjektet "Fleirkulturelt arbeid i barnehagen" som høgskulen driv saman med Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Svært mange av våre tilsette har i tillegg til master/hovudfag mange års erfaring frå arbeid i barnehage som pedagogiske leiarar og barnehagestyrarar. Me opplever dette som ein klar styrke når det gjeld å utvikle nye studietilbod som barnehagefeltet etterspør. Me har og tilsette med doktorgrad som underviser i førskulelærarutdanninga.

Viktige samarbeidspartnarar for HSF/ALI i fylket

- Me har i ca. 20 år hatt eit fast samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Dette samarbeidet har i sær vore knytt opp mot:
 - Å arrangere ein årleg to-dagars fagkonferanse for tilsette i barnehagesektoren i Loen
 - Å arrangere ein årleg to-dagars konferanse retta mot leiarar i barnehagesektoren
 - Å tildele midlar til lokale utviklingsarbeid i barnehagesektoren
 - Å samarbeide om ulike utviklingsprosjekt som departementa gir midlar til m.a. *Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (PUB), handlingsplan for rekruttering av menn til barnehagen, kompetansetiltak i språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk, lokalt utviklingsarbeid i barnehagen (LUA), rettleiingsopplæring m.m.*
- Me har i mange år hatt eit nært samarbeid med *Forum for skule- og barnehageutvikling*. Dette gjeld i sær i høve til å utvikle vidareutdanningstilbod som kommunane/regionane ynskjer, men og i høve til ulike mindre utviklingsprosjekt der kommunane treng førelesarar eller prosjektleiarar frå HSF/ALI.

Statlege styringsdokument viser behovet for å satse på leiarutdanning i barnehagen

- Rammeplan for barnehagen der det m.a. står
 - *Som pedagogisk samfunnsinstitusjon må barnehagen vere i endring og utvikling. Barnehagen skal være ein lærande organisasjon, slik at han er rusta til å møte nye krav og utfordringar. Kvalitetsutviklinga i barnehagen inneber ei stadig utvikling av kompetansen til personalet (s.16)*
 - *Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon (s.50)*
 - I samband med revidering av rammeplan for barnehagen i 2006 utarbeidde departementet *Kompetanse i barnehagen – strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren 2007-2010.*

- St.meld.nr.41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen der m.a. følgjande er vektlagt:
 - *Kvalitet i barnehagen er først og fremst avhengig av de menneskelige ressursene i barnehagen og tilstrekkelig personale med relevant kompetanse er barnehagens viktigste innsatsfaktor (s. 21)*
 - *Personalets faglige og personlige kompetanse er barnehagens viktigste ressurs (s.22)*
 - *Barnehagen skal være en lærende organisasjon som skal være i stand til å møte nye krav og nye utfordringer, og som skal drive med kontinuerlig kvalitetsutvikling (s. 29).*
 - *Utviklingen mot større barnehager vil kreve økt kunnskap om administrasjon og ledelse. Ledelsen har stor betydning for at institusjonen skal klare å møte de mange og komplekse kravene som stilles til deres virksomhet. Barnehageeier har ansvar for at styrerne får tilstrekkelig tilbud om kompetansetiltak.*

Samla satsing på barnehage

Høgskulen i Sogn og Fjordane har i lang tid arbeidd med kompetanseutvikling i barnehagane, og vil i tida framover prioritera FoU-arbeid retta mot leiing i barnehagen. Det vil i den samanhengen vera sers interessant å få knytt ei stipendiatstilling til dette fagområdet.

Med denne bakgrunnen er høgskulen klar for ei større satsing på kompetanseutvikling i barnehagane saman med Sogn regionråd. I leiarutdanninga vil det bli lagt særleg vekt på pedagogisk leiing og entreprenørskap, slik det har vore i leiarutdanninga for skulen. Samstundes er sjukefråveret ei ekstra utfordring i barnehagane, og der vil NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane bidra spesielt inn med kompetanse og ressursar. På denne måten vert det ei heilskapleg satsing inn i barnehagane.

Ei slik satsing vil òg vera utviklande for høgskulen sidan våre tilsette får ein unik sjanse til å vere i dialog og fagleg samarbeid med "brukarane". Me vil såleis få mykje erfaringskunnskap som kan auke kvaliteten i både grunn- og vidareutdanningane våre.

Me ser fram til vidare samarbeid med Sogn regionråd.

(sign.)

Aud Marie Stundal
Studieleiar for førskulelærarutdanninga

(sign.)

Tone Skjerdal
Leiar HSF Oppdrag



Sogn Regionråd
Sogndal Kommune
Gravensteinsgt.
6856 SOGNDAL

Ved: Claus Røynesdal

Deres ref:

Vår ref: Per Kinden

Vår dato: 04.01.2010

Prosjektet "Sats på skulen - snu Sogn"

Viser til "Notat til møtet i rådmannsgruppa for Sogn regionråd 20.11.99" med tema: Vidare framdrift av prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn" og e-post datert 21.12.99 frå Claus Røynesdal med emne: Notat til rådmannsgruppa 20.11.99.

NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane stiller seg positiv til å delta i prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn" der ein ønskjer å ha fokus på leiarutvikling i barnehagane. Arbeidslivssenteret kan stille med forelesere innanfor arbeidsrelaterte temaer, veileदारar/kontaktpersonar ut mot leiarar/bedrifter, coaching. Vi har ikkje midlar til å bidra med i forhold til finansiering av leiarutdanning. Evt. søknad om "Farvemidlar" må prosjektet sjølv søke, dvs. Sogn Regionråd. Viser til vedlagt informasjon om midlane.

Rådgivar Per Kinden er Arbeidslivssenteret sin kontaktperson i prosjektet.


Med venleg helsing

Tove Rygg
Avd.direktør

Per Kinden
Rådgivar

Sats på barnehagen – Snu Sogn

Januar 2010




Kvifor er HSF rette valet for "Snu Sogn"?

- Vi har stor fagleg breidd og dekkjer alle emna i leiaropplæringa både gjennom utdanningane våre og fou-arbeidet
- Vi har allereie eit etablert samarbeid mellom dei fagniljøa som må trekkjast inn
- Vi kjenner regionen og problemstillingane her

Relevante utdanningar ved HSF

- 16 treårige bachelorstudium og ti årsstudium
- Førskulelærerutdanning og allmennlærerutdanning
- Masterstudium i organisasjon og leiing med spesialisering i utdanningsleiing
- Ei rekkje etter- og vidareutdanningar
 - Organisasjon og leiing for styrarar, pedagogiske leiarar/førskulelærarar
 - Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (PUB)
 - IKT i pedagogisk arbeid i barnehagen
 - Entreprenørskap i skule og lokalsamfunn
 - Rektorskulen



Forskning og utviklingsarbeid ved HSF


- Satsingsområde for fou ved HSF
 - Læringsforskning
 - Organisasjon og leiing
 - Entreprenørskap og regional innovasjon
 - Profesjonsforskning
 - Kulturlandskaps-forskning
 - Turisme og reiseliv (saman med Vestlandsforskning)
 - Ikt (saman med VF)
 - Klinisk helseforskning (saman med Helse Førde)
- Relevante prosjektområde
 - Lærande organisasjonar
 - Utviklingsarbeid i skule og barnehage, til dømes
 - PIL-prosjektet
 - Fleirekulturelt arbeid i barnehagen
 - Leiing, endring og identitet i profesjonsorganisasjonar
 - Lokalsamfunnsutvikling og lokal næringsutvikling
 - Entreprenørskap
 - Nye styringsformer i offentleg sektor


Utgangspunkt

- Barnehagane i Sogn skal i auka grad framstå som lokale utviklingsaktørar
- Endringsleiing med vekt på regional og kommunal omstilling
- Barnehagane sine utfordringar i høve St.meld.nr.41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen
- Utfordringar knytt til sjukefråver
- Deltakaraktiv metodikk
- Kunne gje studiepoeng (og tilgang til masterstudium)



Fagleg innhald





Lokalt tilrettelagt innhald og metodikk

- **Endringsleiing** med vekt på regional og kommunal omstilling
- **På samlingane:** Innføringsforelesingar, arbeid med mappe i basisgrupper, planlegging og arbeid med det lokalbaserte utviklingsprosjektet. Rettleiing i basisgruppene.
- **Mellomliggjande arbeid** på Fronter i basisgrupper: Deltakarane i gruppene er rettleiarar for kvarandre – rettleiar frå høgskulen gir individuell rettleiing – og ”rettleiar rettleiinga”
- **Resultat av dei lokale utviklingsprosjekta** skal finnast att i kommunale plansystem og fylkessystem (t.d. fylket sin utviklingsplanbase)
- **Deltakarane sine prosjektarbeid** kan etter sensur gje studiepoeng og tilgang til vidare studium fram til mastergradsnivå

Søknad til programstyret for offentlige tenester og IKT v/Fylkesmannen 2010 - 1



Referansenummer: C55VB7

Registrert dato: 2010-01-11 13:59:44

Vedlegg:

Brev frå NAV Arbeidslivssenter

Notat frå HSF

Presentasjon januar2010 HSF

Innleiing
Saksnummer hjå Fylkesmannen Sogn og Fjordane 2009/4852
Søkjær <input type="checkbox"/> Kommune <input type="checkbox"/> Kommunesamarbeid <input checked="" type="checkbox"/> Organisasjon
Om søkjaren
Namn på organisasjon
Sogn regionråd
E-post (til postmottaket)
postmottak@sogndal.kommune.no
Postadresse
Postboks 153
Postnummer
6851
Poststad
SOGNDAL
Telefon
57629600
Søknadsbeløp, kr
900000
Kontonummer (berre tal)
37300536000
Eventuell overføring merkast med
Sogn regionråd
Eventuell andre kommunar som deltek
Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal og Aurland
Kontaktperson
Førenamn
Claus
Efternamn
Røynesdal
E-post
claus.roynesdal@sogndal.kommune.no
Telefon (direkte)
95472049

Søknaden gjeld

Namn på tiltaket / prosjektet

Førebels søknad for prosjektet "Sats på skulen - snu Sogn"
Eit regionalt samarbeid om barnehage-, skule- og samfunnsutvikling i Sogn.

Prosjektsamandrag. Eventuelt kan du legge ved utgreiing om prosjektet som filvedlegg seinare i søknadsskjemaet.

Hovudmål med prosjektet

?Sats på skulen ? snu Sogn? er Sogn regionråd sitt skule- og samfunnsutviklingsprosjekt for perioden 2006 ? 2012. Hovudmålsetjinga for prosjektet er å bidra til ?Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen?. Prosjektet har så langt hatt tre ?bein? å stå på; kommunane si rolle som skuleeigar, fagnettverka og skuleleiaropplæring. No vil vi gjere tilsvarende satsing på barnehagane.

Til våren 2010 vil 50 medarbeidarar ha gjennomført formell leiarutdanning på 30 studiepoeng. Fagnettverka har utvikla seg som den kollegiale nettverksarenaen for fagleg utvikling, også på tvers av skoleslag og forvaltningsnivå. Prosjektet har utfordra kommunane på rolla som skuleeigar. Alle kommunane har politisk vedteke satsingsområde for skuleutvikling.

Utfordringane i barnehage og skule kan ikkje møtast av dyktige einskildpersonar åleine. Nokon må stå som eigarar og leiarar av utviklings- og endringsprosessane. Leiarane må stå sterkare fram som pådrivarar og utviklingsagentar.

Entreprenørskap er ei raud tråd i heile prosjektet, både som tema i leiingsutdanninga, men óg gjennom entreprenørskapsmessene. No har vi organisasjon, programstyre og systema på plass, slik at vi kan oppretthalde ei sterk framdrift . Barnehagesatsinga vil bli eit samarbeid med NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane og Høgskulen i Sogn og Fjordane. NAV vil jobbe bransjeretta mot barnehagane, og bidra med førelesingar innanfor arbeidsrelaterte tema, og delta direkte i barnehagane med rettleiing og coaching. I St. meld 41 Kvalitet i barnehagen gir departementet melding om ei kraftig satsing på barnehageforskning. Vi har mål om at dette prosjektet kan bidra til at Høgskulen får tildelt stipendiatstillingar knytt direkte mot leiing i barnehagen.

Vi syner elles til alle vedlegga frå den førre søknaden.

Bakgrunn for prosjektet

1. Utviklinga i regionen (folketal, fråflytting, behov for arbeidskraft, fråfall i v.g skule)
2. Kunnskapsløftet gir større lokal fridom for kommunane til å utvikle ein proaktiv skulepolitikk
3. Utvikle barnehagane og skulane som lærande organisasjonar
4. Kommunen si rolle som skuleeigar vert endra, med ei auka trong for systemisk tenking om skuleutvikling
5. Eit omfattande regionalt behov for å satse på entreprenørskapshaldningar- og aktivitetar. 6. For eit best mogleg resultat for barn og ungdom, krev det samarbeid og samhandling mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule
7. Styrke den formelle og reelle leiarkompetansen i barnehage og skule

Kven reitar prosjektet seg mot?

1. Skuleleiarar
2. Lærarar gjennom fagutvikling i nettverka
3. Politisk og administrativt nivå gjennom arbeidet med skule- og barnehageeigarrolla
4. Næringsliv og lokalsamfunn gjennom arbeid med entreprenørskap
5. Pedagogar og styrarar i private og kommunale barnehagar i Sogn

Kva går prosjektet ut på?

Prosjektet har til no vore ei regional satsing på skule- og samfunnsutvikling, gjennom tre delprogram:

1. Kompetanseutvikling for skuleleiarar
2. Kommunen som skuleeigar
3. Vidareutvikling av fagnettverka

Frå og med 2010 vil vi utvide med ytterlegare tre satsingsområde:

4. Formell kompetanseutvikling i leing for styrarar og pedagogisk personale i private og kommunale barnehagar
5. Utvikle rolla kommunane har som barnehageeigar
6. Vidareutvikle det faglege nettverket mellom styrarane i regionen

Kva gevinstar gjev prosjektet? (Kvantifiser så langt som mogeleg)

Hovudeffekten av prosjektet er den reelle røynsla at det er mogleg å snu organisasjonar og lokalsamfunn i ei meir positiv og utviklingsorientert retning. Til våren vil 50 skuleleiarar ha gjennomført 30 studiepoeng i formell leing. Denne kompetansen utviklar medarbeidarar, elevar og organisasjonane våre i Sogn. Offentlege mål er ofte vage, komplekse og samansette. Tryggleik på eigne ferdigheiter aukar oppnåing av desse måla, i tillegg til at vi styrkar prosess- og gjennomføringskompetansen i regionen. Vi arrangerer entreprenørskapsmesser, der alle elevane frå 8. klasse i regionen får sjå kva elevane i 9. klasse har av verksemder, i tillegg til at elevane blir kjende med næringsliv og ikkje minst fylkeskommunen sine tilbod i vidaregåande opplæring.

Prosjektet har styrka, og vil framleis bidra til å auke kompetansen og forståing dei folkevalde har som skuleeigarar. Ei god rolleforståing i tillegg til auka innsikt i fagfeltet, vil framleis vere viktige føresetnader for god skuleutvikling i regionen. Skuleleiarutdanning, fagnettverka og den aktiviserande rolla som skuleeigar er ein pådrivar for skuleutvikling ? og dermed viktige steg for å nå målsetjinga med heile programmet; meir kompetanse til den einskilde elev og eit vesentleg bidrag til samfunnsutvikling i fylket. Med ei tilsvarande satsing på barnehageområdet, vil vi både få betre resultat for det einskilde barn ? men også ei betre offentleg forvaltning, spesielt med tanke på ei styrking av det førebyggjande arbeidet i tidleg alder.

Formell utdanning vil gjere leiarane tryggare på utøving av rolla si. Vi forventar dyktiggjering av pedagogar og leiarar vil auke samarbeid internt, mellom barnehagane og skulane ? og spesielt i høve til samhandling mellom andre aktørar i kommunal og offentleg forvaltning. Ved å auke innsatsen på leing, vil vi oppnå betre fagleg utbytte, betre arbeidsmiljø og vonleg sterkare evne og vilje til omstilling og endring. Personalet trivst best der leiarane vil noko. Der har vi også lågast sjukefråvær, mobbing og konflikhtar. Det har vi gode døme på i Sogn, og det må vi utvikle vidare.

Korleis og når skal resultat og erfaringar frå prosjektet vidareførast i drifta?

All den innsikt og kunnskap medarbeidarane tillegg seg gjennom formell vidareutdanning vil styrke den vidare utviklinga av skule og barnehage i regionen. Eit høgre medvitnivå på kva rolle dei folkevalde har for barnehage og skule, vil bidra positivt på den langsiktige forvaltninga.

Saman med NAV Arbeidslivssenter og Høgskulen i Sogn og Fjordane, vil vi gjennom denne satsinga utvikle nye reiskap og nye måtar å jobbe med utvikling av fag og personaleiing i organisasjonane våre. Det er heilt nytt i Noreg, at eit arbeidslivssenter deltek i eit slikt prosjekt som dette. På grunn av det vi har oppnådd så langt, har Sogn regionråd ambisjon av å vere den første regionen i landet som interkommunalt vil ta eit vesentleg løft for å løyse utfordringane som ligg i St.meld 41 Kvalitet i barnehagen. Vår modell for barnehage-, skule- og samfunnsutvikling vil kunne la seg overførast til andre regionar og andre fylke.

KS lyste hausten 2009 ut eit anbod på kr 800 000, der målet er å forske på gode modellar for skule- og samfunnsutvikling. Det var presisert at prosjektet "Sats på skulen" i Sogn skal vere eit av dei prosjekta det skal hentast lærdom frå. Så langt veit vi at det er SINTEF som vann anbodet. Når resultatane frå dette arbeidet ligg føre, vil det vere langt enklare å seie korleis og på kva måte vi kan overføre dei viktigaste elementa frå prosjekt til varig drift? både i region Sogn og i andre kommunar i landet.

Organisering

Korleis er prosjektet forankra?

Prosjektet "Sats på skulen - snu Sogn" er politisk vedteke i alle dei deltakande kommunane, samt Sogn regionråd. Satsinga på barnehage vil etter planen bli endeleg vedteke på møte i regionråde den 30.04.2010.

Kven er prosjektansvarleg person /organisasjon?

Dagleg leiar i Sogn regionråd, Arthur Langeland

Kven er prosjektleiar?

Claus Røynesdal

Kven er styringsgruppa samansett av?

Sogn regionråd har overordna styring gjennom godkjenning av handlingsplan, årsmelding og budsjett.

Eventuell prosjekt- / referansegruppe

Programstyret har brei representasjon: Sogn regionråd (leiar/ ordførar - og dagleg leiar), ein representant frå rådmenna, ein representant frå skuleleiarane, ein representant frå skule- og barnehageregionen, Utdanningsforbundet, NHO, Fylkesmanne, Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Etter planen skal programstyret utvidast med ein styrar frå ein av barnehagane i regionen.

Framdriftsplan			
Ca. startdato for prosjektet[dd.mm.åååå]			
01.01.2010			
Andre milepælar / aktivitetar undervegs i prosjektet			
Ca. startdato [dd.mm.åååå]	Skildring av aktiviteten	Ansvarleg(person, rolle eller gruppe)	Ca. sluttdato [dd.mm.åååå]
01.01.2010	Framhald skuleleiaropplæring	Prosjektleiar	30.06.2010
01.01.2010	Framhald drift og utvikling av fagnettverka	Prosjektleiar	31.12.2010
01.01.2010	Framhald utvikling av kommunane si rolle som skuleeigar	Prosjektleiar	31.12.2010
22.04.2010	Entreprenørskapsmesse for u-skulane, i Aurland	Prosjektleiar	22.04.2010
30.04.2010	Sogn regionråd: Vedtak om satsing på barnehage	Dagleg leiar Sogn regionråd	30.04.2010
03.05.2010	Presentasjon på Kommunedagene av mellombelse funn på forskning om skule- og samfunnsutvikling	KS og SINTEF Forskning	05.01.2010
01.08.2010	Arbeid med å utvikle ein heilskapleg entreprenørskapsplan for bhg, grunnskule, vgs skule og høgskule	Prosjektleiar/ Ungt Entreprenørskap	31.12.2010
01.08.2010	Høst 2010: Oppstart av kull 3: leiaropplæring i bhg	Prosjektleiar, NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane	31.12.2012
01.10.2010	Samling for politisk og administrativ leining: Utforming av rolla som skule- og barnehageeigar	Prosjektleiar	31.12.2012
01.08.2012	Sluttevaluering av prosjektet	Ekstern	31.12.2012
Ca. sluttdato for prosjektet[dd.mm.åååå]			
31.12.2012			

Økonomi

Korleis er tiltaket tenkt finansiert? (Eigne driftsmidlar, eigeninnsats, søknadsbeløpet til programstyret og eventuell anna finansiering). Vel "Ny rad" for å legge inn ny finansieringskjelde. Rund av til heile tusen kr. Skriv tala utan mellomrom/punktum (t.d. 1 mill.kr skriv du slik 1000000). Summen skal vere utan mva.

Finansieringskjelde(r)	Sum
Søknad for 2010	900000
KS	400000
Eigendel kommunane i regionrådet	400000
Sogn regionråd	100000
NAV Arbeidslivssenter	50000

Set opp reelle utgifter (innkjøp av utstyr, administrasjonskostnader, m.m). Vel "Ny rad" for å legge inn ny utgift. Rund av til heile tusen kr. Skriv tala utan mellomrom/punktum (t.d. 1 mill.kr skriv du slik 1000000). Summen skal vere utan mva.

Utgifter	Sum
Prosjektleiing	750000
Fagnettverk	175000
Skoleleiarnettverk	50000
Skuleeigarrolla	75000
Entreprenørskapsmessa i Aurland	150000
Coaching styrarar	50000
Leiarutdanning i barnehagane	600000

Er det søkt om finansiering hjå andre / gjennom andre ordningar? Dersom ja, gje opp namn på finansieringskjelda.

Det vil bli søkt til KS om finansiering av leiarutdanninga

Plan for formidling til andre

I eigen kommune / føretak

Formidling via nettsida til regionrådet og medlemskommunane. Programstyret har møte med alle kommunane etter tur. Prosjektleiar deltek på temamøter i kommunestyra, møter på skulane og årsmøter/ temamøter med hjå dei involverte arbeidstakarorganisasjonane.

Utanfor eigen kommune /føretak /område

Nettsida til regionrådet, deltaking på konferansar og ulike samlingar (t.d styrarsamling, skuleleiarsamling, KS samlingar). Forsking på prosjektet i regi av KS

Korleis og når skal prosjektet evaluerast?

Mellombels evaluert hausten 2009, og sluttevaluering i 2012.

Kontaktperson hjå Fylkesmannen Kåre Træen, e-post: ktr@fmsf.no

Kontaktperson hjå Fylkeskommunen Harald Offerdal, e-post: harald.offerdal@sfj.no

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 10/230

Arkiv:

Saksnr.: Utval
6/10 Sogn regionråd

Møtedato
12.02.2010

Sak 6/10

Visit Sognefjord - Søknad om tilskot for 2010

Tilråding:

Sogn regionråd løyver i samsvar med vedteke budsjett eit generelt tilskot til Visit Sognefjord med kr 240 000 for 2010.

Vedlegg:

Søknad frå Visit Sognefjord dagsett 6. januar 2010
Sogn regionråd sak 29/08 saksutgreiing og vedtak

Saksutgreiing:

Som bakgrunn for den støtte det har vore gjeve frå regionrådet til Visit Sognefjord vert det vist til sak 29/08 som ligg ved.

Rådet har i mange år frå 1990 talet støtta ulike tiltak innan reiselivsbransjen med fokus på felles tiltak. Det har i seinare råd vore gjeve eit generelt tilskot med kr 200 000. Til dels har det vore gjeve tillegg knytta til spesielle prosjekt, men i sak 29/08 vert det presisert at rådet skal gje ei basistilskot utan tilknytning til spesielle prosjekt. Rådet løyvde slik kr 240 000 for 2009.

Visit Sognefjord søker no om eit ordinært tilskot på kr. 250 000. Det er i søknaden ikkje gjort greie for auken i dette basistilskotet frå 2009 til 2010, men ut frå nivået på basistilskotet i 2009 legg sekretariatet til grunn at auke med kr 10 000 er knytt til generell kostnadsauke mv. Her vert det og vist til at det i søknaden og vert gjort greie for tiltak som er gjort i tillegg til dei ordinære marknadsføringstiltaka i 2009. Det er ikkje gjort greie for korleis desse vert vidareført for 2010.

I diskusjonane i rådet har det tidlegare vore teke opp tilhøvet mellom produktutvikling og marknadsføring i høve til dei søknader som har vore fremma for rådet. Vedlegga til søknaden gjev greie for dei marknadsføringskampanjar som er planlagde for Storbritannia, Tyskland og Nederland i 2010. Det oppsette budsjettet omfattar stort sett marknadsføringselement.

Visit Sognefjord søker om eit ekstratilskot på kr 125 000 som skal nyttast til samarbeidstiltak med andre lokale arrangement som då kan nytta Visit Sognefjord som ein "paraply" i høve til kunnskap og marknadsføring. I dette ligg det ei betre kopling til produkt i området, men det er ikkje kommentert at dette gjeld utvikling av nye produkt jf kommentarar i rådet. Det vert nemnt at det på søknadstidspunktet ikkje ligg føre formelle samarbeidsavtalar. Visit

Sognefjord opplyser at dei har bidrege med midlar til nokre av festivalane i 2009 og søknaden om ekstratilskot vert oppfatta på den måten at eit slikt samarbeid skal halda fram og utviklast.

I det vedtekne budsjettet for rådet for 2010 er det sett av kr 240 000 til reiselivstiltak. Sekretariatet må halda seg til denne avsetting i høve til tilrådinga. Rådet bør under handsaminga av saka sjølv vurdere om det bør løyvast midlar ut over dette frå dei generelle midlane rådet har til disposisjon. Det vart gjeve eit oversyn over desse i samband med saka om utmelding Årdal, sak 23/09.

Sogndal 6. januar 2010

Søknad om tilskot 2010

Visit Sognefjord as søker om eit tilskot på kr. 375 000 til å realisera handlingsplan for 2010. kr. 250 000 er ordinært tilskot og kr. 125 000 er ekstra tilskot til samarbeidstiltak og oppretting av undergrupper / samarbeidsgrupper i Visit Sognefjord mellom reiselivsaktørane, landbruk og skogbruksnæringa, og arrangement og festivalar.

Nedanfor har vi gjort greie for bruken av ekstratilskotet. I tillegg har vi gitt ei oversikt over korleis det samla budsjettet for Visit Sognefjord på kr 3.465.000 vert nytta.

Ekstratilskot:

1. Oppretting av undergrupper under paraplyen til Visit Sognefjord.

Undergruppene/samarbeidsgruppene skal kunne drive felles prosjekt/arrangement gjennom egne arbeidsgrupper/styre under paraplyen til Visit Sognefjord. På denne måten kan veldig mange arrangement/prosjekt sleppe å opprette egne reiselivsselskap, og i tillegg ha eit nettverk å dele kunnskap/støtte seg til. I tillegg til at Visit Sognefjord vil få betre oversikt over alle aktivitetane i reiselivsnæringa vil det og vere kostnadsbesparande for prosjekta/arrangementa gjennom færre kostnader og betre marknadsføring. Ein vil og kunne oppretta egne nettsider under Sognefjord. Eksempel:

www.sognefjord.no/kjerringiopen

www.sognefjord.no/esefjordenrundt

www.sognefjord.no/laerdalsmarknaden

2. Samarbeidstiltak

- I landbruk og skogbruksnæringa pågår det 22 ulike reiselivsprosjekt med offentleg støtte i Fjord Norge. Eksempel på prosjekt: Frukruta langs Sognefjorden, Fukt og bær rundt neste sving. Få av desse prosjekta er tilstrekkeleg forankra i reiselivsnæringa. Visit Sognefjord (som er den nest største turistdestinasjon i FjordNorge etter Bergen) har i skrivande stund ingen formelle samarbeid med nokon av dei. Det er ikkje eit mål å samarbeide om og med flest mogleg, men me lyt prøve å få kople ein del av dette og få gode produkt ut i marknaden.
- Reiselivsnæringa og festivalar og arrangement som Fjellsportfestivalen, Kjerringi open, Sognefjord Symjefestival, Tinderittet, m.fl. treng tettare samarbeid i form av marknadsføring og koordinering. Visit Sognefjord har bidrege med noko midlar til dette i 2009, og ser det som viktig at antal slike arrangement og festivalar vert auka eller oppretthalde, og at dei får fleire brukarar og gjester.

I tillegg til ordinære marknadsføringstiltak i 2009, har Visit Sognefjord:

- tilsett leiar for selskapet
- teke på seg fleire fellesoppgåver for reiselivet i regionen utover marknadsføring.
- inngått avtale om produksjon av eit program av TV serien New Scandinavian Cooking. (Dette er ein vinterproduksjon og vert vist i meir enn 100 land og TV2 hausten 2010)
- inngått avtale om produksjon av 6 episodar "En reise til fjordenes indre" NRK produksjon. (serien kan og verte seld til utlandet)
- vore ein aktiv partner i båtruteprosjektet som vert leia av regionrådet
- vore ein aktiv partner i Verdiskapingsprosjektet (saman med Fjord1 og Sunnfjord 2020). Prosjektet er finansiert med INU midlar. Føremålet er å gi stønad til utvalde produkt i næringa slik at me kan tilby turistane eit godt mangfald av aktivitetar og attraksjonar heile sesongen.
- auke satsinga vesentleg på den norske marknaden både sommar og vinter.
- rolla som prosjekteigar i samarbeidsprosjekt med Vestlandsforskning og FjordNorge innan utvikling av semantisk web. (Det siste innan nettsider)

Me vonar på positiv handsaming

Beste helsing

Visit Sognefjord as

Arne Glenn Flåten (sign)
-reiselivsdirektør-

Disponering av midlar/budsjett Visit Sognefjord 2010

Fjord Norge Reiseguide	205 000
Tyskland	150 000
Tyskland gjennom operatør(ar)	100 000
Nederland	250 000
Storbritannia (Kun bransje)	100 000
Sør Europa. Spania og Italia og Frankrike. Studieturar og invitasjon til workshopar.	15 000
Asia. Korea, Kina og Japan. (Fjord1 50%)	200 000
Vandring. Vandrekatalogar fra IN, nyheitskampanjar, produktmanual, Norgeskampanjen.	80 000
Diverse små tiltak	300 000
Vstlandsforskning Semantisk web	100 000
Filmproduksjon (perfect day)	400 000
Filmproduksjon Reise til Fjordens indre	50 000
Drift av sognefjord.no	600 000
Publisering av innhold på FjordNorge og VisitNorway.com	150 000
Reiser	100 000
Utsending av materiell	25 000
Sekr./dagleg leiling	460 000
Rekneskap	20 000
Revisjon	10 000
Kontorutgifter/rekvisita utstyr	50 000
Sum kostnader	3 465 000


(Sjå vedlegg for meir informasjon om utanlandssatsinga)

Marknadssituasjonen (sommarsesongen).

2009 har vore eit nedgangår for reiselivsnæringa i regionen. Samla sett var det ein nedgang på 5,8% (Nordmenn hadde ein auke på 2,8%, og utlandet ein nedgang på 10,7%)

Samla sett har me hatt ein auke frå 2005 til 2009 på 3,8% (utlendingar 0,5%, og nordmenn 12%)

Oversikt over omsetning over samla overnattingsturisme i Sognefjordregionen
(ikkje yrkestrafikk og kurs/konferanse).



Tabellen viser at turistane legg att nesten halvparten (47,66%) av pengane på varekjøp, transport og anna.

Tyskland

- Tilbudet inkluderer deltakelse i Innovasjon Norges sommerkampanje – som en del av Fjord Norge presentasjonen
- Kampanjene i Tyskland er bygget opp basert på Optima studien, og har fokus på baseferie og rundreise
- Tilbudet inkluderer også deltakelse i aktiviteter i samarbeidet med Best of Scandinavia og DER Tour, med fokus på bearbeidelse av salgsleddet.

Tyskland - sommerkampanjen

Aktivitet	Pris (estimat)	Kommentar
Presentasjon av destinasjon i bilagene for Baseferie og Rundreise, per bilag har opplag på 3 mill	50.000 per bilag	Inkludert i Fjord Norges del av bilaget
Presentasjon av destinasjonen på visitnorway.de, med link og bilde	20.000 per link med bilde	
Presentation og tilbud i E-mailings til kalde adresser	2500 per e-mailing	Del av Fjord Norge tekst
Fokus på destinasjonen i gruppe presseturen fra Tyskland	10.000 + ytelser på destinasjonen under presseturen	Alltid vanskelig å prise
Messer i Tyskland, ITB, CMT, FREE Munchen	Pris avtalt per messe, fra 5-7.000 kroner	Forutsetter deltakelse felles med IN, for egen disk blir prisen høyere,
Totalt Tyskland IN	Kr. 150.000,-	(inkluderer ikke messer)

Tyskland

Samarbeid med Der Tour og Best of Scandinavia

- Følgende aktiviteter er planlagt:
 - Messe deltakelse i Wien
 - Bilag i FWV og Urlaub Perfect i mars-april
 - Flyer Der Tour
 - Poster i reisebyrå vinduene
 - Mulig presentasjon i On Tour Magazine (Der Tour sitt magasin til reisebyråene)
 - Studieturer til Regionen
- Synlighet i flere aktiviteter her vil være aktuell i FWV bilag, destinasjon inkludert i studieturer, deltakelse aktivt på aktiviteter mot reisebyråene

Totalt DER Tour: kr. 100.000,-

Nederland - sommerkampanje

- **Bilag:** Deltakelse i Innovasjon Norges Sommerkampanjen i Nederland, som del av Fjord Norges presentasjon
 - Wegener Dagbladen 900 000 eks
 - De Volkskrant 400 000 eks
 - Elsevier 165 000 eks
 - NRC Next 300 00 eks
- **Billboarding Fjord Noorwegen:** Sognefjord motiv på billboard på strategiske steder langs motorveier rundt de store byene.
- **Grunnpakken:** nyhetsbrev, artikkel i pressemelding, web-adressen i vedleggene, link til egen side på kampanjesiden
- **Online tiltak:** Presentasjon av Visit Sognefjord og link til egne sider på anwb.nl, volkskrantreizen.nl, reisradar.nl, elsevier.nl, topvakanties.nl, columbusmagazine.nl, vakantie.nl, zoomin.tv, bestemmingbeeld.nl, google adwords.

Flere tiltak kan komme for å påvirke de som bestemmer reisemål sent.

Nederland - tilleggeskampanjer

- **Deltakelse i 50 + kampanje:**
 - Messe + bilag 255 000 eks
- **Deltakelse i Camping prosjektet:**
 - Brosjyre til Vakantiebeurs, artikkel i pressemelding camping, artikkel i nyhetsbrev camping, Presentasjon på "landingpage" camping på visitnorway.nl, Presentasjon på vår side i DM de Waard Tenten og i andre samarbeidstiltak med De Waard
- **Deltakelse i Mai ferie kampanje:**
 - Online aksjon, landingpage, artikler, presse, samarbeid med turoperatører.
- **Aktiv ferie – adventure kampanje:**
 - Online aksjon, landingpage, artikler, presse, samarbeid med turoperatører.
- **Dykke kampanje:**
 - Online aksjon, landingpage, artikler, presse, samarbeid med turoperatører.
- **Samarbeid med turoperatører:**
 - Samarbeid med Pharos Reizen (ANWB) om promotjon av en Fjord Norge tur.
- **Pressereiser, artikler i pressemelding, nyhetsbrev**

Nederland

Tiltak oppsummert:

- Grunnpakke – andel av FN presentasjon
- Online – presentert i alle tiltak
- Vedlegg – andel av FN i alle vedlegg
- 50+ prosjektet – andel av FN presentasjon
- Camping prosjektet – andel av FN presentasjon
- Aktiv ferie – adventure - andel av FN presentasjon
- Mai ferie - andel av FN presentasjon
- Dykkekampanje – andel av FN presentasjon
- Billboard - ett motiv som en del av Fjord Noorwegen
- Samarbeid med turoperatør andel av FN arbeidet
- Columbus Magazine andel i FN artikkel
- Pressereiser, andel av FN tiltak
pressemeldinger,
nyhetsbrev

Totalt Nederland: kr. 250 000,-

Storbritannia

Deltakelse i hovedkampanje gjennom Innovasjon Norge som en del av partneravtalen til Fjord Norge. Eierandel i partnerpakke til Fjord Norge. Totalt investerer Fjord Norge regionen ca. 1 mill kroner. Tidspunkt for aktivitetene vil være Januar 2010 til November 2010.

Avhengig av andre partnere og størrelse på kampanjen så er følgende aktiviteter en del av kampanjen. Endelig kampanjeplan avklares medio desember 2009.

- **Forbrukeraktiviteter**

- Produktannonsering / advetorials (online og i nasjonale og regionale medier)
- Visitnorway.co.uk: Artikkel og lenke fra sommersidene til hjemmeside
- Brosjyredistribusjon
- Deltakelse i responsbrosjyre / innstikk produktpresentasjon
- Deltakelse i Travel News from Norway

- **Bransjeaktiviteter**

- Deltakelse i Norway Knowledge- vårt online opplæringsprogram for reisebyråagenter
- Workshop og Markedsforum i London: Deltakelse for fire bedrifter*
- Partner og distributør søk

- **Presseaktiviteter**

- Presseturer: Gruppe og individuelle turer
- Deltakelse i pressemeldinger

Totalt Storbritannia: kr. 200.000,-



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL - Tlf: 57 62 96 14

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 62 96 14
Vår ref.
08/2548-3
Dykkar ref.

Visit Sognefjord
v/ Noralv Distad

Dato
12.12.2008

Sak 29/08

Svar - Søknad om tilskot frå Visit Sognefjord

Sogn regionråd handsama søknad av 3. november 2008 om tilskot frå Visit Sognefjord i møtet 5.12.2008, og det vart fatta følgjande vedtak:

Sogn regionråd løyver kr 240 000 til Visit Sognefjord i 2009.

Vedlagt følgjer saksframlegget til orientering.

Med helsing

Karina Nerland
dagleg leiar
(sign)

Vedlegg: Saksframlegg

Saksframlegg

Sakshandsamar: Karina Nerland
Arkivsaksnr.: 08/2548

Arkiv: 223 U64

Søknad om tilskot frå Visit Sognefjord 2009

* Tiltråding:

Sogn regionråd løyver kr 240 000 til Visit Sognefjord i 2009.

Vedlegg:

Søknad frå Visit Sognefjord 2009

Saksutgreiing:

Visit Sognefjord søker om eit tilskot på kr 275 000 for å realisera handlingsplan for 2009.

Utover det ordinære tilskotet på kr 200 000, gjeld søknaden eit ekstra tilskot kr 75 000 til kampanje på den norske marknaden. Kampanjen er eit samarbeid med Innovasjon Norge. Visit Sognefjord viser til at ekstratilskotet vil gje ekstra fokus på større arrangement som rettar seg mot nasjonale målgrupper. Slike arrangement vil gje positiv omtale og omsetning i bedriftene på brei basis.

Totale inntekter for Visit Sognefjord er kr 1 756 000 ekskl. mva med bidrag frå reisemålselskapa (kr 1 151 000) og elles Sogn regionråd, Fjord1 og fleire deltakarar i Norgeskampanjen.

Visit Sognefjord viser til nedgang og svikt i trafikken frå utlandet. Salarbeidet for 2009 vert ei stor utfordring for dei, og for å oppnå resultat bør det brukast meir midlar til marknadsføring og sal.

Sogn regionråd har i fleire år gjeve eit generelt tilskot til Visit Sognefjord på kr 200 000 pr år. I 2006 vart det gitt tilskot til Norgeskampanjen fordi Geoturisme var eit av satsingsområda innan reiseliv, medan i 2007 og 2008 vart søknadane om midlar til Norgeskampanje avslått. Grunngevinga var at regionrådet ikkje gir tilskot til ein skilde prosjekt/tiltak. Visit Sognefjord vart bedt om å senda ein samla søknad til regionrådet, og som no føreligg.

I reiselivsplanen for fylket, som no er under arbeid, er fokuset å styrka regionnivået, styrka generell marknadsføring og styrka satsing på den norske marknaden. Reiselivsnæringa er viktig for utviklinga av regionen. Sogn regionråd har reiseliv som eit prioritert område i regionalplanen. Det vert ei vurdering om kor stor del av dei regionale utviklingsmidlane som skal brukast til reiselivet. Ei auke i tilskotet betyr ei generell auke av basistilskotet for Visit Sognefjord. Administrasjonen tilrår å gje tilskot med kr 240 000 for 2009.

Saksh.: Arthur Langeland
Arkivsak: 10/239

Arkiv: 065

Saksnr.: Utval
7/10 Sogn regionråd

Møtedato
12.02.2010

Sak 7/10

Orienteringssaker 12.02.2010

Tilråding:

Dei prosjekt det er søkt om støtte til for 2010:

- Interkommunalt byggjetilsyn
- Interkommunalt friluftsråd
- Geodataprojektet
- GIS prosjekt:
 - Flaum skred, med utvikling for 2011
 - Vann avlaup
- Sats på skulen vidareføring skule og utvikling for barnehage

Samferdselsgruppa

Flyplass arbeid i høve til neste konsesjonsrunde

Reiselivsgruppa

Helsegruppa

RUP gruppa

Strategiplanen- Tiltaksplanen for 2010

2 dagars møte våren 2010, planlegging, tema, stad o.a.

Interkommunalt hamneadministrasjon jf ny hamnelov

Kort orientering økonomi/årsmeldingsarbeidet, sak på rådet sitt møte 30.04

USS, utmarkskommuners samanslutning orientering frå Urnes

NHO orientering om Globalprosjektet, tilrettelegging høgt utdanna innvandrarar

Denne orientering vert gjeve frå kl 1130 - 1215

Vedlegg:

Regionalplan for Sogn regionråd del 1 og 2


Tiltaksplan 2009

Prosjektbeskrivelse Global Future

Regionalplan for Sogn regionråd

2009-2012

Del 1: Strategiplan



Vedtøken i Sogn regionråd 24. april 2009

1. Innleiing	3
2. Regionale utfordringar	4
2.1. Folketal	5
2.1.1. Nasjonale mål og føresetnader	5
2.1.2. Folketalsutviklinga i sogn	5
2.1.3. Folketalsframskriving	6
2.2. Sysselsetting	7
2.2.1. Fordeling etter næring	7
2.2.2. Pendling	8
2.2.3. Attraktive levevilkår for alle innbyggjarar	9
3. Satsingsområde (alfabetisk)	9
3.1. Felles bu- og arbeidsmarknad	10
3.2. Helse	10
3.3. Næringsutvikling	11
3.4. Sogndal si rolle som regionsenter	12
3.5. Utdanning, skule og kompetanse	13
4. Arbeidsformer	14

1. Innleiing

Sogn regionråd er organisert som eit interkommunalt samarbeid med heimel i kommunelova § 27. Kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal er eigarane.

Sogn regionråd skal vere ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikle rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal også fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordne og forenkle oppgåver for eigarane.

Sogn regionråd vil forma ein region som gir innbyggjarane eit godt liv og bidra til at ungdommane satsar framtida si her.

I historisk samanheng har Sognefjorden vore den viktigaste ferdselsåra mellom kommunane i regionen. Fjorden er framleis ein viktig ressurs som vi kan utnytte betre ved å samla oss om felles strategiar på tvers av kommunegrensene.

Bygdene ligg spreidde langs fjordar og dalbotnar med mange lokale sentra. Dei har til felles at dei eig ein del av fjorden. Fellesskapet rundt fjorden bygger identiteten til sogningane, og er eit godt grunnlag å utvikla samarbeidet på. Verdiskapinga vil auka når vi samarbeidar om å ta heile regionen i bruk.

Struktur

Regionalplan for Sogn er todelt med ein strategiplan og ein tiltaksplan: Strategiplanen inneheld generelle utfordringar og definerer konkrete mål som skal gjelda for planperioden 2009-2012. Tiltaksplanen gir ei prioritering av tiltaka for eitt år om gongen og vert revidert kvart år. Regionrådet skal gjennom tiltaksplanen vera pådrivar for konkrete prosjekt og vidare ha som mål å forenkla oppgåver for eigarkommunane.

Tiltaksplanen vil vera grunnlag for eit partnerskap med fylkeskommunen om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt. Fylkesplanen 2005-2008 har utsett hovudrulleringa til 2010, og får derfor mindre betydning for regionalplanen enn det som var intensjonen frå regionrådet si side.

Regionrådet vil arbeida for samarbeid og partnerskap med positive ringverknader både innanfor regionen og i høve til dei andre regionane i fylket. Utvikling av konkrete projektskisser og partnerskap og igangsetjing av konkrete prosjekt vil koma som del av tiltaksplanen.

Prosess

RUP-gruppa starta arbeidet med å rullera regionalplanen våren 2008, og har lagt opp til følgjande prosess i arbeidet med plandokumentet:

I oppstartsmøte 13. juni 2008 innleia professor Oddbjørn Bukve ved Høgskulen i Sogn og Fjordane om *Utfordringar og strategiar i regionalt utviklingsarbeid*. På same møtet var det idedugnad og gruppearbeid om satsingsområde, tiltak og arbeidsformer.


RUP-gruppa grupperte satsingsområda og ba dei åtte formannskapa om å prioritera 3-4 av i alt 6 satsingsområde.

I regionrådsmøtet 17. oktober 2008 var det gruppearbeid. Det kom forslag til hovudmål, delmål, strategiar og tiltak til dei fire prioriterte satsingsområda. Med utgangspunkt i desse innspela laga administrasjonen eit utkast til regionalplan for Sogn regionråd 2009-2012 som har vore drøfta i RUP-gruppa.

2. Regionale utfordringar

Kommunane i Sogn regionråd er definert som ein arbeids-, bustad- og serviceregion. Eit overordna mål med regionrådet sitt arbeid er å halda vedlike og vidareutvikla eit attraktivt bu- og arbeidsmiljø i regionen for å oppretthalda folketal, sysselsetting og liv i bygdene. Dette inneber store felles utfordringar på område som infrastruktur, tenesteyting, servicetilbod og næringsutvikling.

Figur 1 Satelittbilete med kommunegrenser i Sogn regionråd. Kjelde: www.sognekart.no



2.1. Folketal

Å oppretthalde folketalet er ei av dei viktigaste utfordringane i regionen.

2.1.1. Nasjonale mål og føresetnader

I distrikts- og regionalpolitikken har regjeringa som mål å leggja til rette for likeverdige levekår i heile landet, og oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Folk skal ha ein reell fridom til å busetja seg der dei ønskjer. Regjeringa peikar på desse utfordringane som viktige for å nå målet:

- Utløysa verdiskapingspotensialet i alle delar av landet
- Tilgang på teneste- og velferdstilbod, tilgang på arbeidsplassar der folk bur
- Innsats som i sum kan skapa optimisme og framtidstru
- Bygder og tettstader som attraktive stader for busetjing, særleg for unge og kvinner
- Små og mellomstore byar som attraktive alternativ til dei største byane

Stortingsmeldinga legg til grunn følgjande føresetnadar for næringsutvikling og busetjing:


- Styrkje kommunalt tenestetilbod og samfunnsutviklingsrolla til kommunar og fylkeskommunar
- Utvikling av attraktive stader
- Redusera avstandsulempene gjennom effektive samferdselsløysingar
- Styrke kompetansen for folk og næringsliv
- Gode helsetilbod i alle delar av landet
- Lokaliseringspolitikk og arbeidet med forvaltningsreforma
- Samfunnsplanlegging for samordning og differensiert politikk

Stortingsmelding nr 21 (2005-2006) Hjarte for heile landet Om distrikts- og regionalpolitikken.

Ved sida av utviklinga av arbeidsmarknaden og rekruttering til regionen er også tiltak som sikrar høg livskvalitet viktig for den regionale utviklinga.

2.1.2. Folketalsutviklinga i Sogn

Dei fleste kommunane i Sogn har hatt ei negativ folketalsutvikling dei siste åra. For heile regionen har nedgangen vore 545 personar i tida 2000- 2009. Berre Sogndal har hatt auke i denne perioden. Figur 2 viser endringa i denne perioden i prosent for kvar kommune.



Figur 2 Endring i folketallet i tida 2000-2009 (i prosent). Kjelde: Statistisk Sentralbyrå (SSB).

Kommunane Luster, Lærdal, Sogndal og Årdal har vekst i folketallet frå 2008 til 2009, og det har vore ei svak auke totalt sett for Sogn frå 2008 til 2009. Utviklinga er den same for heile fylket.

Ved årsskiftet 2008/2009 budde det 69 fleire personar i Sogn enn eitt år før. Fødselsoverskotet (fleire fødte enn døde) var på 45 personar. 980 personar flytte til kommunane i Sogn regionråd, 292 av desse kom frå utlandet. Det var om lag like mange innflyttarar som utflyttarar i 2008.

Folketal 1.1.08	Fødd	Døde	Fødsels-overskot	Innflytting	Herav frå utland	Utflytting	Nettoinnfl.	Folketilvekst	Folketal 1.1.09
27 548	327	282	45	980	292	987	-7	69	27 617

Tabell 1 Endring i folkemengd frå 1.1.2008 til 1.1.2009. Kjelde: SSB

2.1.3. Folketalsframskriving

Kva seier prognosane om den vidare folketalsutviklinga?

Statistisk Sentralbyrå sine prognosar viser at Sogn samla sett vil få auka folketal dei neste 20 åra med nærare 5%. Sogndal kommune vil få størst folketalsauke. Kommunane Vik, Balestrand og Aurland vil få nedgang i folketallet.

Kommune/region	2009	2019	2029	
	Folketal	Folketal	Endring	Folketal
Vik	2780	2669	-111	2645
Balestrand	1348	1240	-108	1201
Leikanger	2156	2264	108	2340
Sogndal	6968	7689	721	8327
Aurland	1687	1577	-110	1508
Lærdal	2199	2211	12	2255
Årdal	5600	5658	58	5669
Luster	4879	4901	22	5015
Sogn	27617	28209	592	28960
Sogn og Fjordane	106457	109093	2636	112044

Tabell 2 Folketalsframskriving for 2019 og 2029 (Kjelde: SSB, Middels nasjonal vekst, alternativ MMMM: middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring.)

Framskrivingar viser at aldersamansetjinga vil endra seg om ein ser fram i tid. Dei største endringane vil bli for aldersgruppa 35-44 år med 20% nedgang og for aldersgruppa 70-79 år med 28% auke.


Det er innvandringa til Sogn som vil gje folketalsauka i tida som kjem. Prognosane viser at utan innvandring vil nedgangen i Sogn utgjera nærare 8% (2139 personar) frå 2009 til 2029.

2.2. Sysselsetting

Regionen har fleire offentlege arbeidsplassar i tillegg til dei kommunale administrasjonane. Industri og varehandel, hotell- og restaurantverksemd sysselsett også mange i regionen. Elles fordeler sysselsettinga seg på jordbruk, skogbruk og fiske, bygge- og anleggsverksemd, transport og kommunikasjon og finans og forretningsmessig tenesteyting.

2.2.1. Fordeling etter næring

Figur 3 viser sysselsetting fordelt på ulike næringer i Sogn for 2000 og 2007. Det har vore auka sysselsetting i perioden frå 2000 til 2007 innan offentlig forvaltning og anna tenesteyting (404 personar) og forretningsmessige tenesteyting og eigeomsdrift (199 personar). Nedgangen i sysselsettinga har i same periode vore i jordbruk, skogbruk og fiske (99 personar), industri og bergverksdrift (266 personar), bygge- og anleggsverksemda (144 personar) og transport og kommunikasjon (123 personar). I varehandel, hotell- og restaurantverksemda og finansiell tenesteyting har det vore små endringar.




Figur 3 Sysselsetting etter arbeidsstad i Sogn pr 4. kvartal 2000 og 4. kvartal 2007. Kjelde: SSB

Vi har i lang tid hatt auka etterspurnad etter arbeidskraft og låg arbeidsløyse og ledige stillingar vart fylte av utanlandsk arbeidskraft. Dei siste månadane har arbeidsløysa auka, og det er venta at denne utviklinga vil halda fram. Samstundes kan det i nedgangstider vera lettast å rekruttera og få folk til å flytta til distrikta.

2.2.2. Pendling

Nytt arbeid i ein annan kommune betyr ikkje nødvendigvis at personen flytter etter.

Figur 4 viser at det er fleire som pendlar ut av regionen enn til regionen. Det betyr at regionen har negativ nettoppendling, og vi har større negativ nettoppendling i 2007 enn i 2000.



Figur 4 Pendlingsstraumane inn og ut av regionen for 2000 og 2007. Kjelde: SSB.

Dei fleste som pendlar til vår region kjem frå vårt eige fylke (264) og frå Hordaland (267, og av desse 123 frå Bergen). For dei andre nabofylka er tala slik: Buskerud (50), Oppland (65) og Møre og Romsdal (31). Frå resten av landet pendlar 257 inn til regionen.

Utpendlinga frå vår region går i hovudsak til andre stader i fylket (422) og til Hordaland (447, og av desse 347 til Bergen). For dei andre nabofylka er tala slik: Buskerud (51), Oppland (40) og Møre og Romsdal (25). 630 personar pendlar til andre stader i landet, og mange av desse til Oslo (294).

Tabell 3 viser i prosent kor mange som pendlar inn til kommunen i høve til dei som arbeider i kommunen og tilsvarende kor mange som pendlar ut i høve til dei som bur i kommunen. Utpendling har auka for alle kommunane, medan innpendlinga har auka for dei fire kommunane Luster, Sogndal, Vik og Årdal.

Kommune	Pendlar inn til kommunen		Pendlar ut av kommunen	
	2000	2007	2000	2007
	%	%	%	%
Aurland	18	14	17	23
Balestrand	17	16	25	28
Leikanger	46	40	28	33
Luster	9	14	28	32
Lærdal	22	21	26	28
Sogndal	26	29	23	27
Vik	7	8	14	16
Årdal	10	12	9	12

Tabell 3 Tabellen viser prosentvis innpendling i høve til dei som arbeider i kommunen og utpendling i høve til dei som bur i kommunen. Kjelde: SSB.

2.2.3. Attraktive levevilkår for alle innbyggjarar

Gode velferds- og tenestetilbod innan barnehage, skule/utdanning, helse og infrastruktur mv. er føresetnadar for å oppretthalde folketalet i regionen. Folks krav til det offentlege tenestetilbodet aukar og for å vera attraktive må kommunane levera gode tenester til innbyggjarane.

Tilgang på arbeid er avgjerande for kor folk vel å bu. Andelen personar som tek høgare utdanning aukar, og dei stiller krav om fleire jobbmoglegheiter der dei busett seg.

Eit samfunn må ha kvalitetar ut over gode tenestetilbod og arbeidsplassar for å vera attraktive. Attraktiviteten er knytta til både kultur- og fritidstilbod, nettverk for omsorg, friluftsopplevingar, tilgang på møteplassar, estetisk utsjånad og bustadtilbod. Ei særleg utfordring er å gjera staden attraktiv for unge i etableringsfasen og kvinner. Stader som er attraktive for tilflytting, gir også betre grunnlag for lokalisering av verksemdar (Stortingsmelding nr 12 Hjarte for heile landet).

3. Satsingsområde (alfabetisk)

Sogn regionråd sine satsingsområde i perioden 2009-2012 er:

- Felles bu- og arbeidsmarknad
- Helse
- Næringsutvikling – utvikla næringar vi er sterke på
- Sogndal si rolle som regionsenter
- Utdanning, skule og kompetanse

3.1. Felles bu- og arbeidsmarknad

Problemforståing:

Problemet er dårleg utbygd infrastruktur og manglande samla/regional oversikt over ledige stillingar og boligar for innbyggjarar og potensielle tilflyttarar.

Hovudmål

Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur i heile regionen

Delmål	Kommunikasjon Kommunikasjonane i regionen på veg og fjord skal utbetrast slik at reisetida til regionsenteret er maks 1 time	Kollektivtilbod Kollektivtilbodet skal vera tilpassa pendlarane sine behov	Tenestetilbod Felles tenestetilbod (barnehage) på tvers av kommunegrensene som er tilpassa pendlarane sine behov	Bustadareal Lokalisering av bustadareal skal vurderast på tvers av kommunegrensene	Arbeidsmarknad Leggia til rette for ein variert og brei arbeidsmarknad og jobb for begge	Fritidstilbod Regionen skal samla ha eit fritidstilbod som er like god på kultur som natur
Strategiar	Følgja opp felles satsing i ulike strategisamanhengar	<ul style="list-style-type: none"> – Vera pådrivar for gode pendlaruter – Arbeida for betre ferjefrekvens 	<ul style="list-style-type: none"> – Avklara korleis etablere finanseringsmekanismar for fellestilltaka – Gjere tilgjengeleg og kopla informasjon mellom kommunane om kommunale stillingar, kommunale boligar/komtar og barnehageplassar 	<ul style="list-style-type: none"> – Utvikla regionale anlegg og regionale arrangement 		

3.2. Helse

Etter at stortingsmelding om samhandlingsreforma er handsama, vil regionrådet drøfta kva konsekvensar denne får for helsetenesta i regionen. Mål, strategiar og tiltak vert vurdert i den samanheng.

3.3. Næringsutvikling

Problemforståing

Regionen er for lite attraktiv både for verksemdar som skal etablere seg og for unge, kvalifiserte personar, det er manglande samarbeid mellom kommunane om å skaffe nye arbeidsplassar og vi manglar entreprenørskapsånd.

Hovudmål

Sogn regionråd skal utvikla næringar vi er sterke på :

- IKT-kunnskap/ offentlig forvaltning
- Industri
- Landbruk/utmark
- Reiseliv/opplevingsnærning
- Utdanning

Delmål	Infrastruktur	Entreprenørskap	Rekruttering	Fleire verksemdar	Breiband
	Vidareføra arbeidet med å betra infrastrukturen både i regionen og utad	Styrka samanhengen mellom skuleutvikling og samfunnsutvikling	Rekruttera arbeidskraft til regionen	Fleire arbeidsplassar og verksemdar til regionen	Næringslivet i heile regionen skal ha tilstrekkeleg kapasitet på breiband
Strategiar	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeida for å betra veggstrekingar og brøyteberedskap i regionen - Arbeida for å betra flytilbodet - Samarbeida med næringa og regionale utviklingsaktørar om båtuttilbodet i Sognefjorden 	Utvikla entreprenørskaps-haldningar gjennom auka samarbeid mellom skule og næringsliv	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeida for å trekkja unge, kvalifiserte personar til Sogn - Arbeida for fleire lærlingeplassar særleg i kommunal sektor 	<ul style="list-style-type: none"> - Stimulera gründerar - Arbeida for å etablere industrielle knutepunkt i Årdal og næringsklynger som virker attraktive for framtidige verksemdar i regionen - Samordna arbeidet med utvikling og tilrettelegging av nye arbeidsplassar, m.a. nye offentlege arbeidsplassar - Halda fokus på og styrka forskingsmiljøet i regionen - Vidareføra samarbeidet med fylkeskommunen om næringsutvikling herunder reiselivet i Sogn - Støtta opp om Aurland og Lærdal som motor for å utvikla reiselivet i regionen 	<ul style="list-style-type: none"> - Delta i IT-forum Sogn og Fjordane - Delta i samarbeidsordninga Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI)

3.4. Sogndal si rolle som regionsenter

Problemforståing

Problemet i Sogn er at vi ikkje har sentra som er store nok til å vera attraktive for potensielle tilflyttarar. Ufordringa er å sjå omlandet sitt behov og samanhengen mellom sentrum og periferi. Kor sterkt står regionsenter tanken?

Hovudmål

Sogndal skal styrkast som regionsenter.

Delmål	<i>Tenesteyting</i> Regionsenteret skal ha brei privat tenesteyting	<i>Kompetansearbeids-plassar</i> Sogndal skal ha eit tilstrekkeleg tilbod av kompetansearbeidsplassar	<i>Kompetansenstilbod</i> Sogndal skal vera "motor" for å utvikla kompetansenstilbodet i regionen	<i>Næringsutvikling</i> Sogndal skal bidra til næringsutvikling i heile regionen	<i>Plassering av funksjonar</i> Dei funksjonar regionen berre skal ha ein av bør ligga sentralt i regionen når funksjonen er brukarretta og stabile fagmiljø er viktig
Strategiar	Avklara kva oppgåver som bør vera i regionsenteret og kva bør vera andre stader	Styrka Sogndal som kompetansesenter	Styrka og profilera Sogndal som høgskulesenter i regionen	– Sogndal må vera samlande ved å vera bevisst på rolla si og ta ansvar for fellesprosjekt – Alle kommunane må erkjenna at Sogndal er regionsenter og støtta akseptera og støtta opp om regionsenteret	– Regionsenter tanken må "haldast varm" i Sogn regionråd – Involvera formannskap/kommunestyra og skapa eigarskap til regionrådet

3.5. Utdanning, skule og kompetanse

Problemførståing:

*Entreprenørskapstenkinga står for svakt i grunnopplæringa
I vidaregåande opplæring er det dragkamp mellom skulane om aktuelle opplæringsstilbod
Høgskulen er for lite synleg som regional utviklingsaktør og bær i sterkare grad bidra til å dekke arbeidskraftbehovet i regionen og i fylket*

Hovudmål

Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov.

Dette satsingsområdet heng saman med det regionale skule- og samfunnsutviklingsprosjektet Sats på skulen – snu Sogn, if utviklingsprogrammet 2006-2012. Målet for prosjektet er: Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen.

Delmål	Grunnskule Kommunane skal sjå skuleutvikling i samanheng med samfunnsutviklinga og bruka skulen som eit verkemiddel for å styrka næringslivet og utnytta komparative fortrinn	Vidaregåande skule og Høgskule Tilpassa utdanningstilbodet for å dekke arbeidskraftbehovet i regionen	Identitet Styrka ungdommane sin identitet og engasjement til regionen
Strategiar	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunane definerer mål og forventningar i høve til skulen som bidragsytar 	<ul style="list-style-type: none"> – Kopla næringslivet og utdanningsinstitusjonane sterkare saman – Arbeida for breiare tilbod innan vidaregåande opplæring og skreddarsydd etter- og vidareutdanning i Høgskulen – Styrka fagretta utdanning gjennom samarbeid med den vidaregåande skulen og Høgskulen 	<ul style="list-style-type: none"> – Involvera ungdommane i utviklinga av regionen – Vidareføra det regionale ungdomsnettverket som arbeider for å få ungdom til å engasjera seg i lokale saker

4. Arbeidsformer

Sogn regionråd bør bli meir synleg som ein politisk arena for regional utvikling.

Vedtektene bør gjennomgåast og det bør understrekast at medlemene har møteplikt. Regionrådet bør vurderer friare samansetjing av ad-hoc gruppene og jamnleg, t.d. årleg, vurderer å oppretta og nedlegga arbeidsgrupper.

Det bør sytast for betre framdrift og betre prosjektorganisering. Ordninga med arbeidsgrupper bidreg til å vitalisera det politiske arbeidet og bør vidareførast.

Mange aktørar ønskjer å informera regionrådet om saker fordi dei på denne måten får informert alle kommunane på ein gong. Regionrådet skal ikkje fungera som ein rein informasjonsarena. Orienteringar skal ha relevans for regionrådet sitt arbeid, og regionrådet bør unngå "seljarar".

Sogn regionråd er arena for regional utvikling. Arenaer for tenestesamarbeid er rådmannsgruppa i Sogn regionråd, ÅLAV og BLLS. Nye samarbeidsområde skal vera forankra i Sogn regionråd.


Som ledd i regionrådet si ungdomssatsing er det etablert eit regionalt nettverk for ungdomsarbeidarane for gjensidig erfaringsutveksling og kompetanseheving.

Den politiske forankringa i kommunane kan styrkast ved at ordføraren jamnleg informerer formannskapet om arbeidet i regionrådet evt. sondera vanskelege saker på førehand i formannskapet.

Regionalplan for Sogn regionråd

2009-2012

Del 2: Tiltaksplan



Vedteken i Sogn regionråd 24. april 2009

Tiltaksplan for 2009-2012

Tiltaksplanen vil bli rullert årleg.

Sogn regionråd sine satsingsområde i perioden 2009-2012 er (alfabetisk):

- Felles bu- og arbeidsmarknad
- Helse
- Næringsutvikling – utvikla næringar vi er sterke på
- Sogndal si rolle som regionsenter
- Utdanning, skule og kompetanse

Felles bu- og arbeidsmarknad

Tiltak	Kommunikasjon Vegutbetring på strekningane Vik-Vangsnes, Dragsvik – Balestrand og Hella-Leikanger	Kollektivtilbod – Pendlarbuss Årdal – Leikanger med kopling til Luster og Lærdal – Halvtimes avgangar på dagtid på strekningane Dragsvik – Hella – Vangsnes – Nattferjer på strekningane Dragsvik – Hella – Vangsnes	Tenesettilbod, bustadareal og arbeidsmarknad Gjera tilgjengeleg informasjon og kople informasjon mellom kommunane over ledige kommunale stillingar, kommunale boligar/tomtar og barnehageplassar	Fritidstilbod Utvikla regionale anlegg og regionale arrangement
--------	---	--	--	---

Helse

Tiltak vil bli vurdert etter at stortingsmeldinga om samhandlingsreforma er handsama, jf regionalplan for Sogn regionråd 2009-2012 del I strategiplan, pkt 3.2.

Næringsutvikling – utvikla næringar vi er sterke på

Tiltak	<p>Infrastruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> – Utvida arbeidsområdet til flyplassgruppa til å bli samferdslegruppe – Bestilla ei analyse av mogelegheitene for veg Trondheim – Bergen gjennom Sogn 	<p>Entreprenørskap</p> <ul style="list-style-type: none"> – Oppretta møteplassar for næringslivet (verksemdene) ved å bli samarbeidspart i den årlege næringslivskonferansen i fylket – Bistå dei årlege entreprenørskapsmessene i kommunane i regionen gjennom prosjektet Sats på skulen – snu Sogn 	<p>Rekruttering</p> <ul style="list-style-type: none"> – Gje tilskot til rekrutteringssamlingar i Oslo, Trondheim og Bergen – Felles marknadsføring av Sogn 	<p>Fleire verksemdar</p> <ul style="list-style-type: none"> – Gje omstillingsmidlar til forskingsstasjonen på Njøs – Gje tilskot til felles marknadsføring i reiselivet – Inngå samarbeid med fylkeskommunen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og statsinstitusjonane i regionen for å få lokalisert fleire statlege arbeidsplassar til Sogn – Gje innspel til fylkeskommunen sin årlege rullering av reiselivsprogrammet 2009-2012 – Oppretthalde reiselivsgruppa – Søkja om å utvida dei nasjonale turistvegane Gaularfjellet og Aurlandsfjellet til å omfatta ferjestrekningane Balestrand – Hella - Fjærland og Lærdal - Kaupanger-Gudvangen. – Gjennomføra forprosjektet Leidang Kystled Sognefjord og vurderer evt. hovudprosjekt 	<p>Breiband</p> <p>Sogn regionråd bidreg til å samordna utbygginga av breibandløftet 4 i regionen</p>
--------	--	---	--	---	--

Sogndal si rolle som regionsenter


Tiltak	Konferanse som samlar alle formannskapa evt. kommunestyra ein gong i valperioden med tema regionsenter og omland /sentrum og periferi. - Korleis samordna behovet for utvikling i periferien og samstundes styrka regionsenteret?
--------	---

Utdanning, skule og kompetanse

Tiltak	<p>Grunnskule Gjennomføra tiltaka i prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn", jf utviklingsprogrammet 2006-2012 og vedtekne handlingsplanar</p>	<p>Vidaregåande skule og Høgskule Utvikla eit forum med representantar frå vidaregåande skule og Høgskulen, kommunar og næringsliv</p>	<p>Identitet – Ungdommane vert regionale guidar/ambassadørar - Regionen som tema/oppgåve i skulen – Gje tilskot til det regionale ungdomsnettverket for gjennomføring av aktivitetar retta mot ungdom, jf aktivitetsplanen</p>
--------	--	---	---

Regionalplan for Sogn regionråd

Del 2: Tiltaksplan for 2009



12. juni 2009

Felles bu- og arbeidsmarknad

Tiltak	Ansvar	Tid	Kostnad
Kommunikasjon Vegutbetring på strekningane Vik- Vangsnes, Dragsvik – Balestrand og Hella-Leikanger	Samferdslegruppa	2009	
Kollektivtilbod – Pendlarbuss Årdal – Leikanger med kopling frå Luster og Lærdal – Halvtimes avgangar på dagtid på strekningane Dragsvik – Hella – Vangsnes – Natteferjer på strekningane Dragsvik – Hella - Vangsnes	Samferdslegruppa	2009	

Helse

Tiltak vil bli vurdert etter at stortingsmeldinga om samhandlingsreforma er handsama, jf regionalplan for Sogn regionråd 2009-2012 del 1 strategiplan pkt 3.2.

Næringsutvikling – utvikla næringar vi er sterke på

Tiltak	Ansvar	Tid	Kostnad
Infrastruktur			
– Utvida arbeidsområdet til flyplassgruppa til å bli samferdselsgruppe	Sogn regionråd	2009	
– Bestilla ei analyse av moglegheitene for veg Trondheim – Bergen gjennom Sogn	Sogn regionråd	2009	
Entreprenørskap	RUP-gruppa/Dagleg leiar	2009	
– Oppretta møteplassar for næringslivet (verksemdene) ved å bli samarbeidspart i den årlege næringslivskonferansen i fylket			
– Bistå dei årlege entreprenørskapsmessene i kommunane i regionen gjennom prosjektet Sats på skulen – snu Sogn og støtta entreprenørskapsarbeidet på skulane (kurs for lærarar og entreprenørskapstiltak på skulane)	Prosjektleiar Sats på skulen – snu Sogn	2009	Kr 380 000
Rekruttering			
– Gje tilskot til rekrutteringssamlingar i Oslo, Trondheim og Bergen	Sogn regionråd	2009	Kr 50 000
Fleire verksemdar			
– Gje omstillingsmidlar til forskingsstasjonen på Njøs	Sogn regionråd	2009	Kr 200 000
– Gje tilskot til felles marknadsføring i reiselivet	Sogn regionråd	2009	Kr 240 000
– Gje innspel til fylkeskommunen sin årlege rullering av reiselivsprogrammet 2009-2012	Sogn regionråd – tilråding frå reiselivsgruppa	2009	
– Oppretthalde reiselivsgruppa	Sogn regionråd	2009	
– Søkja om å utvida dei nasjonale turistvegane Gaularfjellet og Aurlandsfjellet til å omfatta ferjestrekningane Balestrand – Hella - Fjærland og Lærdal - Kaupanger- Gudvangen	Sogn regionråd	2009	
– Gjennomføra forprosjektet Leidang Kystled Sognefjord og vurdere evt.hovudprosjekt	Sogn regionråd	2009	Kr 230 000
Breiband			
– Sogn regionråd bidreg til å samordna utbygginga av breibandløftet 4 i regionen	Rådmannsgruppa og dagleg leiar	2009-2010	

Sogndal si rolle som regionsenter

Tiltak	Ansvar	Tid	Kostnad
Regionsenterkonferanse for politikarar, næringslivet, forskingsinstitusjonar, høgskulen mva.	Samarbeid mellom Sogndal kommune og Sogn regionråd	2009	

Utdanning, skule og kompetanse

Tiltak	Ansvar	Tid	Kostnad
Grunnskule – Gjennomføra tiltaka i prosjektet "Sats på skulen -- snu Sogn", jf utviklingsprogrammet 2006-2012 og vedtekte handlingsplanar	Sogn regionråd	2009	Kr 575 000 (for 2009)
– Gje tilskot til det regionale ungdomsnettverket for gjennomføring av aktivitetar retta mot ungdom, jf aktivitetsplanen 2009-2010	Sogn regionråd	2009	Avsette fondsmidlar

Prosjektbeskrivelse Global Future

1. Bakgrunn

Global Future skal bidra til fremtidsrettet verdiskaping i Sogn og Fjordane gjennom økt sysselsetting av innvandrere. Bedre integrasjon er nødvendig for å skape et inkluderende arbeidsliv (IA) og for å bidra til positiv samfunnsutvikling på et overordnet nivå.

Globaliseringen har gjort verden mindre og bringer med seg nye muligheter og utfordringer. Globalisering betyr at næringslivet kan samarbeide på tvers av landegrensene. Næringslivet i Sogn og Fjordane har fått et internasjonalt tilsnitt. Norge, og Sogn og Fjordane, har blitt et flerkulturelt samfunn med et internasjonalt arbeidsliv. Arbeidsmigrasjonen til Norge og Sogn og Fjordane har økt de siste årene, styrket konkurranseevnen og bidratt til å dempe presstendensene i økonomien de siste årene.¹

God integrering er viktig for å bekjempe dårlige arbeids- og lønnsvilkår, sosial dumping og svart arbeid. Forskning viser at arbeidsledigheten blant innvandrere er høyere enn resten av befolkningen. I Sogn og Fjordane bor det 106 457 personer. Siste undersøkelse viste at 5482 av befolkningen er innvandrere, og at sysselsettingsprosenten i denne gruppen er 69,6 % i forhold til 75,3 % i resten av befolkningen.² Personer med flerkulturell bakgrunn har større vanskeligheter enn resten av befolkningen med å få innpass i arbeidslivet og å få relevante stillinger i forhold til utdanning. For å unngå levekårsforskjeller i befolkningen langs etniske skillelinjer må integreringen styrkes. Utfordringen gjelder arbeidsinnvandrere, og integrering av innvandrere som kommer til Norge av andre årsaker.³

Innvandrere er underrepresentert i fora hvor beslutninger fattes i den politiske sfæren og i arbeids- og næringslivet, særlig i lederstillinger og styreverv. Enkelte forskere peker på direkte diskriminering ved ansettelser. Undersøkelser viser også at innvandrere trenger hjelp til å knekke den "norske koden" – det eksisterer utfordringer knyttet til forståelse av og tilpasning til den norske kulturen.

¹ Stortingsmelding nr.18. (2007-2008): Arbeidsinnvandring, SSB 1.januar 2009: "Innvandrere etter innvandringsbakgrunn"

² SSB 2009: "Folkemengde absolutte tall", SSB 2007 4. kvartal: "Sysselsatte førstegenerasjonsinnvandrere 15-74 år etter region.

³ Stortingsmelding nr.18. (2007-2008): Arbeidsinnvandring.

NHO stadfester gjennom å være part i Avtalen om et Inkluderende Arbeidsliv (IA) at et mangfoldig og inkluderende arbeidsliv er en prioritert oppgave. Alle, uavhengig av bakgrunn, skal få bruke kompetansen sin i arbeidslivet. Skal vi nå målsetningen med IA-avtalen må integreringen av innvandrere i arbeidslivet bli bedre. Økt sysselsetting, og færre som faller utenfor arbeidslivet, er en viktig forutsetning for en positiv samfunnsutvikling. Den demografiske utviklingen i Norge tilsier at vi trenger flere hoder og hender i arbeid.

Å skape bedre integrering av innvandrere og økt sysselsettingen i denne gruppen er langsiktig verdiskaping.

1.2 Prosjektmål

Ressurser skal brukes!

Global Future skal skape felles møteplasser for innvandrere og arbeidsgivere i Sogn og Fjordane og Vestlandsregionen. Formålet er å øke sysselsettingen blant flerkulturelle personer med høyere utdanning, ved å kople dem til relevante stillinger i arbeids- og næringslivet. Sogn og Fjordane skal markere seg som en attraktivt bo- og arbeidsregion hvor hvert enkelt individ gis muligheten til å bruke sin kompetanse og å skape seg et godt liv.

Gjennom prosjektet skal deltakerne få økt kompetanse om norsk arbeids- og næringsliv og en større kontaktflate inn mot arbeids- og næringslivet. Gjennom prosjektet vil arbeidsgivere og potensielle arbeidstakere utvikle et nettverk og skape personlige relasjoner, en viktig faktor i prosessen med å skaffe seg ønsket arbeid. Arbeidsgivere i privat og offentlig sektor vil få bedre kompetanse om betydningen av et mangfoldig og Inkluderende Arbeidsliv. Som ressurseier og/eller mentorer vil virksomhetene og menneskene som jobber der få økt kompetanse om konkurransefortrinnene flerkulturelle medarbeidere tilfører virksomheten. Flerkulturelle personer representerer nødvendig kompetanse for næringslivet i konkurransepreget og globalt næringsliv.

Global Future skal synliggjøre rollemodeller til inspirasjon for flerkulturelle arbeidstakere og arbeidsgivere i Sogn og Fjordane. Samtidig viser prosjektet i praksis IA-avtalens intensjon om et Inkluderende Arbeidsliv.

1.3 Rammer

Prosjektet skal gå over 1.5 år og vil være oppdelt i 3 semester. Programmet har kapasitet til en deltakermasse på mellom 15 og 20 personer med flerkulturell bakgrunn. Prosjektets tidsplan viser oppstart av Global i 2010. Markedsføring og rekruttering av deltakere vil foregå i løpet av høst 2009 og vår 2010. For å sikre prosjektets legitimitet og kvalitet kreves det bredt rotfeste i arbeids- og næringslivet i Sogn og Fjordane. Kostnadene ved prosjektet er foreløpig stipulert til kr: 874 000.- per semester (avrundet kronebeløp), totalt kroner 2 615 000.

2. Omfang og avgrensning.

Prosjektet skal formidle kontakt mellom innvandrere med høyere utdanning og arbeidsgivere. Global Future setter som krav at deltakerne som blir tatt opp på programmet må ha tilfredsstillende kunnskaper i arbeidsnorsk. Personer som er i

jobb og som ønsker seg mer relevant arbeid er velkommen til å søke, likesom arbeidssøkende personer. Prosjektet betaler reise for deltakerne dersom det er nødvendig, i tillegg til faglig innhold og opphold. Deltakere må inngå en intensjonsavtale om å takke ja til relevante jobbtilbud i Sogn og Fjordane dersom de i utgangspunktet er jobbsøkende.

Målgruppen for Global Future er innvandrere som:

- har høyere utdanning eller annen relevant spisskompetanse
- er arbeidssøkende/arbeidsledige
- ønsker seg mer relevant arbeid
- som har relevant arbeid i forhold til utdanning
- selvstendig næringsdrivende

Målbare resultater underveis og i kjølvannet av Global Future er:

- deltakere som skaffer seg relevant arbeid
- deltakere som avanserer i nåværende virksomhet
- deltakere som skaffer seg styreverv
- deltakere som skaffer seg lederstillinger
- mediedekning – løfte frem tema og skape debatt på regionalt nivå

Ved opptak på programmet vil følgende faktorer vektlegges:

- Mangfold blant deltakerne
- Balanse mellom kvinnelige og mannlige deltakere
- Geografisk spredning med hensyn til opprinnelsesland

Global Future har ikke som målsetting å tilby norskopplæring, avhjelpe personer med godkjenning av utdanning i Norge, eller å opptre som klageinstans for slike henvendelser.

3. Organisering

3.1 Prosjektledelse og øvrige roller

NHO SFJ er initiativtaker og eier av prosjektet Global Future. Prosjektansvarlig (PA) er Karin Halle, regiondirektør NHO SFJ. Prosjektleder (PL) er Hege Johnson i NHO SFJ.

Prosjektet skal ha en styringsgruppe som ledes av PA og som er sammensatt av ressurseiere og medfinansierer. Styringsgruppen bør bestå av 3 personer i tillegg til PA. Hovedoppgaver for styringsgruppen vil være godkjenning av prosjektbeskrivelse, mål, budsjett og statusrapportering for Global Future. Styringsgruppen konstitueres umiddelbart etter at prosjektet er fullfinansiert.

Partene i styringsgruppen vil etter nærmere avtale få ansvar for ulike tema innen programmet, være vertskap for samlingene og delaktig i å utvikle innholdet i enkelte moduler tilpasset partens kjernekompetanse.

I tillegg vil det bli opprettet en referansegruppe hvor alle parter i prosjektet får tilbud om å sitte. Referansegruppen vil bli innkalt til møte 2 ganger per år.

Mulige partnere og medlemmer i styringsgruppe og/eller referansegruppe:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Innovasjon Norge, NAV, Sparebanken Vest, Sparebanken Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane, bemannings og rekrutteringsbyrå, LO, Integrerings- og Mangfoldsdirektoratet (IMDI), Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS), Vestlandsrådet, Felles Innvandrerråd, Kontaktutvalget mellom Innvandrere og Styresmakter(KIS). Bedrifter vil også bli forespurt om de ønsker å delta i prosjektet som medfinansierer og/eller ressurseiere. Aktuelle bedrifter kan kjennetegnes av IA-satsing, flerkulturell bemanning eller et ønske om å satse på disse områdene.

4. Beslutningspunkter, oppfølging og milepæler

4.1 Beslutningspunkter og oppfølging

Global Future strekker seg over 3 semester. Forut for oppstart av programmet skal deltakere rekrutteres. Etter hvert semester skal samlingene som har vært arrangert evalueres av styringsgruppen. Nedfor følger tidsskjema for programmet. Det er ønskelig å komme i gang straks finansieringen av prosjektet er kommet i orden, gjerne tidligere enn hva planen viser.

Tentative beslutningspunktmøter:

Høst 2009/ Vår 2010

- **Ekstern markedsføring og rekruttering av deltakere**
- Evaluering av søknader

Høst 2010 – 1 semester

- **Oppstart av Global Future og gjennomføring av samlinger**
- Evaluering av samlingene på grunnlag av elektroniske spørreskjema deltakerne har svart på etter hver samling. Fagansvarliges innsats vurdert mot prosjektets bestilling.
- Mentorrekruttering

Vår 2011 – 2 semester

- **Gjennomføring av samlinger**
- **Evaluering av samlingene** på grunnlag av elektroniske spørreskjema deltakerne har svart på etter hver samling. Fagansvarliges innsats vurdert mot prosjektets bestilling.

Høst 2011- 3 semester

- **Gjennomføring av samlinger**
- Evaluering av samlingene på grunnlag av elektroniske spørreskjema deltakerne har svart på etter hver samling. Fagansvarliges innsats vurdert mot prosjektets bestilling.
- **Evaluering av prosjektet som helhet – er ønskede resultater møtt? Videreføring av prosjektet – hvordan opprettholde nettverket mellom deltakerne i prosjektet og deres relasjon til arbeids- og næringslivet i Sogn og Fjordane?**

4.2 Milepæler

1. Sammensetting av styringsgruppe og mandat; fordeling av internt og eksternt faglig ansvar og verstkapsoppgaver
2. Rekruttering av mentorer
3. Iverksetting av samlinger
4. Presentasjon og evaluering av prosjektets resultater. Vurdere eventuelle videre tiltak.

5 Kritiske suksessfaktorer og kvalitetssikring

5.1. Kritiske suksessfaktorer

Partene i styringsgruppen skal ha påvirkningsrett i forhold til programmets innhold og være vertskap for samlinger. God kommunikasjon mellom samarbeidspartene, eierskapsfølelse til prosjektet og måling av deltakernes mening om samlingene er nødvendig for å sikre god kvalitet på samlingene.

6. Gjennomføring

6.1 Hovedaktiviteter

Prosjektet Global Future strekker seg over 3 semestre med ca 3 samlinger per semester hvor de fleste samlingene går over 2 dager. Tentativt programinnhold legger opp til 10 samlinger. Samlingene vil bli lagt til ulike steder i Sogn og Fjordane for å vise hva fylket har å by på. Tentativt innhold i prosjektet: se tabell 2.

7. Økonomi

Tabell 1 a Budsjettplan

Budsjettplan	
Oppholdsutgifter og transport, 10 samlinger à 2 dager	480 000
Ekstern fagleveranse og læremateriell, 8 samlinger à 2 dager	800 000
Prosjektledelse, faglig leveranse 50% 18 mnd	600 000
Markedsføring, annonser, brosjyrer, kursbevis, mediehjelp	250 000
Vurdering av søknader, intervju av kandidater	75 000
Mentorrekruttering og infomøte	80 000
Styrings- og referansegruppe	50 000
Styrekompetanse 20 deltakere 10000.- x 20 pers	200 000
Prosjektleder, reiser v innsalg og 10 samlinger à 2 dager	60 000
Ekstra buffer	20 000
Totalt	2 615 000

Budsjettforutsetning: Budsjettetsposter er ført opp ekskludert mva.

Tabell 1 b. Finansieringsplan

Periodisert Finansieringsplan					
Bidragstyper	1 semester	2 semester	3 semester	Totalt	Innvilget
Sparebanken Vest/Sparebanken SFJ	117000	117000	117000	350 000	
NHO Sogn og Fjordane	67000	67000	67000	200000	200000
NAV Sogn og Fjordane	134000	134000	134000	400000	
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane	167000	167000	167000	500000	
LO Sogn og Fjordane	47000	47000	47000	140000	
Innovasjon Norge	150000	150000	150000	450 000	
REKOMP	133000	133000	133000	400000	400000
Kommunenes Sentralforbund SFJ	34000	34000	34000	100000	
Rekrutterings- og bemanningsbyrå	25000	25000	25000	75000	
Totalt	874000	874000	874000	2 615 000	600 000

* I periodiseringene er tallene rundet av til nærmeste 1000.-

Tabell 2: Tentativt innhold

Samling/tid/sted	Modul	Innhold	Varighet	Faglig ansvarlig
Forprosjekt		Innsalg, rekruttering bedrifter, deltakere, mentorer, søknader, intervjuer, seleksjon. Medieplan, bruke deltakere som case - skape medieføljetong via personifisering		NHO i samarbeid med rekrutteringsbyrå, samarbeidspartner
Nr 1	Kick-off	Bli kjent, info om program, info om tester, medieslipp, presentasjon av fellesskapet bak prosjektet, bedriftsbesøk (være hos en bedrift)		NHO med samarbeidspartnere
Nr 2	Lederutvikling 1: Ledelse og kultur	Ledelse og kultur, makt og autoritet, innsikt og ressurser, suksesshistorier, etablering av basisgrupper	2 dager, 1 overnatting	AFF
Mentormøte. Bedrift NN	Mentormøte	Mentor "oppfølging", tips og råd	1/2- 1 dag	Rekrutteringsselskap, evt AFF, NHO
Nr 3	HMS-kurs og forvaltningskunnskap	Dagskurs, (kan gi sertifisering), Møte med mentorene. Bedriftsbesøk.	1 dag, evt 2 dager, hvorav dag 2 innebærer bedriftsbesøk	NHO Advokatservice evt jurist/advokat hos Fylkeskommunen Fylkesmannen
Nr 4	Lederutvikling 2: Person og handling + mentoroppstart	Person og handling, barrierer og fordommer, promote ring, nettverksbygging, karrierutvikling/handlingsplan	2 dager 1 overnatting (lederutvikling) 1 dag med mentorer = 3 dager, 2 overnattinger	AFF (+ evt rekrutteringsbyrå)
Arbeid i basisgrupper	forberedelse til neste lederutviklingsamling	forberedelse til neste lederutviklingsamling - kan gjennomføres en kveldsstund på en mellomliggende samling		
Arbeid i basisgrupper	forberedelse til neste lederutviklingsamling	forberedelse til neste lederutviklingsamling - kan gjennomføres en kveldsstund på en mellomliggende samling		

Tabell 2: Tentativt innhold

Nr 5	Styrekompetanse 1	kunnskap om problemstillinger og teorier som har betydning for praktisk utøvelse av styreverv i privat og offentlig sektor.	3 dager, 2 overnattinger	Handelshøgskolen BI
Nr 6	Etablererkunnskap	Etablererkompetanse m.m (info om ulike støtteordninger) Kunnskap om problemstillinger og teorier som har betydning for praktisk utøvelse av styreverv i privat og offentlig sektor.	1 eller 2 dager, evt bedriftsbesøk?	Innovasjon Norge
Nr 7	Styrekompetanse 1		2 dager, 1 overnatting	
Nr 8	Kurs i retorikk	Innlæring av 10 retoriske verktøy gjennom teori, eksempler, gruppearbeid og praktiske øvelser - inkl presentasjonsteknikk med tilbakemelding Status og evaluering, suksesser og barrierer, erfaringsutveksling, rollemodeller og bedrifter, bearbeidet karriereplan, videre nettverk. Bedriftsbesøk	2 dager 1 overnatting	Retorisk Institutt ved Per Leidenfeldt
Nr 9	Lederutvikling 3: Veien videre		1 dag, evt lunsj til lunsj	AFF
Nr 10	Avslutnings-samling	Bedriftsbesøk Pressekonferanse - lokale suksesshistorier	1 dag uten overnatting/ evt lunsj til lunsj	NHO med samarbeidspartnere